

MERKNADSVURDERING

1160-15-09 – Endring for del av Nerheim næringsområde,
Ølen

Oppsummering av utsegner ved høyring 19.12.2025-06.02.2026

26.03.2026

INNHALDSLISTE

1	VED HØYRING:	6
1.1	<i>Offentlege instansar:</i>	6
1.1.1	Rogaland fylkeskommune – Plan og arealforvaltning, datert 05.02.2026	6
1.1.2	Statsforvaltaren i Rogaland, datert 06.02.2026	9
1.1.3	Tilbakemelding på motsegn, Statsforvaltaren i Rogaland, datert 13.03.2026	20
1.1.4	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 20.01.2026	21
1.1.5	Mattilsynet, datert 13.02.2026	22
1.1.6	HIM, datert 05.02.2026	24
1.1.7	Statnett, datert 02.02.2026	25
1.1.8	Statens vegvesen, datert 06.02.2026	30
1.1.9	Senter for Miljørettet helsevern, datert 22.01.2026	33
1.1.10	Ølen Grendautval, mottatt 06.02.2026	39
1.2	<i>Private merknadar og organisasjonar:</i>	53
1.2.1	Oppropet, <i>Nei til Biogassanlegg i Ølen</i> , v/Tore Tverå pva. 214 personar, mottatt 05.02.2026	53
1.2.2	Likelydande merknadar frå 104 innsendarar	55
1.2.2.1	Agnethe Brown Erland, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.2	Albert Mosdal, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.3	Alf Sigve Olsen og Anna Brekke, mottatt 28.01.26	55
1.2.2.4	Ann Kristin Skålnes, mottatt 28.01.26	55
1.2.2.5	Anne Gunn Øglænd, mottatt 06.02.26	55
1.2.2.6	Anne Iren Mosdal, mottatt 26.01.26	55
1.2.2.7	Any Tordis Heggebø og Per Gunnar Heggebø, mottatt 25.01.26	55
1.2.2.8	Arnfinn H Øverland, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.9	Arvid Hølland, mottatt 01.02.26	55
1.2.2.10	Astri og Tore Tverå, mottatt 25.01.26	55
1.2.2.11	Astri Tjelmeland Tverå, mottatt 06.02.26	55
1.2.2.12	Aud Helene Amdal Haugland, mottatt 03.02.26	55
1.2.2.13	Bente Kleppe, mottatt 03.02.26	55
1.2.2.14	Berit Haugland, mottatt 04.02.26	55
1.2.2.15	Berit Haugland og Bjørn-Einar Haugland, mottatt 29.01.26	55
1.2.2.16	Bodil Hvidsten, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.17	Brit Turid Klungland, mottatt 04.02.26	55
1.2.2.18	Dagny Christophersen, mottatt 28.01.26	55
1.2.2.19	David Nidoy Brekke, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.20	Debra Hustveit, mottatt 06.02.26	55
1.2.2.21	Eldbjørg Rullestad, mottatt 04.02.26	55
1.2.2.22	Else S Halleland, mottatt 28.01.26	55
1.2.2.23	Frank Heggebø, mottatt 04.02.26	55
1.2.2.24	Frans Bendik Fransson, mottatt 31.01.26	55
1.2.2.25	Geir Lunde, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.26	Gerd Irene K. Clausen, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.27	Gerd Rødne, mottatt 04.02.26	55
1.2.2.28	Gro Inger Hvidsten, mottatt 04.02.26	55
1.2.2.29	Gry Eren og Per Sven Rørtveit, mottatt 03.02.26	55
1.2.2.30	Gunn Jorunn Heggebø, mottatt 03.02.26	55
1.2.2.31	Gunn Raket Tjelle Jarmer, mottatt 02.02.26	55
1.2.2.32	Gyri Windsand, mottatt 02.02.26	55
1.2.2.33	Handelshuset Ølen AS, mottatt 04.02.26	55
1.2.2.34	Hanne Gangdal, mottatt 03.02.26	55

1.2.2.35	Hedda Gangdal, mottatt 03.02.26	55
1.2.2.36	Henri van Beersum, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.37	Hildegunn Toadalen, mottatt 30.01.26	55
1.2.2.38	Håvard Risøy Vestbø, mottatt 06.02.26	55
1.2.2.39	Ingvild Klungland, mottatt 04.02.26	55
1.2.2.40	Johannes Hustveit, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.41	Jørn Tverå, mottatt 05.02.26	55
1.2.2.42	Karin Fransson Heggebø, mottatt 25.01.26	56
1.2.2.43	Kathrine Saltvig, mottatt 03.02.26	56
1.2.2.44	Kenneth Johansen, mottatt 06.02.26	56
1.2.2.45	Kjell Søndena, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.46	Kjersti Nerheim, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.47	Kristine Grønnestad, mottatt 06.02.26	56
1.2.2.48	Lars Gunnar Berge og Monica Berge, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.49	Lars Magnar Heggebø, Linda Sjo, Celina Sjo Heggebø, Niklas Sjo Heggebø, Margunn Heggebø og Magnar Heggebø, mottatt 25.01.26	56
1.2.2.50	Leif Inge Siglen, mottatt 06.02.26	56
1.2.2.51	Leif Martin Kvamen, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.52	Leif Kvamen og Else Marie Kvamen, mottatt 04.02.26	56
1.2.2.53	Lillian Bjørke Sørensen, mottatt 26.01.26	56
1.2.2.54	Linda Askeland, mottatt 25.01.26	56
1.2.2.55	Linda Iren Gundersen, mottatt 25.01.26	56
1.2.2.56	Liv Stople, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.57	Liva Heggebø, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.58	Magnar Nøklund, mottatt 27.01.26	56
1.2.2.59	Malena Gravelseter, mottatt 01.02.26	56
1.2.2.60	Margaret Christophersen, mottatt 28.01.26	56
1.2.2.61	Mari Vestbø Østestad, mottatt 27.01.26	56
1.2.2.62	Marie Hundhammer Siglen, mottatt 06.02.26	56
1.2.2.63	Martha Serine Ferkingstad, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.64	Martine Heggebø, mottatt 06.02.26	56
1.2.2.65	May Britt Stople, mottatt 25.01.26	56
1.2.2.66	May Tove Heggebø, mottatt 02.02.26	56
1.2.2.67	Mona Opheim, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.68	Monica Heggebø, mottatt 27.01.26	56
1.2.2.69	Morten Åsheim, mottatt 04.02.26	56
1.2.2.70	Målfrid Arnestad, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.71	Nerheim Invest AS v/Magnar Nøklund, mottatt 27.01.26	56
1.2.2.72	Nils Brekke, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.73	Nils Kvamen, mottatt 04.02.26	56
1.2.2.74	Nina H Arnestad, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.75	Olaf A Hamre, Svein Ove Hamre og Gunnlaug Hamre, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.76	Ole Hvidsten, mottatt 04.02.26	56
1.2.2.77	Ove Ivesdal, mottatt 02.02.26	56
1.2.2.78	Pablo Tveit, mottatt 27.01.26	56
1.2.2.79	Peder Mosdal, mottatt 10.02.26	56
1.2.2.80	Reidun Wåge, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.81	Rolf Granli Gangdal, mottatt 28.01.26	56
1.2.2.82	Runar Mosdal Havsgård, mottatt 05.02.26	56
1.2.2.83	Rune Halbrend, mottatt 04.02.26	56
1.2.2.84	Rune Heddeland, mottatt 06.02.26	56
1.2.2.85	Sigrid Hundseid, mottatt 06.02.26	56
1.2.2.86	Silje Ebne og Henrik Vestbø Tokheim, mottatt 06.02.26	56

1.2.2.87	Sissel M Åsheim, mottatt 26.01.26.....	57
1.2.2.88	Sofie Asheim, mottatt 30.01.26.....	57
1.2.2.89	Solveig I Solheim, mottatt 28.01.26	57
1.2.2.90	Sondre Nordtveit, mottatt 25.01.26.....	57
1.2.2.91	Sunniva Steinsland, mottatt 05.02.26	57
1.2.2.92	Svein Brekke, mottatt 28.01.26.....	57
1.2.2.93	Sveinung Arnestad, mottatt 05.02.26	57
1.2.2.94	Sverre Østebø, mottatt 05.02.26.....	57
1.2.2.95	Thea Helgesen, mottatt 26.01.26.....	57
1.2.2.96	Tor Martin Heggebø, mottatt 06.02.26	57
1.2.2.97	Torbjørn Rullestad, mottatt 06.02.26.....	57
1.2.2.98	Torbjørn Søndena, mottatt 03.02.26.....	57
1.2.2.99	Venche Staknes, mottatt 25.01.26	57
1.2.2.100	Vibeke Frøsaker Lunde, mottatt 05.02.26	57
1.2.2.101	Vibeke Skjold Heggebø, mottatt 05.02.26.....	57
1.2.2.102	Wenche Helen Søndena, mottatt 25.01.26	57
1.2.2.103	Øyvind Heggebø, mottatt 02.02.26.....	57
1.2.2.104	Åshild Blikra, mottatt 06.02.26.....	57
1.2.3	Likelydande merknadar frå 4 innsendarar	63
1.2.3.1	Kjell Søndena, mottatt 05.02.26.....	63
1.2.3.2	Mona Opheim, mottatt 05.02.26	63
1.2.3.3	Torbjørn Søndena, mottatt 05.02.26.....	63
1.2.3.4	Wenche Helen Søndena, mottatt 05.02.26	63
1.2.4	Likelydande merknadar frå 2 innsendarar	66
1.2.4.1	Aud-Oddny Tvinnereim, mottatt 26.01.26	66
1.2.4.2	Einar Fjeldheim, mottatt 26.01.26.....	66
1.2.5	Likelydande merknadar frå 2 innsendarar	69
1.2.5.1	Brede Mannes, mottatt 05.02.26	69
1.2.5.2	John Harald Mannes, mottatt 05.02.26.....	69
1.2.6	Likelydande merknadar frå 2 innsendarar	71
1.2.6.1	Erlend Økland, mottatt 04.02.26.....	71
1.2.6.2	Vegard Økland, mottatt 05.02.26.....	71
1.2.7	Anne Grete Djuve, mottatt 23.01.2026.....	76
1.2.8	Anne Randi Garatun og Henrik Garatun, mottatt 05.02.2026	77
1.2.9	Audun Økland og Gitte Halvorsen, mottatt 06.02.2026.....	78
1.2.10	Audun Økland, mottatt 06.02.2026	90
1.2.11	Bente Stene, mottatt 01.02.2026.....	93
1.2.12	Berge Sag Gruppen AS, mottatt 30.01.2026	95
1.2.13	Biobonden AS, mottatt 06.02.2026.....	100
1.2.14	Bjørn Hovland, mottatt 01.02.2026 og 04.02.2026.....	101
1.2.15	Bjørn Inge Heggebø, mottatt 23.01.2026.....	102
1.2.16	Butikksjef for Hageland Ebnes Ølen, mottatt 06.02.2026	103
1.2.17	Christian Aaserud, mottatt 05.02.2026	105
1.2.18	Connie Kvamen, mottatt 26.01.2026	107
1.2.19	Ellen Sofie Udnessæter Innvær, mottatt 27.01.2026	111
1.2.20	Gustava Garatun, mottatt 05.02.2026	112
1.2.21	Helene Økland, mottatt 06.02.2026.....	115
1.2.22	Jan Ansgar Husebø, mottatt 05.02.2026	117
1.2.23	Joakim Knotten, mottatt 06.02.2026	119
1.2.24	Karin Aalmo og Otto Magne Aalmo, mottatt 04.02.2026	121
1.2.25	Karin Markhus og Tormod Markhus, mottatt 29.01.2026	124
1.2.26	Kåre Heggebø og Karin F Heggebø, mottatt 31.01.2026.....	125
1.2.27	Lars A. Økland, mottatt 04.02.2026	126

1.2.28	Margitt og Svein Bjarne Kile Slåke, mottatt 20.01.2026.....	127
1.2.29	Maria Kristin Garatun, mottatt 05.02.2026.....	133
1.2.30	Mona Opheim, mottatt 05.02.2026	134
1.2.31	Paul Økland, mottatt 12.01.2026	135
1.2.32	Stian Haugland, mottatt 03.02.2026	139
1.2.33	Svein Morten Stene, mottatt 03.02.2026.....	143
1.2.34	Tore Tverå, mottatt 05.02.2026	144
1.2.35	Torleif Heggebø, mottatt 06.02.2026.....	146
1.2.36	Øyvind Vik, mottatt 06.02.2026	147

1 VED HØYRING:

1.1 Offentlege instansar:

1.1.1 Rogaland fylkeskommune – Plan og arealforvaltning, datert 05.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Vindafjord kommune har sendt forslag til endring av detaljreguleringsplan for Nerheim næringsområde på høyring. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av biogassanlegg.

Planen har vakt stort engasjement lokalt, og kommunen har motteke eit stort tal på innspel, kor dei fleste handlar om moglege negative verknader knytt til lukt.

Føremål

Fylkesdirektøren vurderer i utgangspunktet lokasjonen som godt eigna for eit biogassanlegg. Området er sett av til industri, og det er få bustadar som nære naboar.

Det finst ikkje eit eige planføremål for biogassanlegg, men fylkesdirektøren er kjent med at departementet munnleg har antyda at energianlegg kanskje er eit meir korrekt føremål enn industri. Fylkesdirektøren oppmodar kommunen om å vurdere dette nærare før vedtak av planen.

Arealeffektivitet

*Føresegnene i planen opnar for svært låg arealeffektivitet, med eit minimum på 20 % BRA. Dette er grunngeve med dei behova som eit biogassanlegg kan ha, men nivået gjeld alle delfelt innanfor planen. Fylkesdirektøren gir eit **fagleg råd** om at ein aukar det generelle minimumskravet for BRA. (Dette vil innebære ei endring av heile reguleringsplanen, ikkje berre dette delfeltet.)*

Lukt

Det er lagt fleire notat knytt til lukt ved saka, mellom anna ei konsekvensutgreiing. Det blir konkludert med at eit biogassanlegg ikkje vil gi merkbare ulemper knytt til lukt for naboar. Dette baserer seg på ein konkret prosess. Fylkesdirektøren legg til grunn at dette samsvarar med den prosessen som anlegget faktisk vil følgje.

Luktutslepp skal regulerast etter løyver handsama etter forureiningslova.

Fylkesdirektøren legg til grunn at dette vil vere tilstrekkeleg for å unngå vesentleg negativ verknad.

Fylkesveg

I trafikkvurderinga datert 24.11.2025 er handbok N100 frå 2014 og 2019 lagt til grunn. Det vert gjort merksam på at vurderinga må baserast på siste gjeldande utgåve av handbok N100, som tredde i kraft 06.10.2023.

I trafikkvurderinga kapittel 2.1 skal det visast til N100 (2023) kapittel 2. Vidare skal siktkrav i forkørregulerte T-kryss utformast i samsvar med N100 (2023) kapittel 4.1. Plandokumenta må oppdaterast slik at dei viser til siste utgåve av handbok N100.

I ROS-analysen er det lagt til grunn at tryggleiken for mjuke trafikantar skal vera varetaken før etablering av det planlagde tiltaket. I trafikkvurderinga blir det tilrådd at trafikktryggingstiltak for gåande og syklende blir sikra gjennom planreglane, under dette krav om etablering av busslommer, skilting og fotgjengarovergangar, og dessutan vurdering av belysning. Av planbeskrivinga kjem det fram at trafikktryggleiken for mjuke trafikantar skal varetakast gjennom rekkjefølgjekrav i reguleringsføresegn § 6.3.

Me understrekar at rekkjefølgjekrava i reguleringsføresegn § 6.3 må vera gjennomførte før det kan givast bruksløyve til biogassanlegget, og at dette må komma tydeleg fram av føresegna.

Vidare må det presiserast i reguleringsføresegn § 6.3, siste avsnitt, at utbetring av kryssa mellom fylkesveg 514 og Njordvegen omfattar opparbeiding av fortau, busslommer med leskur og tilrettelagde kryssingspunkt i samsvar med detaljreguleringsplanen. Skilt- og belysningsplanar skal utarbeidast i samband med innsending av tekniske teikningar for anlegget.

Alle tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal ha teknisk utforming i samsvar med krava i gjeldande handbok N100 «Veg- og gateutforming». Tekniske teikningar for alle tiltak som berører fylkesvegnettet skal sendast til vegstyresmakta for gjennomsyn. Teikningsgrunnlaget skal vera i samsvar med handbok R700.

I samband med gjennomsyn av dei tekniske planane vil det bli avklart om det er behov for ein gjennomføringsavtale for tiltaka. Ein eventuell gjennomføringsavtale skal vera inngått med Rogaland fylkeskommune før byggjeart.

Forslagsstillars kommentar:

Formål:

Det er gjort ei vurdering av formålet i samråd med kommunen. Industriformål med opning for biogassanlegg i føresegnene er det som passer best i denne samanheng. Med dette formålet opnar man for andre verksemdar enn kunn eit biogassanlegg.

Arealeffektivitet:

Endring av minimumskravet er ikkje bedt om av Vindafjord kommune i oppstartsmøte. Derav er det ikkje blitt varsla. Dette er forhold som ligg utanfor varsla område.

Lukt:

Utgreiingane på lukt har lagt empiriske data til grunn.

Fylkesveg:

Føresegner er tilpassa uttale:

pkt. 3.3.1 frå tredje avsnitt:

Kryss FV 514 Sandeidvegen x Njordvegen skal utformast slik at «annan veggrunn» blir overkøyrbart areal som gir framkommelegheit for tunge køyretøy. Det skal utbetrast kryss mellom FV 514 og Njordvegen. Dette omfattar skilting, belysning, fortau, kryssingspunkt og busslommer med leskur i høve godkjente tekniske planar.

Alle tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal ha teknisk utforming i samsvar med krava i gjeldande handbok N100 «Veg- og gateutforming». Tekniske teikningar for alle tiltak som berører fylkesvegnettet skal sendast til vegstyresmakta for gjennomsyn. Teikningsgrunnlaget skal vera i samsvar med handbok R700.

I samband med gjennomsyn av dei tekniske planane skal det bli avklart om det er behov for ein gjennomføringsavtale for tiltaka. Ein eventuell gjennomføringsavtale skal vera inngått med Rogaland fylkeskommune før byggjeart.

Rekkjefølgjeføresegnene er tilpassa uttale:

pkt. 6.3 første og siste punkt:

Før bruksløyve til nye tiltak kan gis:

- skal tryggingstiltak knytt til FV514 og Njordvegen opparbeidast med fortau, kryssingspunkt, lyssetting og skilting i samsvar med reguleringsplan og teknisk plan godkjent av veigarane.

...

Før bruksløyve til nye arbeidsplassintensive verksemdar kan gis:

- skal kollektivanlegg inkl. leskur i høve godkjente tekniske planar vere opparbeidd og godkjend av Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune.

1.1.2 Statsforvaltaren i Rogaland, datert 06.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Vi viser til oversendt sak, mottatt 22.12.2025.

Med grunnlag i manglar i ROS-analysen, plankart og føresegnene, har Statsforvaltaren motsegn til planen, jf. plan og bygningslova § 4-3. Viktige risiko- og sårbarheitsforhold er ikkje tilstrekkeleg avklart. Dette gjeld spesielt for flaum-/erosjonsfare med klimapåslag, arealmessige avgrensingar for brann/utslepp/eksplosjonsfare, og risikoen som ligg i trafikkauke for både mjuke trafikantar og annan trafikk.

Bakgrunn for saka

Saka gjeld endring av detaljregulering på eigedom gbnr. 290/210 på Nerheim i Vindafjord kommune. Planområdet er på ca. 26,5 daa, og ligg ca. 1 km frå Ølen sentrum, ca. 3 km frå Ølensvåg og ca. 6 km frå Sandeid. Åtkomst til planområdet er direkte frå fv. 514 Sandeidvegen.

Føremålet er å etablere industri med biogassanlegg, som skal handtere 226 000 tonn biomasse årleg (husdyrgjødsel, fiskeensilasje, fiskeslam, kjøkken- og matavfall). Anlegget skal produsere bio-metan og bio-CO₂, medan bioresten (fast/flytande) er tenkt brukt som gjødsel i landbruk.

I gjeldande reguleringsplan er eigedomen regulert til næring (N2) og kombinert føremål næring og forretning (NF3). I kommunepleanen er området satt av til næringsføremål. Reguleringsplanen er utarbeida i tråd med kategori C i regionalplan for Haugalandet, der føremålet industri er omfatta. Med planendringa er det foreslått endring av føremål til industri.

Ved arbeidet med gjeldande reguleringsplan, vart det utarbeida ei konsekvensutgreiing for aktuelle tema som naturressursar, landskap, trafikk, transport, kultur- og miljøverdiar, forhold knytt til Eideelva og konsekvensar for næringsliv. I forbindelse med planendringa for biogassanlegg, er tiltaket vurdert opp mot forskrift om konsekvensutgreiing. Det vart konkludert at anlegget med tilhøyrande funksjoner ikkje er omfatta av forskrifta. Trass i dette er det utarbeida KU knytt til lukt, då store deler av merknader som er mottatt i saka gjeld dette temaet. I tillegg er ROS-analyse og andre særskilde fagrapportar og utgreiingsnotat oppdatert.

Statsforvaltaren sine merknader

Vi har vurdert planforslaget ut frå dei nasjonale og regionale ansvarsområda vi er satt til å ivareta etter plan- og bygningslova, og har følgjande merknader i saka:

Biogassanlegg bidrar til god ressursutnytting av restprodukt frå industri, hushaldningar og landbruk. Anlegg som handterer husdyrgjødsel, er også med på å følgje opp både nasjonale mål og landbruket sine eigne forpliktingar i arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp. Regjeringa sitt tidlegare mål har vore at 30 % av gjødsla skal nyttast til føremålet innan 2020. I klimaavtalen mellom Staten og jordbruksnæringa 2021-2030 er det eit mål om at meir av husdyrgjødsla skal gå til biogassproduksjon, og dette må reknast som ein vidareføring av tidlegare mål. Statsforvaltaren støtter med dette som utgangspunkt arbeidet for etablering av fleire biogassanlegg. Lokalisering av det enkelte

anlegg må vurderast ut frå påverknad på omgjevnadene, og verksemda krev eit eige løyve som regulerer til dømes støy og utslepp av lukt.

Val av arealføremål

I føresegna er det no lagt inn «biogassanlegg» for å tydeleggjere kva planen opne for. Dette er i tråd med våre tidlegare tilbakemeldingar til planen. Det bør i tillegg også vurderast om planen bør opne for avfallshandtering/renovasjonsanlegg, i og med at anlegget også har søkt om å ta i mot hushaldningsavfall.

Overvatn og vassdragsinteresser

Det er viktig at ikkje tiltaket i anleggs- eller driftsfase fører til utslepp til Eidselva, som i det aktuelle området har bra med gyteplasser¹.

Lukt

Etter § 3.1.1 følg det at luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forureiningslova (TA-3019). Det bør også vurderast om krav til lukt med grenseverdiar skal stillast i planføresegnene. Det kan også kome lukt frå andre anlegg i Ølen, for eksempel slakteriet som kan påverke luktbildet i området. Grenseverdiar og avbøtande tiltak som vist i KU for lukt bør innarbeidast i planføresenga, for å sikre juridisk forankring.

Samfunnstryggleik og ROS

Planlagt biogassanlegg skal ikkje lagre eller produsere så mykje gass at det blir omfatta av storulykkeforskrifta.

Det er laga ein ROS-analyse for planendringa som går gjennom relevante farar ved anleggs- og driftsfasen, og den inneheld mykje relevant informasjon og analyse. Mykje av risiko og sårbarheit for planområdet er vurdert. Det ligg ikkje føre informasjon om brannvesenet har vært involvert i prosessen med ROS-analysen, noko som må gjerast når det gjeld biogassanlegg.

Metodikken i ROS-analysen er samanblanda med KU, som gjer den uoversiktleg. Omgrepet «naturrisiko», blir tolka som «skade på flora og fauna» og «påverknad på kulturminne». Vi har **fagleg råd** om at ROS-analysen knytt seg til omgrep og definisjonar i tråd med DSB sin rettleiar.

I sjekklista til ROS-analysen er det kryssa «nei» på om området er utsett for flaum, trass i at deler av eignedomen ligg i aktsemdsområde for flaum. Det må gå fram i ROS-analysen dersom flaumsona blir endra i framtida pga. terrengendringar eller liknande. Då må det kryssast av for «ja», og gis aktuelle tiltak som må utførast for å redusere risikoen til eit akseptabelt nivå. Dersom det allereie er utført tiltak som har fjerna flaumsona, må dette avklarast i og gå fram i ROS-analysen.

Planskildringa viser til endring av bekk og at flaumfaren er fjerna, men vi ser ikkje dokumentasjonen på dette, og det er ikkje vist i ROS-analysen. I VA-planen står det lite om flaum, berre at «Flomvei går hovedsakelig mot sørvest mot eksisterende omlagte bekkeløp. Basert på registrert informasjon er bekken utredet for 200 års flom». Dersom det ligg føre ei fagkyndig utgreiing for flaum må denne ligge til grunn for planen, og den må vere oppdatert med klimapåslag slik at klimaendringane tas høgde for. Flaum og

erosjon på grunnen under biogassanlegg er ikkje akseptabelt, og krev god risikomargin. Verksemd med fare for akutt forureining og oppbevaring av farlege stoff har strenge krav til tryggleik etter TEK 17:

«Sikkerhetsklasse F3 gjelder tiltak der oversvømmelse har stor konsekvens. Dette omfatter byggverk for sårbare samfunnsfunksjoner og byggverk der oversvømmelse kan gi stor forurensning på omgivelsene.».

Overvatn er utgreidd i VA-planen, med tiltak i føresegnene. Vurderingar knytt til flaum er likevel mangelfulle. Det kan sjå ut til at alt vatn i og ved planområdet skal definerast som overvatn, noko vi stiller spørsmål ved.

I analysen av uønskt hending «Ulykke med utslipp og brann ved anlegget» er mange uønskete hendingar som gjeld verksemda slått saman i ei hending i analyseskjema. Det bør delast opp slik at dei ulike hendingane som kan inntreffe blir grundigare vurdert, og at dei ulike stoffa som skal handterast vert nemnt i analysen. Biogassanlegg kan oppbevare både ulike brann- og eksplosjonsfarlege, giftige/skadelege og trykksette stoff, som kvar har ulike konsekvensar. Det er ulike risiko forbundet med metan, co₂, diesel/drivstoff i forbindelse med aggregat osv. All risiko forbunde med anlegget må vurderast. Også utslepp/akutt forureining bør vurderast som ei eigen hending i ROS-analysen. Vidare bør det kome fram korleis beredskapen skal takast i vare, om det skal vere vakthald på anlegget, og korleis beredskapen skal handterast ved ei uønskt hending.

I analyseskjema er det gjort greie for eksisterande barrierar, men mange av desse er regelverk. Ei barriere er eksisterande tiltak, f.eks. flaum/skredvoll, sikkerheitssoner rundt farleg industri, eller varslingsystem som kan redusere sannsynet for og konsekvensen av ei uønskt hending. Eit krav frå DSB er ikkje ei barriere, viss ikkje krava blir følgt opp med konkrete barrierar. Nemnte sikkerheitssoner, såkalla E160 skilje og sikringsmur lengre nede, må takast inn i føresegnene.

I ROS-analysen står det at «Tilfredsstillende sikkerhetsavstander og soner skal fastsettes i tråd med aktuelt regelverk. Dette regelverket faller ikke inn under plan- og bygningsloven». Dette stemmer ikkje, plan og bygningsloven skal brukast også for å sette arealmessige avgrensingar pga. verksemdsrisiko, og det gjeld særleg dersom sikkerheitssonene går utanfor planområdet som blir regulert. Det er positivt at ROS-analysen skisserer eventuelle framtidige utfordringar for naboverksemdar, og det må synleggjerast dersom biogassanlegget vil kunne ha konsekvensar for tredjeperson/naboverksemdar. Det må også kome frem på plankartet, med omsynssoner, og sikrast med føresegner. Vi har **fagleg råd** om å vurdere fleire uønskete hendingar relatert til brann, utslepp og eksplosjon i analyseskjema. Dersom det er ein risiko for naboar/infrastruktur må sikkerheitssonene visast som omsynssoner i plankartet, og knytast til føresegner til planen. Det må også gjerast kjent for dei som kan bli påverka av risiko og ulempe.

Vidare står det berre ei setning om farleg gods; «Transport av farlig gods til anlegget er mindre nevneverdig». Vi ser ikkje kva denne vurderinga bygger på, og meiner tvert imot at frakt av både substrat og ulike gassar må vurderast nærmare. Ei auke i trafikken med 87 køyretøyturar pr. dag er mykje (uavhengig av type gods dei frakter), og kan også føre til

utfordringar når det gjeld trafikktryggleiken i og ved planområdet. Dersom det er ytterlegare tiltak som trengs for å sikre god nok trafikktryggleik her bør det komme som rekkjefølgjekrav til planen.

Det må kome fram i planen at brannvesenet har delteke i vurderingar av risiko og sårbarheit, og er dimensjonert for god nok beredskap (kapasitet og utstyr) til å handtere ei hending i biogassanlegget. Det må sikrast at det er meir enn ein tilkomst for sløkking og evakuering, jf. rettleiar frå DSB:

Temaveiledning om tilvirkning og behandling av farlig stoff: «Det skal legges til rette for tilgjengelighet i forbindelse med eventuell brannbekjempelse, fremtidig tilstandskontroll og vedlikehold. Med hensyn til brannbekjempelse skal et anlegg kunne dekkes fra to sider, med mindre det er forhold som tilsier at dette ikke er mulig». Disse forholda må avklarast med brannvesenet. Det må også avklarast om det er behov for samordning av beredskapsplanlegging med andre verksemder i næringsområdet.

Med grunnlag i desse manglane i ROS-analysen, plankart og føresegnene, har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. plan og bygningslova § 4-3. Viktige risiko- og sårbarheitsforhold er ikkje tilstrekkeleg avklart. Dette gjeld spesielt for flaum-/erosjonsfare med klimapåslag, arealmessige avgrensingar for brann/utslepp/eksplosjonsfare, og risikoen som ligg i trafikkauke for både mjuke trafikantar og annan trafikk.»

Forslagsstillars kommentar:

Anlegget skal ikkje gje nemneverdig påverknad på omgjevnadane. Planføresegner setter krav til støy og lukt høve til grenseverdier satt i eigne veileiderar. Under følgjer planføresegner på støy pkt. 2.5;

Miljødirektoratet si retningslinje i T-1442 skal leggest til grunn for rammeløyve for bygging i området. Grenseverdiane for støy, jf. tab. 3 i retningslinjene, skal leggest til grunn. Kommunen kan krevje dokumentasjon av støy frå verksemda og ved behov kan det bli kravd etablering av støydempende tiltak innanfor område regulert til industri, næring og kombinert formål.

Ved bustadar utanfor planområdet skal samla støybidrag frå planområdet ikkje overstige retningslinje T-1442, gul sone for industri med heilkontinuerleg drift.

Pkt. 3.1.1 avsnitt 7 og 8;

Støynivå frå IND skal tilfredsstillere grenseverdier for industri med heilkontinuerleg drift i retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, men med følgjande spesifisering for støy i ulike periodar av døgnet:

a. $L_{day} \leq 50$ dB

b. $L_{evening} \leq 45$ dB

c. $L_{night} \leq 40$ dB

Seinast ved søknad om igangsetjing må det dokumenterast at støy frå bedrifta tilfredsstiller grenseverdier.

Støynivå frå IND skal tilfredsstillere grenseverdier gitt i retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520.

Formål

Valt arealformål *industri* med opning for *biogassanlegg* er avklart med Vindafjord kommune i oppstartsmøte. Anlegget har i søknad om forureining søkt om å ta i mot hushaldningsavfall, i dette ligg kunn matavfall. Det er difor ikkje aktuelt å opna opp for handtering av anna hushaldningsavfall.

Overvatn og vassdragsinteresser

Føresegna varetek at forureining til vassdrag ikkje skal skje. Her er allereie føresegnar i gjeldande plan som tek omsyn til Eideelva. Jf. planføresegnene pkt. 2.2;

Overvatn frå planområdet har avrenning til Eideelva og bekkeløp i nordvest. Ved utbygging skal overvatn fordrøyast innanfor planområdet gjennom ein kombinasjon av infiltrasjon og fordrøying av tak- og overflatevatn.

Løysingar for handtering av overvatn skal inngå i teknisk plan, både for anleggsperioden og for ferdig opparbeida areal. Tilstrekkeleg store avskjerande grøfter, fordrøyingsareal, nødvendige sandfang og fangdammar skal etablerast for å unngå auka tilførsel av partiklar til vassdraga, for å hindre forureining i anleggs- og i driftsfase og ikkje auka flaumfare i vassdrag.

Utslepp til vassdrag skal ikkje påverke vasskvaliteten slik at tilstandsklassen for resipienten endrast negativt.

Tiltak for handtering av overvatn skal dimensjonerast og prosjekterast i høve til VA-norm for Vindafjord kommune og skal vere del av søknad om byggeløyve eller teknisk plan.

Dimensjonering av anlegg for overvatn må ta omsyn til areala oppstrøms og nedstrøms, både regulerte og uregulerte. Tiltaka skal godkjennast av Vindafjord kommune.

I tillegg er det spesifisert for biogassanlegget at det her skal leggjast inn barrierar/forseinkingar i tilfelle ein uønskt hending oppstår på anlegget. Det er krav om MOP (miljøoppfølgingsplan) no spesifisert for å også omhandle anleggsfasen, jf. pkt. 3.1.1 avsnitt 3. og 5;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.

...

*Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP), som eit sentralt styringsverktøy for miljøleiing av anlegget. Planen skal beskrive kordan miljømessige forhold skal overvakast, kontrollerast og rapporterast gjennom anleggets **anleggs-** og driftsfase. Planen skal vera eit «levande» dokument og skal brukast for å førebu, overvaka og handtera miljøpåverknadar på ein systematisk og dokumenterbar måte. (vår utheving)*

Lukt

I planføresegner er det allereie tatt inn at; *Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).*

Visar til KU-lukt der det er sagt;

De gjennomførte beregningene og risikovurderingene viser at biogassanlegget i Ølen ikke forventes å gi merkbare luktulempen for naboer. Selv i timene i året med de mest ugunstige værforholdene, er nivåene svært lave og normalt ikke merkbare.

Planføresegner pkt. 3.1.1, avsnitt 6;

Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

Visar og til fylkeskommunens uttale som seier;

Luktutslepp skal regulerast etter løyver handsama etter forureiningslova. Fylkesdirektøren legg til grunn at dette vil vere tilstrekkeleg for å unngå vesentleg negativ verknad.

I ROS-analysen er det sagt;

Miljøoppfølgingsplan og overvåkingsprogram for driftsfasen skal overvåke, kontrollere og dokumentere luftkvalitet.

Dette er et verkemiddel som skal nyttast for å ha kontroll og motverka uønskt hendingar.

Samfunnstryggleik og ROS

ROS-analyse:

Vedlagt følgjer oppdatert ROS som er detaljert i høve merknadar over. Om biogassanlegget blir eller ikkje blir definert som storulukkebedrift, vil det ikkje ha innverknad på krav til planmateriale så lenge anlegget ikkje gir arealmessege avgrensingar på naboeigedomar.

Forskjellen er oppfølginga frå DSB, om anlegget skulle definerast som ein storulukke bedrift blir oppfølging frå DSB mykje tettare og dokumentasjonskrava strengare.

Flaum:

Visar til uttale frå NVE der det blir sagt; *Naturfarer er vurdert i samband med ROS-analyse.*


Handtering av flaum er avklart i dagens gjeldande plan. Planområdet er opparbeidd høve til teknisk plan godkjend av Vindafjord kommune. Ferdig opparbeidd anlegg inkl. handtering av flaum, her under omlegging av bekk, er godkjend av Vindafjord kommune.

Visar og til dokumentasjon i planskildringa kap. 6.3 Flaumfare kor det er sagt;

Før opparbeiding av planområdet var det registrert aktsemdsområde for flaum langs eksisterende bekk i aust og sør. Denne er no lagt om i samband med grovplaneringa og opparbeiding av infrastruktur. Omlegginga forhold seg til berekning av 200-års flaum. Nedanfor følger berekningar som gjeld område for planendinga;

3.3.3. Beregning spissavrenning bekkeløp i sør	
<u>Inndata</u>	
Dimensjonerende nedbør:	200-års nedbør
Areal grøntområdet / fjell:	56 ha
Areal ferskvann:	0,11 ha
Avrenningskoeffisient grønne flater:	0,45
Lengde til beregningspunkt:	1830 m
Høyde felt:	430 m
Høyde beregningspunkt:	92 m
Klimafaktor:	1,2
<u>Resultat</u>	
Beregnet konsentrasjonstid, t_c :	64 min
Avlest regnintensitet:	85 l/s*ha
Spissavrenning:	<u>2570 l/s</u>
Beregning danner grunnlag for dimensjonering erosjonssikring bekkeløp innenfor planområdet.	

Figur 1: Beregning spissavrenning i bekkeløp i sør, kjelde: Asplan Viak



Figur 2: Utklipp av oversiktskart, kjelde: Asplan Viak

industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.

Sikkerheitsavstandar:


Man regulerer for bla. biogass, det vil sei at ein sikkerheitssone for dette er ein «biogasspesifikt» og gir ein unødig avgrensing i plankartet om tomta brukast til anna formål. Samstundes avhenger omfanget av sonar av løysningar og plasseringar som blir valt for biogassanlegget.

Norsk kontroll AS (NOKON) som er utpeikt teknisk kontrollorgan, har utarbeida *Teknisk notat - Generelle betraktningar om forskriftskrav til biogassanlegg*, dat. 20.02.2026. Av notatet kjem det fram at sikkerheitstiltak for biogassanlegg skal handterast etter DSB sin rettleiar, dette er lagt inn i planføresegner pkt. 3.1.1 siste avsnitt under formålet IND;

DSB sin temarettleiar Temaveiledning om tilvirkning og behandling av farlig stoff, kapittel 2 Biogassanlegg, skal leggjast til grunn for sikkerheitstiltak for biogassanlegg. For sikkerheitsavstandar er tabell pkt. 15.7 Sikkerhetsavstander i temarettleiar veileidande;

Anleggsdel	Avstand til nærliggende objekt	Anmerking
Fyringsanlegg/generatorrom	6-10 m	
Gassbeholder/gassklokke/gassflasker	15-30 m	Avhengig av volum og trykk. (15 m for 50 m ³ gassklokke)
Gassfakkel	6-20 m	Avhengig av fakkelenes høyde
Råtnetank	10-20 m	
Avlastningsflater	6-10 m	Avstand fra avlastningsflaten (utvendig)
Gassrørledning, nedgravd eller over grunn	2 m	Til hver side
Gassbrønner	3 m	
Drenskummer	3 m	

Det er gjort ei vurdering av sikkerheitsavstandar i forbindelse med planlagt anlegg. Veileidande sikkerheitsavstandar blir liggjande innanfor planområdet/eigedommen, og er påført *foreløpig situasjonsplan* av Arkipelet AS, dat. 20.02.2026.



DSB har ikkje kome med uttale i høyring, kunn ved oppstart av planarbeidet.

Her har man derfor vurdert at det er mest hensiktsmessig å leggje inn eit rekkjefølgjeføresegn som varetek at sikkerheitsavstandar er vurdert tilstrekkeleg før det blir gitt eit rammeløyve, jf. pkt. 6.1 siste punkt som seier;

Før rammeløyve kan gis:

- skal det ved bruk av område IND til biogassanlegg dokumenterast sikkerheitsavstandar til omkringliggjande naboar/infrastruktur.

Farleg gods/Trafikktryggleik:

Visar til planskildringa der det kjem fram at auke i ÅDT som følgje av etablering av eit biogassanlegg er svært liten i forhold til det veganlegga er dimensjonert for, sjå utklipp frå planskildringa under:

Visar til revidert trafikkvurdering av Norwaste, dat. 20.02.2026, med følgjande anbefalte tiltak;


1. *Sikkerheten for syklende og gående bedres ved å etablere skilting, fotgjengerovergang over både Fv514 og Njordvegen.*
2. *Anbefaler etablering av kollektivholdeplass ved krysset.*
3. *Vi anbefaler ikke at ny gang- og sykkelveg langs FV 514 tas inn i dette planforslaget.*
4. *Intern logistikk bør styrkes med oppstillingsplasser og gode manøvreringsarealer slik at kø ikke bygger seg opp ut mot fylkesvegen.*
5. *Trafikk med tunge kjøretøy kan med fordel fordeles utover vanlig arbeidstid til helgedager og kveld, for å sikre at trafikken flyter best mulig.*
6. *Det anbefales å etablere en egen oppstillingsplass for service kjøretøy ved pumpestasjonen til Ølen Vassverk, samt å innføre parkeringsrestriksjoner innenfor siktesonen i krysset.*
7. *Videre bør siktsoner legges inn som hensynssoner i reguleringsplanen for å sikre at de ikke bygges ned eller blokkeres.*

Våre kommentarar til punkta over:

1. Skilting, belysning fotgjengarovergang, fortau og anna regulerte trafikktryggleikstiltak er tatt inn som rekkjefølgjeføresegner før det gis bruksløyve.
2. I samråd med Vindafjord kommune er etablering av kollektivhaldeplass med leskur tatt inn som rekkjefølgjeføresegner når det skal etablerast arbeidsplassintensiv verksemd innanfor planområdet.
3. Dette er og vurdert i dagens gjeldande plan, og skuleveg går separert frå fv. 514. I tidlegare planarbeid lenger nord er det heller ikkje sett krav om gang-/sykkelveg langs fv. 514.
4. Visar til foreløpig situasjonsplan som visar gode oppstillingsplassar og manøvreringsareal internt i området. Det vil bli god spreining av trafikk til og frå område gjennom dagen.
5. Det vil naturleg bli ein jamn fordeling av tunge køyretøy utover dagen og veka, ettersom anlegget har avgrensa mottaks kapasitet.
6. Når anlegg for mjuke trafikantar blir etablert høve dagens gjeldande plan vil avgrensing mellom areala medføra tydeleg skilje. For å sikre at det ikkje blir biloppstilling i siktsona er det lagt til planføresegn pkt. 4.1 som seier;

Innanfor frisiktsona H140_1 i formål L1 skal det etablerast grøntanlegg.

7. Frisiktsona H140 og H140_1 med frisiktlinjer på 10x96 m er allereie vist i dagens gjeldande plan, sjå kartutsnitt under.



1.1.3 Tilbakemelding på motsegn, Statsforvaltaren i Rogaland, datert 13.03.2026

Statsforvaltaren har gitt tilbakemelding på at innsigelsen er løyst, og følgjer i sin heilskap vedlagd. Tilbakemeldinga blir gitt att under:

«Vi viser til oversending i saka, mottatt 25.02.2026.

Det er oversendt utfyllande dokumentasjon til saka, inkludert oppdatert ROS-analyse, brannteknisk vurdering og utgreiing om flaumsoner og trafikktryggleik. Ros-analysen går no nærmare inn på risiko og sårbarheit som gjeld biogassverksemd.

Det er og lagt ved meir utfyllande vurderingar om risiko relatert til biogassanlegg, og det er følgt opp i føresegnene med krav til sikkerheitsavstand etter DSB sin rettleiar, og med krav om barrierar og sikringsgjerde.

*Vi ser ikkje at vårt innspel om å plassere tiltaket i sikkerheitsklasse F3 etter Tek 17 er svara ut. Vi viser til rettleiing til Tek 17: «Sikkerhetsklasse F3 omfatter byggverk for sårbare samfunnsfunksjoner og byggverk der oversvømmelse kan gi stor forurensning på omgivelsene». Vi gir **fagleg råd** om at biogassanlegget blir plassert i denne tryggleiksklassen, og dimensjonerast for 1000-års flaum.*

Motsegna er med dette tilstrekkeleg imøtekommen, og saka er med dette løyst.»

Forslagsstillars kommentar:

Tiltaksklasse blir endeleg bestemt i byggjesak, men det er gjort ei vurdering i ROS-analysen for at dette skal føreligg på siste plannivå. Av ROS-analysen framkjem følgjande vurdering;

«Det er vurdert at tiltaket er under sikkerhetsklasse F2 da kritiske samfunnsfunksjoner settes ikke ut av spill ved evt. oversvømmelse. Biogassanlegget er ikke et avfallsdeponi. Substratet som brukes for å produsere biogass skal behandles i lukkede tanker. Det skal etableres en barriere som holder substratet tilbake i et oppdemmet volum ved en evt. skade på tanken og en lekkasje oppstår. Barrieren omfatter et begrenset areal og medfører ingen stor overvannsmengde selv i en flomsituasjon.»

1.1.4 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 20.01.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«NVE sin konkrete uttale

Naturfare

I plandokumenta er det lagt ved eit merknadsdokument som svarar ut NVE sine innspel frå varsel om oppstart. Naturfarer er vurdert i samband med ROS-analyse.

Nettanlegg og energibruk

Det er forventat at biogassanlegget vil ha ei årleg energiproduksjon på opp mot 109 GWh med ein total installert kapasitet på 120 GWh. I dialog med Fagne AS er det avklart at det må etablerast ein eigen netstasjon for biogassanlegget. Det er vareteke i føresegner som opnar for at eit nettanlegg kan byggast innanfor formålet. Det er avklart med netteigar at det føreligg tilstrekkeleg kapasitet på nettet i området. Det er bra.

Statlege planretningslinjer for klima og energi krev at kommunane skal leggje til rette for å nytte lokale varme- og kjølekjelder, inkludert overskotsvarme. Planskildringa og saksframlegget skal vise korleis nasjonale omsyn til klimagassreduksjon, klimatilpassing og energi er teke i vare. Planskildringa kapittel 6.16 omtalar energiforbruk og energiløysing. Kapittel 6.17 omtalar klimaeffekt. I følgje merknadsdokumentet vil ein jobba for å tilbakeføre overskotsvarme til eiga prosess for å halde nede straumforbruket.

Biogass krev prosessvarme for å varme opp biomasse for å få i gang prosessen. Biogassanlegg kan difor utnytte lågtemperatur overskotsvarme frå andre aktørar. Tilgang på overskotsvarme bør vere viktig lokaliseringsfaktor for biogassanlegg. Det er ikkje opplyst om det er tilgang på lågtemperatur overskotsvarme frå andre aktørar i dette området. Det er per i dag ikkje krav i energiregelverket til kost-nyttevurdering for å utnytteoverskotsvarme frå biogassanlegg.»

Forslagsstillars kommentar:

Pr.dd. finnes det ikkje lokale varme og kjølekjelder eller overskotsvarme frå andre aktørar ettersom Nerheim næringsområde er lite utbygd. Eit biogassanlegg har eit betydeleg varmebehov som gjer at anlegget må produsere varme for å dekkje behovet. Denne varmen gjenbrukas gjennom prosessen for å utnytte mest mogleg av varmekapasiteten.

1.1.5 Mattilsynet, datert 13.02.2026

Mattilsynet ba i e-post datert 06.02.2026 om utsett frist til å kome med merknad. Utsett frist blei akseptert av kommunen. Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Vi viser til mottatt høring av endringer i detaljreguleringsplan for Nerheim Næringsområde.

Mattilsynet har fått forlenget fristen for å uttale seg til 13. februar 2026.

Formålet med planen

Hensikten med planarbeidet er detaljregulering av areal avsatt til næring og industri. Under formålet industri er det nå spesifisert at dette også innebærer etablering av biogassanlegg.

Mattilsynets rolle i plansaker

Mattilsynet er statlig sektormyndighet for områdene planter, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevann.

Som høringsinstans i plansaker skal vi bidra til at nasjonale og regionale interesser innenfor våre forvaltningsområder blir ivaretatt. Vi skal også vurdere om det er andre interesser av vesentlig betydning, innenfor våre forvaltningsområder, som bør ivaretas gjennom plan.

Siden denne planen regulerer areal tiltenkt biogassanlegg vil dette bli vektlagt i vår uttalelse.

Innspill til planen – gjelder vurdering av biogassanleggets innvirkning på områdene rundt

Vi har sett gjennom dokumentene som følger saken og vurderer at det kan være områder innenfor våre forvaltningsområder som ikke er tilstrekkelig belyst, siden planen skal regulere inn et biogassanlegg i området.

Vi ønsker derfor å tydeliggjøre hvilke forhold som bør vurderes nærmere slik at planen kan inneholde nødvendige bestemmelser for å beskytte omgivelsene.

For etablering av biogassanlegg gjelder Forskrift om animalske biprodukter som ikke er beregnet på konsum (animaliebiproduktforskriften) Mattilsynet forvalter forskriften. I denne forskriften er det krav til avstand for å unngå at smitte blir overført fra biogassanlegg til dyrehold.

Dette står i forskriften:

Dersom biogassanlegget er plassert på eller ved siden av et sted der det holdes produksjonsdyr, og biogassanlegget ikke bare anvender husdyrgjødsel, melk eller råmelk fra disse dyrene, skal anlegget være plassert i en viss avstand fra det området der dyrene holdes. Avstanden skal fastsettes på en måte som sikrer at biogassanlegget ikke medfører en uakseptabel risiko for at sykdom overføres til mennesker eller dyr.

Under alle omstendigheter skal biogassanlegget og dyrene samt deres fôr og strø, være helt fysisk atskilt, om nødvendig med gjerde. (Animaliebiproduktforskriften § 2, med hjemmel i forordning 142/2011 vedlegg V, kapittel 1, avsnitt 1, punkt 3.)

Norge har ikke definert hva som er «en viss avstand fra der dyrene holdes». Det må avgjøres fra sak til sak, men det er viktig at dere legger bestemmelsen til grunn når dere planlegger plassering av et biogassanlegg.

Veterinærinstituttet har gitt en uttalelse til Mattilsynet i en tilsvarende sak. De oppsummerer at den største potensielle risikoen for nærliggende dyrehold vil være knyttet til utilsiktede utslipp eller lekkasjer som følge av ulykker, snarere enn forhold som oppstår under normal drift av et biogassanlegg. Slike risikoer må derfor vurderes grundig som del av planlegging og plassering av et biogassanlegg.

Vi kan ikke se at forholdene knyttet til avstand til aktiviteter utenfor planområdet er tatt inn i risikovurderingene som er lagt til grunn for planen. Vi mener at disse forholdene må vurderes allerede i reguleringsplanen slik at reguleringsplanen, om nødvendig, inneholder bestemmelser som bidrar til å sikre at forhold knyttet til smittespredning og avstand til annen aktivitet, blir ivaretatt.

Utover forhold knyttet til etablering av biogassanlegg i planområdet, vurderer vi at planen ivaretar våre øvrige forvaltningsområder.

Vi ber om å bli holdt orientert i den videre planprosessen.»

Forslagsstillars kommentar:


I vest grenser tomte til dyrka mark, men har ei byggjegrænse på 4 m. I sør er det ein buffer i form av faresone for høgspennet. Her er avstanden ca. 50 m, i tillegg kommer ei byggjegrænse på 4 m.

Sikring til omgjevnadane er varetake i føresegnar, jf. pkt. 3.1.1, 4. avsnitt som seier;

Det skal etablerast sikringstiltak i form av sikringsgjerde/annan sikring ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Sikring kan etablerast i formålsgrænse, tilkomst kan sikrast med port/inngangskontroll. Sikring skal være 2 til 3 m høgde frå ferdig planert terreng.

Ved en uønskt hending er det lagt inn krav om barrierar som fangar opp og hindrar at biomasse fører ut terreng, dette er varetake i føresegnar, jf. pkt. 3.1.1, 3. avsnitt som seier;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.



1.1.6 HIM, datert 05.02.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Det vises til varsel om endring for nevnte detaljregulering datert 12. desember 2025. HIM forutsetter at forhold i vedlagte dokumenter legges til grunn i videre arbeid med planprogram.

HIM har ingen kommentarer til endringene i planen.»

Forslagsstillars kommentar:

Ingen kommentar.

1.1.7 Statnett, datert 02.02.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Statnett viser til varsel datert 22.12.2025 om t framlegg til endring av Detaljregulering for Nerheim næringsområde – Vindafjord kommune

Statnett eier, drifter og utvikler det norske transmisjonsnettet – hovednettet i strømforsyningen. Transmisjonsnettet består av ca. 200 transformatorstasjoner og ca. 12000 km kraftledninger over hele Norge, foruten ledninger og sjøkabler til utlandet.

Statnett eier og drifter følgende transmisjonsnettanlegg i VINDAFJORD KOMMUNE:

- *Konsesjonsgitt 420 kV Blåfalli – Gismarvik transmisjonsnetts ledning.*

Vedlagt er et oversiktskart som viser Statnetts anlegg i VINDAFJORD KOMMUNE.

Vi gjør oppmerksom på at det innenfor planområdet må tas nødvendige hensyn til drift og utvikling av Statnetts transmisjonsnettanlegg.

Statnetts merknader følger under. Statnett ber om å være høringspart i det videre planarbeidet.

Felles for elektriske anlegg - inntegning i plankart

Transmisjonsnettanleggene er bygget og drives i medhold av særskilt anleggskonsesjon gitt av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), jf. energiloven § 3-1 første ledd.

Anlegg bygget i medhold av anleggskonsesjon er i all hovedsak unntatt fra plan- og bygningslovens bestemmelser, jf. plan- og bygningsloven § 1-3, og for slike anlegg kan det ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema.

Utgangspunktet er derfor at transmisjonsnettanlegg i en kommuneplan/reguleringsplan ikke skal inntegnes som eget planformål, men innarbeides i plankartet som hensynssone med SOSI-kode H740 (båndlegging etter energiloven) og tilhørende reguleringsbestemmelser, jf. plan- og bygningsloven § 11-8 d) og § 12-6. Det vises dessuten til NVEs veileder 2/2017 Nasjonale og vesentlige interesser innen NVEs saksområde i arealplanlegging, kapittel 5.

Vi registrerer at dere i forslaget til bestemmelse i kapittel 4 om «føresegner til omsynssoner» har brukt følgende ordlyd:

«Det må til ei kvar tid vere minst 8 m fri høgde under høgspenlinja. Parkering og utelagring inntil ei viss høgde kan tillatast i faresona.»

Dette samsvarer ikke med forskriftsmessige avstandskrav for 420 kV-ledninger. Parkering og lagring kan kun tillates gjennom særskilt avtale med ledningseier. Vi ber derfor om at dere endrer ordlyden i tråd med forslaget nedenfor.

Bestemmelser til planen

Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til Statnetts anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over jordkabler/mastejording eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg.

Statnett ber derfor om at følgende bestemmelse knyttes opp mot hensynssonene for transmisjonsnettledningene:

Det er ikke tillatt med ny bebyggelse innenfor hensynssonen. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innenfor hensynssonen skal på forhånd avklares med ledningseier.

Utvikling av transmisjonsnettet

Blåfalli og Gismarvik, ny Gismarvik transformatorstasjon og utvidelse av eksisterende Blåfalli koblingsstasjon. Totalt berører tiltakene Kvinnherad og Etne kommuner i Vestland fylke, og Vindafjord og Tysvær kommuner i Rogaland fylke. Anleggskonsesjonen ble gitt med vilkår om at det skal utarbeides en detaljplan for anleggsarbeidene som skal godkjennes av NVE før anleggsstart.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) godkjente 4. februar 2025 detaljplanen fra Statnett for 420 kV-ledningen fra Blåfalli til Gismarvik. Detaljplanen for Gismarvik transformatorstasjon ble godkjent 6. desember 2024. Detaljplanen for utvidelse av Blåfalli koblingsstasjon i Kvinnherad kommune ble godkjent 13. november 2024.

Ledningstraseen mellom Blåfalli og Gismarvik berøres av planområdet. Se om traseen og planene på:

Konsesjonssak - NVE

Andre merknader til planen

Vi ber om at utredningen av brann- og eksplosjonsfare knyttet til etableringen av biogassanlegget også omfatter en vurdering av potensiell spredning av røykpartikler og lignende ved en eventuell brann eller eksplosjon. Dette gjelder særlig i lys av den korte avstanden mellom anlegget og den planlagte 420 kV-ledningen.


Anleggsarbeid nært høyspentanlegg – 30 meters varslingsgrense

Anleggsarbeid nært spenningsatte anlegg må skje på en måte som ikke medfører fare for Statnetts ledninger eller skade på personell, maskiner eller utstyr. Statnett som ledningseier skal derfor kontaktes minst 6 uker før planlagt oppstart av arbeid med anleggsmaskiner innenfor en horisontal avstand på 30 meter fra ytterste strømførende line. Det samme gjelder dersom det skal gjennomføres sprengningsarbeider, gravearbeider, skogsarbeid mv. Det vil da være nødvendig med befaring og nærmere avtale om aktuelle sikkerhetstiltak.

Vi viser ellers til veiledning på Statnett sin hjemmeside:

For deg som skal arbeide nær våre høyspenningsanlegg | Statnett

ROS-analysen for foreslåtte tiltak i reguleringsplanen må ta hensyn til Statnetts transmisjonsnettanlegg. Dette innebærer at det må vurderes risikoer knyttet til driften av Statnetts anlegg, inkludert inspeksjon, vedlikehold og akutte hendelser.»



Vedlegg: Oversiktskart

Forslagsstillars kommentar:

Føresegner i pkt. 4.2 er endra i tråd med Statnett sitt forslag og seier;

Det må ikkje bli satt i verk tiltak som førar til forringelse av tilkomst til Statnetts anlegg. Det må heller ikkje bli gjort inngripen i terrenget som førar til endring av overdekning over jordkablar/mastejording, eller oppfylling av terreng som førar til redusert høgde opp til luftleidningsanlegg.

Det er ikkje tillate med nye bygningar innanfor faresona. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innanfor faresona skal på forhand avklarast med leidningseigar.

Visar til omtale i ROS-analyse s. 20, hvor det mellom anna er sagt;

Røykpartiklene er strømførende og kan i teorien føre til nedsoting av høyspentledning og kortslutning. Sannsynligheten for dette bør være redusert mtp. avstanden mellom anlegget og kraftlinjen.


Det er avhald eit dialog møte med Haugaland brann (HBRE) og redning ifm. planlagt tiltak. Her blei det avklart at ved ein uønskt hending kan brannvesenet ha moglegheit til å dekkja frå begge sider av tankanlegget basert på planlagt tiltak (under dette krav til tilkomst for brannvesenet og sløkkevatn for området). Tilgjengelege beredskapsmateriell i Ølen er mellom anna mannskapsbil, tankbil utan vakt og deltidsmannskaper. HBRE har erfaring med tilsvarande anlegg i nedslagsområde. Dei utarbeidar normalt objektplanar for denne type område/lagring avhengig av bistand frå driftspersonell for lokalkunnskap til anlegget, spesifikt med omsyn til brann og eksplosjonsfare.

Samstundes visar man til TEK17 kapittel 11, som stillar krav til brannkonsept og uavhengig kontroll i forbindelse med brannteknisk prosjektering i søknad om tiltak, jf. mellom anna utsnitt frå TEK17 som seier;

Dokumentasjonen av dette må finnes i prosjektet, og må være utformet på en systematisk og oversiktlig måte slik at den er lett tilgjengelig for uavhengig kontroll og tilsyn.

Det er nødvendig at ansvarlig prosjekterende skaffer informasjon om lokale forutsetninger og rammebetingelser fra kommunen, eventuelt i en forhåndskonferanse. Dette omfatter blant annet brannvesenets utstyr (kjøretøy og høyderedskaper) og sløkkevannsforsyning, jf. 11-17.

Anlegget kjem ikkje nærare høgspenlinja enn 30 meter, jf. Figur 4, som visar at 30 meter sikringslinje ligg utanfor formålsflata til biogassanlegget.



Figur 4: Utklipp av dagens gjeldande plan, kjelde: kommunekart.com

Tomta for biogassanlegg ligg på eit betydeleg høgare terrengnivå enn høgspenlinja, og det er derfor ingen naturleg tilkomst gjennom biogassanlegget for inspeksjon og vedlikehald av linja. Naturleg tilkomstveg til linja blir via Heiabøvegen og gardsveg.

1.1.8 Statens vegvesen, datert 06.02.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Vi viser til høring datert 19.12.2025 med endring av detaljregulering for Nerheim Næringsområde.

Saken gjelder

Formålet med planendringen er å konkretisere arealbruk for felt N2 og deler av felt NF3 for etablering av et biogassanlegg som skal håndtere inntil 226 000 tonn biomasse i året.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen.

Vi skal bidra til å følge opp FNs-bærekraftsmål rettet mot transportsektoren gjennom oppfølgingen av NTP-målene, hvor hovedmålet er et effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte delmål;

- *Enklere reisehverdag og økt konkurransevne for næringslivet*
- *Bidra til oppfyllelse av Norges klima- og miljømål*
- *Nullvisjon for drepte og hardt skadde i trafikken*
- *Effektiv bruk av ny teknologi*
- *Mer for pengene*

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet betyr at vi har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, framkommelighet, universell utforming, klima og miljøhensyn, samt at helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggerne med mål om en bærekraftig utvikling.

Vår rolle i denne saken er som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor trafikksikkerhet, og som forvalter av E134.

Våre merknader til planforslaget

I trafikknottet har en lagt til grunn en utdatert versjon av håndbok N100, vi minner om at N100 er oppdatert i 2023. Plandokumentene må oppdateres slik at de viser til gjeldende håndbok.


*I planarbeidet og ROS-analysen er trafikksikkerheten for trafikantene vurdert internt på området. Vi kan ikke se at trafikksikkerheten for myke trafikanter utenfor planområdet er blitt vurdert. Som følge av planendringen og etablering av biogassanlegg vil det bli en økt trafikk på 61 kjøreturer, hvor 54 er tunge kjøretøy. Det er i dag ingen tilbud for myke trafikanter langs fv. 514. Vi viser til krav 3.41-5 i håndbok N100 som sier at en veg med ÅDT på mer enn 1 000 kan gi krav om gang- og sykkeltilbud dersom det er skolevei, eller potensialet for antall gående og syklende langs vegen er mer enn 50. ÅDT på fylkesvegen fra Ølen til krysset til planområdet er ifølge vegkart 3 000, noe som gjør at krav 3.41-5 kan slå inn. Vi kan ikke se at dette kravet er diskutert i trafikknottet eller planbeskrivelsen og har **planfaglig råd** om at en vurderer hvilke konsekvenser den økte tungbiltrafikken vil ha for de myke trafikantene.*

*I bestemmelse 6.3 stilles det krav til at anlegg for myke trafikanter ved kryss mot fv. 514 skal opparbeides før det gis brukstillatelse til nye tiltak. Kollektivanlegget skal, ifølge samme bestemmelse, ikke opparbeides før nye arbeidsplassintensive virksomheter etableres. Vi gir **planfaglig råd** om at kryssområdet mot fv. 524 inkludert kollektivanlegg etableres som regulert i gjeldende plan, før det gis brukstillatelse for nye tiltak.»*

Forslagsstillars kommentar:

Plandokumenta er oppdatert etter nyeste versjon av handbøker. Dette gjeld både trafikkvurdering, ROS-analyse, planskildring og planføresegner.

Dagens gjeldende reguleringsplan har ikkje krav til fortau langs fv. 514, ettersom skuleveg er løyst utanom fylkesvegen. Skuleveg er vist i planskildringa kapittel 4.8;



Figur 5: Utklipp frå planskildringa, kjelde: Arkipelet

Visar til planskildringa der det kjem fram at auke i ÅDT som følgje av etablering av eit biogassanlegg er svært liten i forhold til det veganlegga er dimensjonert for, sjå utklipp frå planskildringa under:

Visar til revidert trafikkvurdering av Norwaste, dat. 20.02.2026, med følgjande anbefalte tiltak;

1. Sikkerheten for syklende og gående bedres ved å etablere skilting, fotgjengerovergang over både Fv514 og Njordvegen.
2. Anbefaler etablering av kollektivholdeplass ved krysset.
3. Vi anbefaler ikke at ny gang- og sykkelveg langs FV 514 tas inn i dette planforslaget.
4. Intern logistikk bør styrkes med oppstillingsplasser og gode manøvreringsarealer slik at kø ikke bygger seg opp ut mot fylkesvegen.
5. Trafikk med tunge kjøretøy kan med fordel fordeles utover vanlig arbeidstid til helgedager og kveld, for å sikre at trafikken flyter best mulig.

6. *Det anbefales å etablere en egen oppstillingsplass for service kjøretøy ved pumpestasjonen til Ølen Vassverk, samt å innføre parkeringsrestriksjoner innenfor siktesonen i krysset.*
7. *Videre bør siktsoner legges inn som hensynssoner i reguleringsplanen for å sikre at de ikke bygges ned eller blokkeres.*

Våre kommentarar til punkta over:

1. Skilting, belysning fotgjengarovergang, fortau og anna regulerte trafikktryggleikstiltak er tatt inn som rekkjefølgjeføresegner før det gis bruksløyve.
2. I samråd med Vindafjord kommune er etablering av kollektivhaldeplass med leskur tatt inn som rekkjefølgjeføresegner når det skal etablerast arbeidsplassintensiv verksemd innanfor planområdet.
3. Dette er og vurdert i dagens gjeldande plan, og skuleveg går separert frå fv. 514. I tidlegare planarbeid lenger nord er det heller ikkje sett krav om gang-/sykkelveg langs fv. 514.
4. Visar til foreløpig situasjonsplan som visar gode oppstillingsplassar og manøvreringsareal internt i området. Det vil bli god spreining av trafikk til og frå område gjennom dagen.
5. Det vil naturleg bli ein jamn fordeling av tunge køyretøy utover dagen og veka, ettersom anlegget har avgrensa mottaks kapasitet.
6. Når anlegg for mjuke trafikantar blir etablert høve dagens gjeldande plan vil avgrensing mellom areala medføra tydeleg skilje. For å sikre at det ikkje blir biloppstilling i siktsona er det lagt til planføresegn pkt. 4.1 som seier;
Innanfor frisiktsona H140_1 i formål L1 skal det etablerast grøntanlegg.
7. Frisiktsona H140 og H140_1 med frisiktlinjer på 10x96 m er allereie vist i dagens gjeldande plan, sjå kartutsnitt under.

1.1.9 Senter for Miljørettet helsevern, datert 22.01.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Senter for Miljørettet helsevern har vurdert varsel om oppstart og planinitiativ for endring av reguleringsplan for Nerheim næringsområde, med sikte på etablering av biogassanlegg.

I henhold til folkehelseloven §§ 4 og 8, samt forskrift om miljørettet helsevern, skal kommunen bidra til å beskytte befolkningen mot forhold i miljøet som kan ha negativ innvirkning på helse og trivsel. Planlegging er et sentralt virkemiddel for å ivareta dette.

Generelt om tiltaket

Tiltaket er lokalisert i eksisterende nærings-/industriområde. Samtidig er det tale om en type virksomhet som kan medføre **økt belastning på omgivelsene**, særlig knyttet til lukt, støy, trafikk, utslipp og risiko for uønskede hendelser. Disse forholdene er relevante for vurdering av helseeffekter, også utenfor planområdet.

Miljørettet helsevern legger til grunn at planarbeidet gjennomføres med full prosess, og at helse- og miljøforhold belyses tilstrekkelig i planskildring og ROS-analyse.

Støy, lukt og forurensning

Risiko for **luktplager**, støy fra anlegg og transport samt utslipp til luft, vann og grunn må vurderes både for normal drift og ved avvik/uønskede hendelser. Eventuelle avbøtende tiltak må sikres gjennom planbestemmelser og videre oppfølging i byggesak og etter relevant sektorregelverk.

Trafikk, trafikksikkerhet og myke trafikanter

Planinitiativet legger opp til økt transport, herunder betydelig andel **tungtrafikk**.

Miljørettet helsevern vurderer trafikksikkerhet som et viktig helse- og trivselstema.

Det forutsettes at planarbeidet særskilt vurderer:

- konsekvenser av økt trafikk for **myke trafikanter**, herunder gående og syklende
- **barn og unge**, inkludert eventuelle skoleveger og ferdsel til/fra kollektivtilbud og fritidsaktiviteter
- behov for trafikksikkerhetstiltak som bidrar til trygg ferdsel og reduserer risiko for ulykker og utrygghet

Trafikksikkerhet og opplevd trygghet i nærmiljøet er viktige faktorer for folkehelse, og bør inngå som en del av ROS-analysen og planvurderingene.

Samfunnssikkerhet og beredskap

Risiko knyttet til brann, eksplosjon og andre uønskede hendelser må vurderes i tråd med plan- og bygningsloven § 4-3. Eventuelle nødvendige avbøtende tiltak bør sikres gjennom planbestemmelser og rekkefølgekrav der dette er relevant.

Oppsummering

Miljørettet helsevern har på dette stadiet **ingen merknader til at planarbeidet startes**, men forutsetter at forhold knyttet til **støy, lukt, forurensning, trafikksikkerhet – særlig for myke trafikanter og barn/unge – samt samfunnssikkerhet**, blir tilstrekkelig utredet og ivare tatt i det videre planarbeidet før eventuelt vedtak av plan.»

Forslagsstillars kommentar:

Generelt om tiltaket

Planarbeidet blir gjennomført som planendring, men med full prosess.

Støy, lukt og forureining

Anlegget skal ikkje gje nemneverdig påverknad på omgjevnadane. Planføresegner setter krav til støy og lukt høve til grenseverdier satt i eigne veileiderar. Planføresegner sikrar avbøtande tiltak for støy, lukt og forureining.

Støy:

Under følgjer planføresegner på støy pkt. 2.5;

Miljødirektoratet si retningslinje i T-1442 skal leggast til grunn for rammeløyve for bygging i området. Grenseverdiane for støy, jf. tab. 3 i retningslinjene, skal leggast til grunn. Kommunen kan krevje dokumentasjon av støy frå verksemda og ved behov kan det bli kravd etablering av støydempende tiltak innanfor område regulert til industri, næring og kombinert formål.

Ved bustadar utanfor planområdet skal samla støybidrag frå planområdet ikkje overstige retningslinje T-1442, gul sone for industri med heilkontinuerleg drift.

Støynivå frå IND skal tilfredsstillе grenseverdier for industri med heilkontinuerleg drift i retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, men med følgande spesifisering for støy i ulike periodar av døgnet:

a. $L_{day} \leq 50$ dB

b. $L_{evening} \leq 45$ dB

c. $L_{night} \leq 40$ dB

Seinast ved søknad om igangsetjing må det dokumenterast at støy frå bedrifta tilfredsstillер grenseverdier.

Støvnivå frå IND skal tilfredsstillа grenseverdier gitt i retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520.

Lukt:

Visar til KU-lukt der det er sagt;

De gjennomførte beregningene og risikovurderingene viser at biogassanlegget i Ølen ikke forventes å gi merkbare luktulempere for naboer. Selv i timene i året med de mest ugunstige værforholdene, er nivåene svært lave og normalt ikke merkbare.

Planføresegner pkt. 3.1.1, avsnitt 6;

Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

Visar og til fylkeskommunens uttale som seier;

Luktutslepp skal regulerast etter løyver handsama etter forureiningslova.

Fylkesdirektøren legg til grunn at dette vil vere tilstrekkeleg for å unngå vesentleg negativ verknad.

I ROS-analysen er det sagt;

Miljøoppfølgingsplan og overvåkingsprogram for driftsfasen skal overvåke, kontrollere og dokumentere luftkvalitet.

Dette er et verkemiddel som skal nyttast for å ha kontroll og motverka uønskt hendingar.

Forureining:

Føresegna varetek at forureining til vassdrag ikkje skal skje. Her er allereie føresegner i gjeldande plan som tek omsyn til Eideelva. Jf. planføresegnene pkt. 2.2;

Overvatn frå planområdet har avrenning til Eideelva og bekkeløp i nordvest. Ved utbygging skal overvatn fordrøyast innanfor planområdet gjennom ein kombinasjon av infiltrasjon og fordrøying av tak- og overflatevatn.

Løysingar for handtering av overvatn skal inngå i teknisk plan, både for anleggsperioden og for ferdig opparbeida areal. Tilstrekkeleg store avskjerande grøfter, fordrøyingsareal, nødvendige sandfang og fangdammar skal etablerast for å unngå auka tilførsel av partiklar til vassdraga, for å hindre forureining i anleggs- og i driftsfase og ikkje auka flaumfare i vassdrag.

Utslepp til vassdrag skal ikkje påverke vasskvaliteten slik at tilstandsklassen for resipienten endrast negativt.

Tiltak for handtering av overvatn skal dimensjonerast og prosjekterast i høve til VA-norm for Vindafjord kommune og skal vere del av søknad om byggeløyve eller teknisk plan. Dimensjonering av anlegg for overvatn må ta omsyn til areala oppstraums og nedstraums, både regulerte og uregulerte. Tiltaka skal godkjennast av Vindafjord kommune.

I tillegg er det spesifisert for biogassanlegget at det her skal leggst inn barrierar/forseinkingar i tilfelle ein uønskt hending oppstår på anlegget. Det er og krav om MOP (miljøoppfølgingsplan) no spesifisert for å også omhandle anleggsfasen, jf. pkt. 3.1.1 avsnitt 3. og 5;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.

...

*Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP), som eit sentralt styringsverktøy for miljøleing av anlegget. Planen skal beskrive kordan miljømessige forhold skal overvakast, kontrollerast og rapporterast gjennom anleggets **anleggs-** og driftsfase. Planen skal vera eit «levande» dokument og skal brukast for å førebu, overvaka og handtera miljøpåverknadar på ein systematisk og dokumenterbar måte. (vår utheving)*

Trafikk, trafikktryggleik og mjuke trafikantar

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar inngår som del av ROS-analyse, og basarar seg på oppdatert trafikkvurdering av NORWASTE dat. 20.02.26.

Visar og til planskildringa der det kjem fram at auke i ÅDT som følgje av etablering av eit biogassanlegg er svært liten i forhold til det veganlegga er dimensjonert for, sjå utklipp frå planskildringa under:

Visar til revidert trafikkvurdering av Norwaste, dat. 20.02.2026, med følgjande anbefalte tiltak;

1. *Sikkerheten for syklende og gående bedres ved å etablere skilting, fotgjengerovergang over både Fv514 og Njordvegen.*
2. *Anbefaler etablering av kollektivholdeplass ved krysset.*

3. *Vi anbefaler ikke at ny gang- og sykkelveg langs FV 514 tas inn i dette planforslaget.*
4. *Intern logistikk bør styrkes med oppstillingsplasser og gode manøvreringsarealer slik at kø ikke bygger seg opp ut mot fylkesvegen.*
5. *Trafikk med tunge kjøretøy kan med fordel fordeles utover vanlig arbeidstid til helgedager og kveld, for å sikre at trafikken flyter best mulig.*
6. *Det anbefales å etablere en egen oppstillingsplass for service kjøretøy ved pumpestasjonen til Ølen Vassverk, samt å innføre parkeringsrestriksjoner innenfor siktesonen i krysset.*
7. *Videre bør siktsoner legges inn som hensynssoner i reguleringsplanen for å sikre at de ikke bygges ned eller blokkeres.*

Våre kommentarar til punkta over:

1. Skilting, belysning fotgjengarovergang, fortau og anna regulerte trafikktryggleikstiltak er tatt inn som rekkjefølgjeføresegner før det gis bruksløyve.
2. I samråd med Vindafjord kommune er etablering av kollektivhaldeplass med leskur tatt inn som rekkjefølgjeføresegner når det skal etablerast arbeidsplassintensiv verksemd innanfor planområdet.
3. Dette er og vurdert i dagens gjeldande plan, og skuleveg går separert frå fv. 514. I tidlegare planarbeid lenger nord er det heller ikkje sett krav om gang-/sykkelveg langs fv. 514.
4. Visar til foreløpig situasjonsplan som visar gode oppstillingsplassar og manøvreringsareal internt i området. Det vil bli god spreining av trafikk til og frå område gjennom dagen.
5. Det vil naturleg bli ein jamn fordeling av tunge køyretøy utover dagen og veka, ettersom anlegget har avgrensa mottaks kapasitet.
6. Når anlegg for mjuke trafikantar blir etablert høve dagens gjeldande plan vil avgrensing mellom areala medføra tydeleg skilje. For å sikre at det ikkje blir biloppstilling i siktsona er det lagt til planføresegn pkt. 4.1 som seier;

Innanfor frisiktsona H140_1 i formål L1 skal det etablerast grøntanlegg.

Frisiktsona H140 og H140_1 med frisiktlinjer på 10x96 m er allereie vist i dagens gjeldande plan.

Planføresegna sikrar at mjuke trafikantar er vareteke, pkt. 3.3.1 frå tredje avsnitt:

Kryss FV 514 Sandeidvegen x Njordvegen skal utformast slik at «annan veggrunn» blir overkøyrbart areal som gir framkommelegheit for tunge køyretøy. Det skal utbetrast kryss mellom FV 514 og Njordvegen. Dette omfattar skilting, belysning, fortau, kryssingspunkt og busslommer med leskur i høve godkjente tekniske planar.

Alle tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal ha teknisk utforming i samsvar med krava i gjeldande handbok N100 «Veg- og gateutforming». Tekniske teikningar for alle tiltak som berører fylkesvegnettet skal sendast til vegstyresmakta for gjennomsyn.

Teikningsgrunnlaget skal vera i samsvar med handbok R700.

I samband med gjennomsyn av dei tekniske planane skal det bli avklart om det er behov for ein gjennomføringsavtale for tiltaka. Ein eventuell gjennomføringsavtale skal vera inngått med Rogaland fylkeskommune før byggjeart.

Rekkjefølgjeføresegnene, pkt. 6.3 første og siste punkt:

Før bruksløyve til nye tiltak kan gis:

- skal tryggingstiltak knytt til FV514 og Njordvegen opparbeidast med fortau, kryssingspunkt, lyssetting og skilting i samsvar med reguleringsplan og teknisk plan godkjent av vegeigarane.

...

Før bruksløyve til nye arbeidsplassintensive verksemdar kan gis:

- skal kollektivanlegg inkl. leskur i høve godkjente tekniske planar vere opparbeidd og godkjend av Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Det er avhald eit dialog møte med Haugaland brann (HBRE) og redning ifm. planlagt tiltak. Her blei det avklart at ved ein uønskt hending kan brannvesenet ha moglegheit til å dekkja frå begge sider av tankanlegget basert på planlagt tiltak (under dette krav til tilkomst for brannvesenet og sløkkevatn for området). Tilgjengelege beredskapsmateriell i Ølen er mellom anna mannskapsbil, tankbil utan vakt og deltidsmannskaper. HBRE har erfaring med tilsvarande anlegg i nedslagsområde. Dei utarbeidar normalt objektplanar for denne type område/lagring avhengig av bistand frå driftspersonell for lokalkunnskap til anlegget, spesifikt med omsyn til brann og eksplosjonsfare.

Samstundes visar man til TEK17 kapittel 11, som stillar krav til brannkonsept og uavhengig kontroll i forbindelse med brannteknisk prosjektering i søknad om tiltak, jf. mellom anna utsnitt frå TEK17 som seier;

Dokumentasjonen av dette må finnes i prosjektet, og må være utformet på en systematisk og oversiktlig måte slik at den er lett tilgjengelig for uavhengig kontroll og tilsyn.

Det er nødvendig at ansvarlig prosjekterende skaffer informasjon om lokale forutsetninger og rammebetingelser fra kommunen, eventuelt i en forhåndskonferanse. Dette omfatter blant annet brannvesenets utstyr (kjøretøy og høyderedskaper) og sløkkevannsforsyning, jf. 11-17.

I planføresegner under formål IND siste avsnitt, pkt. 3.1.1 er det sagt;

DSB sin temarettleiar Temaveiledning om tilvirkning og behandling av farlig stoff, kapittel 2 Biogassanlegg, skal leggjast til grunn for sikkerheitstiltak for biogassanlegg. For sikkerheitsavstandar er tabell pkt. 15.7 Sikkerhetsavstander i temarettleiar veileidande;

Anleggsdel	Avstand til nærliggende objekt	Anmerkning
Fyringsanlegg/generatorrom	6-10 m	
Gassbeholder/gassklokke/gassflasker	15-30 m	Avhengig av volum og trykk. (15 m for 50 m ³ gassklokke)
Gassfakkel	6-20 m	Avhengig av fakkelens høyde
Råtnetank	10-20 m	
Avlastningsflater	6-10 m	Avstand fra avlastningsflaten (utvendig)
Gassrørledning, nedgravd eller over grunn	2 m	Til hver side
Gassbrønner	3 m	
Drenskummer	3 m	

1.1.10 Ølen Grendautval, mottatt 06.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Ølen grendautval er høyringsinstans i saker som vedkjem Ølen. Vi ønskjer å presisere at vi ikkje er imot biogassanlegg som teknologi eller klimatiltak. Merknaden gjeld lokaliseringa, og om denne er i tråd med planfaglege prinsipp, langsiktig samfunnsutvikling og omsynet til Ølen som delregionsenter.

1. Planhistorikk, kunnskapsgrunnlag og føreseielegheit

Plan- og bygningslova byggjer på prinsippa om føreseielegheit, openheit og tilstrekkeleg opplyst beslutningsgrunnlag i arealdisponering.

I detaljreguleringa for Nerheim (2017–2019) vart delfelt N2 endra frå «kombinert formål» til «næringsformål». Dette innebar at området vart opna for rein nærings- og industriverksemd.

Vi registrerer likevel at biogassanlegg – med den driftsprofilen, råstoffmengda, transportomfanget og luktpotensialet som no er lagt fram – ikkje var eksplisitt omtalt i planmaterialet som låg til offentleg ettersyn.

Når eit areal blir gitt eit vidare næringsformål, fritar ikkje dette planprosessen frå å synleggjere:

- *kva type verksemder formålet i realiteten er tiltenkt*
- *kva miljø- og nærmiljøkonsekvensar som kan følgje av slike verksemder*

I ettertid framstår det som at området vart gjort meir fleksibelt i formål, utan at konsekvensnivået ved denne typen prosessindustri vart konkretisert i planfasen.

Dette gjer at det er naturleg å stille spørsmål ved:

- *kva konkrete vurderingar av verksemdstype, miljøprofil og driftskarakter som låg til grunn då arealformålet vart endra.*
- *om lukt, transportomfang og driftsmessige forhold var ein del av kunnskapsgrunnlaget på det tidspunktet.*
- *om naboar og innbyggjarar hadde eit reelt grunnlag for å forstå kva denne formålsendringa kunne opne for.*

Det er også eit legitimt spørsmål om dagens planendring i praksis inneber ei klargjering av eit konsekvensnivå som ikkje var fullt ut synleggjort i opphavleg planprosess.

Vi viser til hovuddokument for tredje gangs behandling av detaljregulering for Nerheim næringsområde.

Tredje gangs behandling av Detaljregulering for Nerheim næringsområde (pdf, 296KB)

«kombinert formål» til «næringsformål» innanfor delfelt N2. Den viktigaste årsaka til denne endringa var at ein aktuell aktør ønskja etablere seg her. Det var også klart på det tidspunkt at denne aktøren ikkje hadde behov for kombinert formål. Det var viktig for kommunen å få på plass ei planavklaring, slik at ein kunne arbeide vidare med utbygginga og ikkje skape forseinkingar for den aktuelle aktør. Slik planen låg føre til andre gangs behandling var motsegner i all hovudsak løyst og arbeidet med utbyggingsplan kunne starte.

2. Ølen som delregionsenter – rett verksemd på rett stad

Regionale planar og nasjonale føringar byggjer på prinsippet om rett verksemd på rett stad. Delregionsenter skal utviklast som attraktive bustad- og tenestestader.

Planforslaget vurderer primært om tekniske grenseverdier kan holdast. Dette er eit minimumskrav. Planlegging på tettstadnivå krev òg vurdering av samla belastning, opplevd miljøkvalitet og om verksemda er foreinleg med tettstadutvikling.

Etter plan- og bygningslova § 4-2 skal planforslag gi eit tilstrekkeleg beslutningsgrunnlag for å vurdere verknader for miljø og samfunn. Vi stiller spørsmål ved om dette kravet er oppfylt når risikosituasjonar, samla belastning og framtidig arealbruk ikkje er tilstrekkeleg vurdert.

Eit anlegg med kapasitet i storleiksorden 226 000 tonn biomasse årleg må reknast som storskala prosessindustri. Storleiken på anlegget er eit skjerpande moment i vurderinga av om dette er rett verksemd på rett stad. Verksemd av denne storleiken har ein industriell karakter som ligg nærare prosessindustri enn tradisjonell lokal næringsverksemd.

Lokalisering tett på bustadområde kan medføre strengare rammevilkår for drift og vidare utvikling, noko som illustrerer spennet mellom verksemdstype og omgjevnad.

I driftsøknaden til Biovind står det at transport skal hovudsakleg vere mellom kl. 07 – 19. Det er opplyst frå tiltakshavar at transport kan bli aktuelt fram til kl. 22, noko som avvik frå tidsrommet oppgitt i søknaden. Dette reiser spørsmål om samsvar mellom omsøkt drift og faktisk planlagt driftsmønster.

I samband med naboulempar på næringsområdet så har Berge Sag over lang tid ønsket å flytte/etablere hele sin virksomhet til Nerheim då dei fortsatt ønsker ein lokal tilstedeværelse i Ølen og Vindafjord. Når luktproblematikk frå N2-feltet kan påverke andre aktørar sine lokaliseringssval, illustrerer dette korleis etableringa kan få ringverknader for næringsutvikling i området og er relevant i vurderinga av arealbrukens langsiktige konsekvensar.

Etter plan- og bygningslova § 3-1 skal planlegging fremje berekraftig utvikling, helse, trivsel og gode bomiljø. Vi stiller spørsmål ved om lokaliseringa er i tråd med desse omsyna.

3. Lukt – risikoforhold, usikkerheit og føre-var-prinsippet

Luktutgreiinga konkluderer med låge berekna verdiar ved normal drift . Samtidig viser risikovurderingar at funksjon av barrierar som luktreinsing, undertrykk og kontrollert avkast er avgjerande for å halde utslepp på lågt nivå.

For planlegging nær bustadområde er det ikkje tilstrekkeleg å vurdere gjennomsnitt eller normal drift åleine. Luktproblematikk ved biogassanlegg er internasjonalt kjend for å vere knytt til:

- vedlikehald og serviceoperasjonar
- driftsforstyringar
- midlertidig bortfall av tekniske barrierar
- diffuse utslepp ved portopningar, handtering av råstoff og lagring

Det er nettopp slike episodiske situasjonar som i praksis fører til luktklager ved tilsvarande anlegg. Slike hendingar påverkar trivsel, opplevd bokvalitet og lokalsamfunnets omdømme i langt større grad enn årsmiddelverdiar.

Vi registrerer at:

- konsekvensutgreiinga i hovudsak baserer seg på føresetnad om stabil drift
- realistiske avvikssituasjonar i liten grad er kvantitativt vurdert
- usikkerheita knytt til diffuse utslepp er vanskeleg å etterprøve

Dette gjer at beslutningsgrunnlaget i større grad beskriv eit ideelt driftsscenario enn eit risikoscenario.

I bustadnære område er planfagleg praksis at ein ikkje berre vurderer sannsyn, men også konsekvens ved uønskete hendingar. Sjølv sjeldne luktavvik kan få store verknader for:

- opplevd tryggleik og trivsel
- eigedomsverdi
- tillit til forvaltning og tiltakshavar

Dette fell direkte inn under føre-var-prinsippet, som skal leggast til grunn når kunnskapsgrunnlaget er usikkert og konsekvensane kan bli varige.

På denne bakgrunnen meiner vi det er naturleg å stille spørsmål ved om luktproblematikken er tilstrekkeleg belyst i eit planperspektiv, særleg når verksemda blir lokalisert tett på ein tettstad med bustader.

Når uhell og driftsavvik ikkje er inkludert i modellgrunnlaget i normaldriftsbaserte modellberekningar, inneber dette at kunnskapsgrunnlaget systematisk underrapporterer potensiell belastning, noko som aukar usikkerheita i konsekvensvurderinga.


Vi viser til konsekvensutgreiing for lukt frå Recul datert 03.12.2025, kap. 7.2.

Luktrisikovurdering:

«hendelser (uhell, havarier, etc.) er ikke medtatt i risikovurderingen. Luktrisikoen er presentert i Tabell 7.1.»

Boligområder:

Fonnakart viser kommunepan under arbeid/på høring. Det er mangel på attraktive boligområder i Ølen som er klar til bygging, og markert område i kart viser flere aktuelle områder som er under planarbeid. Dette mellom anna Blikragarden.



Viser til bilde som viser typisk trekkforhold i samband med bålbrekking på Nerheim den 17. januar 2026.



4. Bustadutvikling og samordning av arealstrategi

Kommunen arbeider med kommuneplan og vidare bustadutvikling i Ølen. Tilgjengelege, attraktive bustadområde er ein føresetnad for tilflytting og befolkningsvekst. Det er kjent at fleire av dei mest aktuelle framtidige bustadområda ligg i nærleiken av Nerheim-området, mellom anna Blikragarden og tilstøytande område som no er under planarbeid.

I planfagleg samanheng er det eit grunnleggjande prinsipp at:

- bustadutvikling og lokalisering av verksemd med potensielle miljølemper må sjåast i samanheng
- nye miljøbelastande verksemder ikkje bør etablerast slik at dei reduserer kvaliteten på framtidige bustadområde

Dersom anlegg med luktpotensial, tungtrafikk og industriell karakter blir lokalisert tett opp mot område som er aktuelle for framtidig bustadbygging, kan dette:

- redusere bustadområda sin attraktivitet

- skape konfliktsituasjonar mellom eksisterande og framtidig arealbruk
- avgrense kommunen sitt handlingsrom i framtidig arealplanlegging

Dette er ikkje berre eit spørsmål om dagens naboar, men om framtidige innbyggjarar.

Dette kan kome i konflikt med kommunen sine mål om bustadvekst og tilflytting, slik desse kjem til uttrykk i kommuneplanarbeidet, og reiser spørsmål om samordningsplikta mellom ulike arealformål er tilstrekkeleg ivaretatt.

5. Trafikk – funksjonell kapasitet vs. bumiljø

Vegkapasitet er ikkje det same som miljøkvalitet. Auka tungtrafikk tett på bustader gir barriereverknad, støy, utryggleik og endra områdetts karakter. Dette er relevante forhold for folkehelse og bustadkvalitet.

Auka tungtrafikk påverkar også forholda for mjuke trafikantar i og rundt Ølen, særleg i overgangssona mellom tettstad og næringsområde.

Dette er eit forhold som også er relevant etter folkehelselova § 4 om kommunens ansvar for å fremje helse gjennom planlegging.

6. Lokalisering og transportlogikk

Hovuddelen av råstoffet (84%) er frå gjødsel dette vil hovudsakleg komme frå større landbrukskjerneområde aust og vest for Ølen.

Ei lokalisering som krev omfattande transport av våt biomasse frå landbrukskjerneområda til Ølen for behandling, og deretter returtransport av bioest til dei same områda, reiser spørsmål om berekraft og om alternativ lokalisering er tilstrekkeleg vurdert.

Lokaliseringa på Nerheim vart fastsett før dagens eigarsamansetjing, noko som gjer det særleg viktig at lokaliseringa blir vurdert sjølvstendig opp mot planfaglege omsyn.

Vi ser at det blir nevnt at lokasjonen her er med tanke på nærhet til slakteri, men råstoffet som kommer fra slakteri utgjør 6%.

Ifølgje opplysningane i planmaterialet vist under, utgjør slakteriavfall, CO2 og Metan vel 3 turer hver dag. Resterende 32 (+22 returlast) er kjøreturer som er tilknyttet landbruk og annen næring.

Tabell 14 – Forventet trafikk inn og ut av anlegget.

	Mengder [tonn/år]	Mengde pr. tur	Turer pr. år	Turer pr. dag
Husdyrgjødsel	188 000	29	6 500	22
Fiskeensilasje	2 000	27	75	0,3
Fiskeslam	10 000	22	450	1,5
Ubehandlet matavfall (30% TS)	15 000	29	517	2
Forbehandlet matavfall (12% TS)	15 000	27	556	2,1
Slakteavfall	13 500	22	620	2
Fast biorest	23 674	22	1075	3,6
Flytende biogjødsel*	188 122	29	6 500*	22*
CO ₂	7 665	24	370	1
Metan**	7 019	22/5	380/1400	1/5
Totalt				35,5

* Går som returlast ved innhenting av husdyrgjødsel.

** Avhengig av om transporten foregår med flytende eller trykksatt biometan.

Opplysningar om tilsvarende anlegg viser at kapasiteten på Nerheim representerer storskala prosessindustri i europeisk samanheng, noko som er relevant for vurderinga av lokaliseringa.


I staden for å transportere mesteparten av husdyrgjødselen til Ølen frå dei større kjerneområdene lenger Vest i Vindafjord for å så transportere dette tilbake til desse områdene, ville det være naturleg å plassere slike anlegg nærmare desse kjerneområda. Ved å etablere anlegget nærmest dei store kjerneområda vest i Vindafjord vil ein med ei meir sentral plassering, kunne indikere ei meir miljøvennleg løysning, lågare transportomfang, redusert risiko for nabokonfliktar og meir robuste driftsrammer.

Dette ikkje berre med tanke på transport av gjødsel som råstoff, men også nærhet til industri for hovudmengda av råstoff som matavfall, fiskeslam og fiskeensilasje.

Ei lokalisering nærmare råstoffkjeldene kan indikere lågare transportomfang, redusert risiko for nabokonfliktar og meir robuste driftsrammer.

Vi stiller spørsmål ved om transportlogistikk og lokaliseringalternativ er tilstrekkeleg utgreidd i planmaterialet.

Kjerneområde landbruk frå «Retningslinjer Regional plan for Haugalandet 2017» (Større kjerneområde er markert i kart av grendautvalet)



7. Langsiktig arealstrategi

Sentrumsnært næringsareal er ein knapp ressurs. Når slike areal blir brukt til verksemd med høg toleranse for avstand til bustad, kan dette redusere handlingsrommet for framtidig tettstadutvikling og skape varige bindingar.

E134 vil i framtida bli flytta til Nerheim, og området vil bli et naturleg knutepunkt for reisande langs denne vegen. Nerheim vil også bli knutepunkt for trafikk vidare til/frå Sauda, Vikedal, Sandeid. I forhold til lokasjonen er det naturleg at ein her vil legge tilrette for ulike servicefunksjonar i område for reisande. Dette til dømes større rasteplasser og stoppestad for Haukeliexpress, energistasjon og andre naturlege tjenester.

Slike arealdisponeringar har i praksis irreversible verknader for tettstadstruktur, og krev difor særleg grundig vurdering av langsiktige konsekvensar.

8. Folkehelse, trivsel, omdømme og eigedomsverdi


Plan- og bygningslova legg til grunn at planlegging skal fremje befolkninga si helse og trivsel. Dette omfattar meir enn grenseverdiar – det handlar om korleis miljøet faktisk blir opplevd.

Følgjande forhold er relevante:

- **Opplevd lukt og uvisse** rundt driftsavvik kan gi vedvarande uro blant naboar
- **Industriell karakter** tett på bustader påverkar opplevd bokvalitet
- Slike faktorar har dokumentert samanheng med **bustadattraktivitet og eigedomsverdi**
- **Omdømet til Ølen** som ein attraktiv tettstad kan bli svekka

Dette er langsiktige samfunnsverknader som ikkje fullt ut blir fanga opp i tekniske utgreiningar, men som likevel er reelle planomsyn.

Heiabø/Nerheim ligg mot sør og her opnar landskapet seg opp mot Ølen. Området er solrikt og det er til dømes midtvinter 3 timar sol frå kl. 11 til 14, og er eit attraktivt nærrområde for rekreasjon i kort gåavstand frå nærliggande bustadar i området.




Fonnakart/Kommunekart:

Det er i kommunekartet mangelfull registrering av eksisterande turstiar på Nerheim. Og det ble ved 1.2.3 gangs regulering teke omsyn til mellom anna Heiabøvegen. Heiabøvegen og turløypa her har ikke vært nemnt seinare i planprosessen etter at en tidligare tok hensyn til denne vegen. Ved endring av delområde N2 er det naturleg å vurdere luktulempar opp mot bruk av området som nært rekreasjonsområde også i framtida.

Heiabøvegen er skjermet for trafikk og støy då dette er ein gardsveg, og vegen ligg utenfor næringsområdet.

Vi viser til vedlagte dokumentasjon av turløypa rundt Heiabøvegen.



9. Samla planfagleg vurdering

Kommunen skal som planmyndigheit sikre at vedtak bygger på eit tilstrekkeleg og etterprøvbart kunnskapsgrunnlag.

Sjølv om enkeltkrav kan oppfyllast, meiner vi lokaliseringa samla sett gir eit misforhold mellom verksemdstype og omgjevnad.

I planlegging etter plan- og bygningslova skal det gjerast ei vurdering av samla belastning frå ulike påverknadsfaktorar, ikkje berre kvar enkelt faktor isolert. Vi stiller spørsmål ved om ei slik samla vurdering er tilstrekkeleg synleggjort.

Vi ber kommunen om:

- 1. Ei eksplisitt vurdering av om verksemda er foreinleg med Ølen som delregionsenter.*
- 2. Ei vurdering av risiko og avvikssituasjonar, ikkje berre normaldrift.*
- 3. Ei etterprøvbar vurdering av alternativ lokalisering i eit regionalt perspektiv, der transportavstandar, samla miljøbelastning, nærleik til hovudkjelder for råstoff og prinsippet om rett verksemd på rett stad inngår som sentrale vurderingskriterium.*
- 4. Ei vurdering av konsekvensar for folkehelse, trivsel, omdømme og bustadattraktivitet.*

Dette er ei prinsipiell avgjerd om Ølen si retning som tettstad.

På bakgrunn av dette meiner Ølen grendautval at planforslaget slik det ligg føre ikkje dokumenterer tilstrekkeleg at lokaliseringa er i samsvar med krav til kunnskapsgrunnlag, samla belastning og langsiktige mål for Ølen som tettstad og delregionsenter.

Spørsmålet i denne saka er ikkje om biogass er ønskjeleg teknologi, men om denne lokaliseringa er forsvarleg i lys av planfaglege omsyn, samla belastning og tettstadutvikling.»

Forslagsstillars kommentar:

1. Planhistorikk, kunnskapsgrunnlag og føreseielegheit

Vindafjord kommune må vurdere om føreliggjande planarbeid er avklarande for konsekvensar som ikkje var fullt ut synleggjort i opphavleg planprosess. Endringa innehald *KU-lukt*, *KU-sammenstilling* og støttedokumentasjon som er lagt til grunn for ROS-analysen. Her inngår mellom anna tema støy, lukt, forureining, trafikk, brann og eksplosjon.

2. Ølen som delregionsenter – rett verksemd på rett stad

Rogaland fylkeskommune som utarbeidar *Areal og transportplan for Haugalandet* har i sin uttale til saka vurdert at lokaliseringa er god;

Fylkesdirektøren vurderer i utgangspunktet lokasjonen som godt eigna for eit biogassanlegg. Området er sett av til industri, og det er få bustadar som nære naboar.

Anlegget skal ikkje gje nemneverdig påverknad på omgjevnadane. Planføresegner setter krav til støy og lukt høve til grenseverdiar satt i eigne veileiderar. Planføresegner sikrar avbøtande tiltak for støy, lukt og forureining.

Hovudtyngda av transport til og frå anlegget ynskjer ein at skal skje på dagtid. Det vil likevel skje at transport kan skje utover normal arbeidstid og utover kvelden. Det er avhengig av køyrekapasitet (tall tilgjengelege køyretøy) og kapasitet på mottak og levering.

Andre forhold svarast ut av kommunen.

3. Lukt – risikoforhold, usikkerheit og føre-var-prinsippet

Viser til uttale frå fylkeskommunen;

Luktutslipp skal regulerast etter løyver handsama etter forureiningslova.

Fylkesdirektøren legg til grunn at dette vil vere tilstrekkeleg for å unngå vesentleg negativ verknad.

Forureiningsløyve er foreløpig ikkje godkjent. Søknaden ligg til handsaming hos Statsforvaltaren i Rogaland.

For å motverke uønskte/episodiske hendingar er det lagt til grunn av anlegget skal ha ein miljøoppfølgingsplan (MOP), sikra i planføresegner som seier;

Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP), som eit sentralt styringsverktøy for miljøleing av anlegget. Planen skal beskrive kordan miljømessige forhold skal overvakast, kontrollerast og rapporterast gjennom anleggets anleggs- og driftsfase. Planen skal vera eit «levande» dokument og skal brukast for å førebu, overvaka og handtera miljøpåverknadar på ein systematisk og dokumenterbar måte.

Rekkjefølgjeføresegner sikrar at MOP for anleggsfasen føreligg ved søknad om igangsetjing og for driftsfasen før det blir gitt bruksløyve til nye tiltak.

Støy:

Under følgjer planføresegner på støy pkt. 2.5;

Miljødirektoratet si retningslinje i T-1442 skal leggest til grunn for rammeløyve for bygging i området. Grenseverdiane for støy, jf. tab. 3 i retningslinjene, skal leggest til grunn.

Kommunen kan krevje dokumentasjon av støy frå verksemda og ved behov kan det bli kravd etablering av støydempande tiltak innanfor område regulert til industri, næring og kombinert formål.

Ved bustadar utanfor planområdet skal samla støybidrag frå planområdet ikkje overstige retningslinje T-1442, gul sone for industri med heilkontinuerleg drift.

Støynivå frå IND skal tilfredsstillere grenseverdiane for industri med heilkontinuerleg drift i retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, men med følgjande spesifisering for støy i ulike periodar av døgnet:

a. $L_{day} \leq 50$ dB

b. $L_{evening} \leq 45$ dB

c. $L_{night} \leq 40$ dB

Seinast ved søknad om igangsetjing må det dokumenterast at støy frå bedrifta tilfredsstillere grenseverdiane.

Støvnivå frå IND skal tilfredsstillere grenseverdiane gitt i retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520.

Lukt:

Visar til KU-lukt der det er sagt;

De gjennomførte beregningene og risikovurderingene viser at biogassanlegget i Ølen ikke forventes å gi merkbare luktulempere for naboer. Selv i timene i året med de mest ugunstige værforholdene, er nivåene svært lave og normalt ikke merkbare.

Planføresegner pkt. 3.1.1, avsnitt 6;

Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

Visar og til fylkeskommunens uttale som seier;

Luktutslepp skal regulerast etter løyver handsama etter forureiningslova.

Fylkesdirektøren legg til grunn at dette vil vere tilstrekkeleg for å unngå vesentleg negativ verknad.

I ROS-analysen er det sagt;

Miljøoppfølgingsplan og overvåkingsprogram for driftsfasen skal overvåke, kontrollere og dokumentere luftkvalitet.

Dette er et verkemiddel som skal nyttast for å ha kontroll og motverka uønskt hendingar.

Forureining:

Føresegna varetek at forureining til vassdrag ikkje skal skje. Her er allereie føresegner i gjeldande plan som tek omsyn til Eideelva. Jf. planføresegnene pkt. 2.2;

Overvatn frå planområdet har avrenning til Eideelva og bekkeløp i nordvest. Ved utbygging skal overvatn fordrøyast innanfor planområdet gjennom ein kombinasjon av infiltrasjon og fordrøying av tak- og overflatevatn.

Løysingar for handtering av overvatn skal inngå i teknisk plan, både for anleggsperioden og for ferdig opparbeida areal. Tilstrekkeleg store avskjerande grøfter, fordrøyingsareal, nødvendige sandfang og fangdammar skal etablerast for å unngå auka tilførsel av partiklar til vassdraga, for å hindre forureining i anleggs- og i driftsfase og ikkje auka flaumfare i vassdrag.

Utslepp til vassdrag skal ikkje påverke vasskvaliteten slik at tilstandsklassen for resipienten endrast negativt.

Tiltak for handtering av overvatn skal dimensjonert og prosjektert i høve til VA-norm for Vindafjord kommune og skal vere del av søknad om byggeløyve eller teknisk plan. Dimensjonering av anlegg for overvatn må ta omsyn til areala oppstrøms og nedstrøms, både regulerte og uregulerte. Tiltaka skal godkjennast av Vindafjord kommune.

I tillegg er det spesifisert for biogassanlegget at det her skal leggest inn barrierar/forseinkingar i tilfelle ein uønskt hending oppstår på anlegget, jf. pkt. 3.1.1 avsnitt 3;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.

For vurdering av sannsyn og konsekvens for lukt visast det til *KU-sammenstilling* av Teknakonsult dat. 04.12.25.

Andre forhold svarast ut av kommunen.

4. Bustadutvikling og samordning av arealstrategi

Vindrosa visar den framherskande vindretninga i området. Vindrosa *Vats* til *Norsk klimaservicesenter* er den vêrstasjonen som ligg nærmast planområdet, og som må bli lagt til grunn. Vindretningane som framkjem er nokså samanfallande med dalføre i området.

Andre forhold svarast ut av kommunen.

5. Trafikk – funksjonell kapasitet vs. bumiljø

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar inngår som del av ROS-analyse, og baserar seg på oppdatert trafikkvurdering av NORWASTE dat. 20.02.26.

Visar og til planskildringa der det kjem fram at auke i ÅDT som følgje av etablering av eit biogassanlegg er svært liten i forhold til det veganlegga er dimensjonert for, sjå utklipp frå planskildringa under:

Visar til revidert trafikkvurdering av Norwaste, dat. 20.02.2026, med følgjande anbefalte tiltak;

1. *Sikkerheten for syklende og gående bedres ved å etablere skilting, fotgjengerovergang over både Fv514 og Njordvegen.*
2. *Anbefaler etablering av kollektivholdeplass ved krysset.*
3. *Vi anbefaler ikke at ny gang- og sykkelveg langs FV 514 tas inn i dette planforslaget.*
4. *Intern logistikk bør styrkes med oppstillingsplasser og gode manøvreringsarealer slik at kø ikke bygger seg opp ut mot fylkesvegen.*
5. *Trafikk med tunge kjøretøy kan med fordel fordeles utover vanlig arbeidstid til helgedager og kveld, for å sikre at trafikken flyter best mulig.*
6. *Det anbefales å etablere en egen oppstillingsplass for service kjøretøy ved pumpestasjonen til Ølen Vassverk, samt å innføre parkeringsrestriksjoner innenfor siktesonen i krysset.*
7. *Videre bør siktsoner legges inn som hensynssoner i reguleringsplanen for å sikre at de ikke bygges ned eller blokkeres.*

Våre kommentarar til punkta over:

1. Skilting, belysning fotgjengarovergang, fortau og anna regulerte trafikktryggleikstiltak er tatt inn som rekkjefølgjeføresegner før det gis bruksløyve.
2. I samråd med Vindafjord kommune er etablering av kollektivhaldeplass med leskur tatt inn som rekkjefølgjeføresegner når det skal etablerast arbeidsplassintensiv verksemd innanfor planområdet.
3. Dette er og vurdert i dagens gjeldande plan, og skuleveg går separert frå fv. 514. I tidlegare planarbeid lenger nord er det heller ikkje sett krav om gang-/sykkelveg langs fv. 514.
4. Visar til foreløpig situasjonsplan som visar gode oppstillingsplassar og manøvreringsareal internt i området. Det vil bli god spreining av trafikk til og frå område gjennom dagen.
5. Det vil naturleg bli ein jamn fordeling av tunge køyretøy utover dagen og veka, ettersom anlegget har avgrensa mottaks kapasitet.
6. Når anlegg for mjuke trafikantar blir etablert høve dagens gjeldande plan vil avgrensing mellom areala medføra tydeleg skilje. For å sikre at det ikkje blir biloppstilling i siktsona er det lagt til planføresegn pkt. 4.1 som seier;

Innanfor frisiktsona H140_1 i formål L1 skal det etablerast grøntanlegg.

Frisiktsone H140 og H140_1 med frisiktlinjer på 10x96 m er allereie vist i dagens gjeldande plan.

Planføresegna sikrar at mjuke trafikantar er vareteke, pkt. 3.3.1 frå tredje avsnitt:

Kryss FV 514 Sandeidvegen x Njordvegen skal utformast slik at «annan veggrunn» blir overkøyrbart areal som gir framkommelegheit for tunge køyretøy. Det skal utbetrast kryss mellom FV 514 og Njordvegen. Dette omfattar skilting, belysning, fortau, kryssingspunkt og busslommer med leskur i høve godkjente tekniske planar.

Alle tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal ha teknisk utforming i samsvar med krava i gjeldande handbok N100 «Veg- og gateutforming». Tekniske teikningar for alle tiltak som berører fylkesvegnettet skal sendast til vegstyresmakta for gjennomsyn.

Teikningsgrunnlaget skal vera i samsvar med handbok R700.

I samband med gjennomsyn av dei tekniske planane skal det bli avklart om det er behov for ein gjennomføringsavtale for tiltaka. Ein eventuell gjennomføringsavtale skal vera inngått med Rogaland fylkeskommune før byggjeart.

Rekkjefølgjeføresegnene, pkt. 6.3 første og siste punkt:

Før bruksløyve til nye tiltak kan gis:

- skal tryggingstiltak knytt til FV514 og Njordvegen opparbeidast med fortau, kryssingspunkt, lyssetting og skilting i samsvar med reguleringsplan og teknisk plan godkjent av veigarane.

...


Før bruksløyve til nye arbeidsplassintensive verksemdar kan gis:

- skal kollektivanlegg inkl. leskur i høve godkjente tekniske planar vere opparbeidd og godkjend av Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune.

6. Lokalisering og transportlogikk

Visar til svar på punkt 1.

Nerheim industriområde ligg midt mellom dei store jordbruksområda i Vikedal, Sandeid, Etne, Ølen, Skjold og Vats, også HIM som samlar inn matavfall ligg i kommunen. Planområdet er også svært sentralt i forhold til dei to slakteria i kommunen som skal bidra med råstoff. Nærleik til E 134 betyr også mykje for frakt av ferdig produkt ut til marknaden. Uansett lokasjon av anlegget vil ein ha det same behovet for transport, for å dekkja inn tilstrekkeleg mengd råstoff til anlegget.



Figur 6: Kjerneområde landbruk, kjelde: merknad

Andre forhold svarast ut av kommunen.

7. Langsiktig arealstrategi

Kommunen vurderer.

8. Folkehelse, trivsel, omdømme og eigeomsverdi

Her har det allereie blitt gjort eitt val i kommuneplanen som har satt av arealet til industri/næring.

Andre forhold svarast ut av kommunen.

Fonnakart/Kommunekart:

Dette er forhold som er blitt avklart i dagens gjeldande plan. Turløypa kan brukast som før.

9. Samla planfagleg vurdering

Vindafjord som planmynde vurderar.

1.2 Private merknadar og organisasjonar:

1.2.1 Oppropet, *Nei til Biogassanlegg i Ølen*, v/Tore Tverå pva. 214 personar, mottatt 05.02.2026

Oppropet blei og sendt inn og kommentert til oppstart av planarbeidet, og blir gitt att under:

«På <https://minsak.no/sak/3360> har 214 personar signert på eit opprop om å finne ein betre lokasjon for dette. Sjå teksten og bekymringane lenger nede. I tillegg er underskriftslista lagt ved.

Me som er naboar til det nye biogassanlegget i Ølen er svært bekymra for framtida. Me har lese om korleis det gjekk t.d. på Stord då Renevo opna eit tilsvarende biogassanlegg der i 2023. Der starta luktproblema allereie første dagen det vart opna, ifølge naboar, og det vart så ille til slutt at statsforvaltaren etter kort tid måtte inn og stenge bedrifta. Då lukta frå Renevo Stord var på det verste, spreidde den seg fleire kilometer. Anlegget som er planlagt i Ølen er 10 gonger så stort som det på Stord!

Her kan du lese rapporten til Statsforvaltaren: https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/avfall-og-gjenvinning/inspeksjonsrapport-etter-tilsyn-hos-renevo-sitt-biogassanlegg-pa-stord/?utm_source=chatgpt.com

og her kan ein lese kva NRK.no skriv om saka: <https://www.nrk.no/vestland/nesten-nytt-biogassanlegg-pa-stord-stenger-1.16610050>. Dette er nokre av årsakene som gjorde at Statsforvaltaren stengde drifta:

- *Det var mangel på kjennskap til regelverk som gjeld for drifta. Dei handterte bla avfall dei ikkje hadde løyve til.*
- *Det var mangel på kompetanse og leiarskap i bedrifta.*
- *Det var manglande risikovurdering og handlingsplan.*
- *Det var manglar for rutinar og avvikshandtering.*
- *Det var manglande overvaking og oppdatering.*

Biovind har pr. nå ingen biogassanlegg i drift. Det gjer at me fryktar dei manglar kompetanse på det som har med eit slikt anlegg å gjere. Dette medfører ein kjempestor risiko. Det blir påstått at det er ny teknologi, men ifølge rapporten frå Statsforvaltaren så var det ikkje i hovudsak teknologien som var problemet på Stord, men mangelen på kompetanse hos leiing og tilsette.

Ein annan grunn til at Renevo på Stord er stengt er pga. pengeproblem. Desse anlegga slit med å få lønnsemd på drifta etter at subsidiane er brukt opp. Dette aukar og risikoen for at dette anlegget ikkje klarer å halde drifta forsvarleg.

Me meiner eit biogassanlegg må ligge milevis frå busetnad, og Ølen sentrum er derfor heilt ueigna som lokasjon. Her er ei liste over nokre av bekymringane me har:

- *Luktproblem: Me er redd det blir dårleg lukt frå biogassanlegget ved vanleg drift, spesielt under visse vêrforhold som vind og høg luftfuktigheit. Og ikkje minst ved driftsproblem og risiko for manglande kompetanse. Biogassanlegg produserer ubehageleg lukt frå organisk avfall som matrestar, gjødsel og anna biologisk materiale. Denne lukta vil vere plagsam for dei som bur i nærleiken.*
- *Støyforureining: Støy, særleg frå maskineri og prosessar som krev pumping og komprimering av gass. Støyforureining vil vere eit problem for innbyggjarane som bur nærme, spesielt med tanke på at anlegget skal drivast døgnet rundt.*

- *Risiko for forureining: Forureining knytt til lekkasjar av biogass(metan) og anna forureining kan kome frå anlegget. Metan er en potent drivhusgass, og lekkasjar kan ha negativ effekt på miljøet.*
- *Helserisiko: Det er bekymring for moglege helsekonsekvensar ved å bu nær eit biogassanlegg. Både luftvegssykdommar og hudproblem kan oppstå når ein blir eksponert for kjemikaliar som blir sleppt ut frå anlegget. Stress pga. støy og lukt er ein annan mogleg konsekvens.*
- *Trafikkproblematikk: Det er svært mange trailerar som skal passere Ølen sentrum, forbi skular og busetnad på veg til Nerheim industrifelt. Dette kan skape farlege trafikksituasjonar og meir slitasje på vegane.*
- *Ølen – administrasjonssenteret i Vindafjord kommune - blir ein mindre attraktiv stad å bu: Ifølgje Vindafjord kommune si nettside kan ein lese «Ei moglegheitsstudie av Ølen sentrum». «Moglegheitsstudien ser på korleis Ølen sentrum kan utvikla seg til ein attraktiv stad der folk trivst og ønskjer å vera. Moglegheitsstudien ser på kva Ølen kan bli i framtida. Dette handlar om å sjå på korleis Ølen kan utvikle seg i eit kortsiktig perspektiv (i morgon) og i eit langsiktig perspektiv fram mot 2050». Sitatet er henta frå Vindafjord kommune si nettside 28.04.25: <https://www.vindafjord.kommune.no/vakre-vindafjord/bu-i-vindafjord/bygdene/olen/>.*

*Her kan ein lese meir om moglegheitsstudien: Ølen - Sjøperlo på Haugalandet
<https://storymaps.arcgis.com/stories/6282abe50b5b48e0b945807760153e3a>*

Då lukta frå Renevo Stord var på det verste, spreidde den seg fleire kilometer, ifølgje rapporten frå Statsforvaltaren. Dette er dårleg nytt for Ølen sentrum. Skal denne stanken vere det som definerer oss i framtida? Skal Ølen bli kjend for å vere ein stad som luktar drit?? Skal Ølen bli mindre attraktiv for nåverande og potensielle nye innbyggjarane???
Me meiner frykta vår er høgst reell.

Me ber derfor innbyggjarne i Ølen om å signere og dele dette oppropet, Vindafjord kommune om å seie nei og Statsforvaltaren og Biovind AS om å finne ein ny og betre lokasjon for biogassanlegget.»

Forslagsstillars kommentar:

Oppropet blei og sendt inn ved oppstart, og ein visar til forslagsstillars kommentar i merknadsvurderinga gjort ved oppstart av planarbeidet.

1.2.2 Likelydande merknadar frå 104 innsendarar

Det er sendt inn mange likelydande merknadar. Ein har difor valt å svara alle desse under eitt.

Følgjande personar har sendt inn merknad:

- 1.2.2.1 Agnethe Brown Erland, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.2 Albert Mosdal, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.3 Alf Sigve Olsen og Anna Brekke, mottatt 28.01.26
- 1.2.2.4 Ann Kristin Skålnes, mottatt 28.01.26
- 1.2.2.5 Anne Gunn Øglænd, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.6 Anne Iren Mosdal, mottatt 26.01.26
- 1.2.2.7 Any Tordis Heggebø og Per Gunnar Heggebø, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.8 Arnfinn H Øverland, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.9 Arvid Hølland, mottatt 01.02.26
- 1.2.2.10 Astri og Tore Tverå, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.11 Astri Tjelmeland Tverå, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.12 Aud Helene Amdal Haugland, mottatt 03.02.26
- 1.2.2.13 Bente Kleppe, mottatt 03.02.26
- 1.2.2.14 Berit Haugland, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.15 Berit Haugland og Bjørn-Einar Haugland, mottatt 29.01.26
- 1.2.2.16 Bodil Hvidsten, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.17 Brit Turid Klungland, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.18 Dagny Christophersen, mottatt 28.01.26
- 1.2.2.19 David Nidoy Brekke, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.20 Debra Hustveit, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.21 Eldbjørg Rullestad, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.22 Else S Halleland, mottatt 28.01.26
- 1.2.2.23 Frank Heggebø, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.24 Frans Bendik Fransson, mottatt 31.01.26
- 1.2.2.25 Geir Lunde, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.26 Gerd Irene K. Clausen, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.27 Gerd Rødne, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.28 Gro Inger Hvidsten, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.29 Gry Eren og Per Sven Rørtveit, mottatt 03.02.26
- 1.2.2.30 Gunn Jorunn Heggebø, mottatt 03.02.26
- 1.2.2.31 Gunn Rakel Tjelle Jarmer, mottatt 02.02.26
- 1.2.2.32 Gyri Windsand, mottatt 02.02.26
- 1.2.2.33 Handelshuset Ølen AS, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.34 Hanne Gangdal, mottatt 03.02.26
- 1.2.2.35 Hedda Gangdal, mottatt 03.02.26
- 1.2.2.36 Henri van Beersum, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.37 Hildegunn Toadalen, mottatt 30.01.26
- 1.2.2.38 Håvard Risøy Vestbø, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.39 Ingvild Klungland, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.40 Johannes Hustveit, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.41 Jørn Tverå, mottatt 05.02.26

- 1.2.2.42 Karin Fransson Heggebø, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.43 Kathrine Saltvig, mottatt 03.02.26
- 1.2.2.44 Kenneth Johansen, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.45 Kjell Søndena, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.46 Kjersti Nerheim, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.47 Kristine Grønnestad, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.48 Lars Gunnar Berge og Monica Berge, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.49 Lars Magnar Heggebø, Linda Sjo, Celina Sjo Heggebø, Niklas Sjo Heggebø, Margunn Heggebø og Magnar Heggebø, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.50 Leif Inge Siglen, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.51 Leif Martin Kvamen, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.52 Leif Kvamen og Else Marie Kvamen, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.53 Lillian Bjørke Sørensen, mottatt 26.01.26
- 1.2.2.54 Linda Askeland, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.55 Linda Iren Gundersen, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.56 Liv Stople, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.57 Liva Heggebø, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.58 Magnar Nøklund, mottatt 27.01.26
- 1.2.2.59 Malena Gravelseter, mottatt 01.02.26
- 1.2.2.60 Margaret Christophersen, mottatt 28.01.26
- 1.2.2.61 Mari Vestbø Østestad, mottatt 27.01.26
- 1.2.2.62 Marie Hundhammer Siglen, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.63 Martha Serine Ferkingstad, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.64 Martine Heggebø, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.65 May Britt Stople, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.66 May Tove Heggebø, mottatt 02.02.26
- 1.2.2.67 Mona Opheim, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.68 Monica Heggebø, mottatt 27.01.26
- 1.2.2.69 Morten Åsheim, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.70 Målfrid Arnestad, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.71 Nerheim Invest AS v/Magnar Nøklund, mottatt 27.01.26
- 1.2.2.72 Nils Brekke, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.73 Nils Kvamen, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.74 Nina H Arnestad, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.75 Olaf A Hamre, Svein Ove Hamre og Gunnlaug Hamre, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.76 Ole Hvidsten, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.77 Ove Ivesdal, mottatt 02.02.26
- 1.2.2.78 Pablo Tveit, mottatt 27.01.26
- 1.2.2.79 Peder Mosdal, mottatt 10.02.26
- 1.2.2.80 Reidun Wåge, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.81 Rolf Granli Gangdal, mottatt 28.01.26
- 1.2.2.82 Runar Mosdal Havsgård, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.83 Rune Halbrend, mottatt 04.02.26
- 1.2.2.84 Rune Heddeland, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.85 Sigrid Hundseid, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.86 Silje Ebne og Henrik Vestbø Tokheim, mottatt 06.02.26

- 1.2.2.87 Sissel M Åsheim, mottatt 26.01.26
- 1.2.2.88 Sofie Asheim, mottatt 30.01.26
- 1.2.2.89 Solveig I Solheim, mottatt 28.01.26
- 1.2.2.90 Sondre Nordtveit, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.91 Sunniva Steinsland, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.92 Svein Brekke, mottatt 28.01.26
- 1.2.2.93 Sveinung Arnestad, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.94 Sverre Østebø, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.95 Thea Helgesen, mottatt 26.01.26
- 1.2.2.96 Tor Martin Heggebø, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.97 Torbjørn Rullestad, mottatt 06.02.26
- 1.2.2.98 Torbjørn Søndena, mottatt 03.02.26
- 1.2.2.99 Venche Staknes, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.100 Vibeke Frøsaker Lunde, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.101 Vibeke Skjold Heggebø, mottatt 05.02.26
- 1.2.2.102 Wenche Helen Søndena, mottatt 25.01.26
- 1.2.2.103 Øyvind Heggebø, mottatt 02.02.26
- 1.2.2.104 Åshild Blikra, mottatt 06.02.26

Innhaldet i merknadane er referert under og alle følgjer i sin heilheit vedlagt.

«Me viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 23.10.2025. Som berørte naboar og innbyggjarar i Ølen ønskjer me å kome med ei uttale.

Kritikk mot lokalisering og storleik

Me stiller oss sterkt kritiske til etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde, så nær Ølen sentrum og bustadområde. Det planlagde anlegget er svært stort i norsk målestokk, med ei årleg behandling på 226 000 tonn råstoff. Slik me ser det, er det ein reell risiko for at dette berre er første steg, og at tiltakshavar etter kort tid vil søkje om å utvide kapasiteten — slik som Renevo på Stord, som fekk godkjent ei meir enn dobling kort tid etter oppstart. Ei anna bekymring er at råstoff kan bli endra over tid, til dømes til farleg avfall som glykol eller eddiksyre, slik som på Havila sitt anlegg på Nesset i Romsdal. Ei slik utvikling vil kunne få omfattande konsekvensar for nærmiljø, bumiljø, eigedomsverdi, tryggleik og risiko for utslepp.

Konsekvensutgreiing

Den gjeldande konsekvensutgreiinga for Nerheim næringsområde er ikkje utarbeidd for industritypar som biogassanlegg. Det er difor alvorleg og oppsiktsvekkjande at kommunen ikkje krev full konsekvensutgreiing etter forskrift, når føremålet for området blir endra til ein type verksemd med vesentleg større risiko og belastning enn tradisjonell næring.

*Særleg viktig er det at **DSB i brev datert 19.02.2025 har konkludert med at biogassanlegget utløyser plikter etter storulykkeforskrifta**. At kommunen likevel ikkje krev ei fullstendig og uavhengig konsekvensutgreiing, meiner me er i strid med både god forvaltningskikk og intensjonen i plan- og bygningslova.*

Me meiner vidare at kommunen ikkje kan basere si vurdering på analysar som er bestilt av tiltakshavar sjølv. Luktspreiingsanalysar, trafikkvurderingar og støyberekningar bestilt og finansiert av Biovind kan ikkje vere det faglege grunnlaget for eit vedtak med så store konsekvensar.

Me krev difor ei **uavhengig konsekvensutgreiing**, der følgjande blir grundig vurdert:

- **Luktplager** basert på reelle drifterfaringar frå samanliknbare anlegg. Statsforvaltaren dokumenterte at lukta frå Renevo-anlegget på Stord spreidde seg fleire kilometer (2022–2023).
- **Tryggleik og eksplosjonsfare**, inkludert vurdering av hendingar som eksplosjonen ved Severn Trent Green Power i Storbritannia (2023).
- **Helsekonsekvensar og livskvalitet**, basert på erfaringar frå bustadområde rundt andre biogassanlegg.
- **Trafikkbelastning**, både råstoff inn og biorest/produkt ut, og kva dette vil bety for fv. 514, Heiabøvegen, trafikktryggleik ved Hageland (Ebne), Ølen Torg, Hageland og eventuelle andre næringsaktørar på industritomta.
- **Storulukkepotensial**, med referanse til t.d. Havila-anlegget i Molde som slapp ut 4000 m³ gjødsel og fiskeavfall i september.

Det ligg per i dag ikkje føre dokumentasjon som gjev grunnlag for å ta stilling til desse forholda på ein forsvarleg måte.

Uklare råstoff og framtidig risiko

Formuleringa i varselbrevet – «Formålet med planendringa er å konkretisera og opna for etablering av anlegg for biogassproduksjon **mellom anna** animalske biprodukt, fiskeslam, kjøkken- og matavfall» – er altfor vag og gjev ikkje naboar eller innbyggjarar tryggleik for kva som faktisk skal handsamast på anlegget. Uklare rammer for råstoffrisiko opnar for at tiltakshavar kan endre til meir belastande materiale på seinare tidspunkt, utan ny høyring.

Dette er ikkje akseptabelt. Det må presiserast konkret og bindande kva som kan nyttast som råstoff.

Folkemøte

Folkemøtet på Ølen kulturhus 21. januar synte tydeleg og samrøystes motstand mot etablering av biogassanlegget. Engasjementet var stort, og uroa blant innbyggjarane kom klart fram gjennom saklege og direkte spørsmål om lukt, tryggleik, helse og konsekvensar for nærmiljøet. Tilbakemeldingane frå folk i salen var eintydige: eit anlegg av denne storleiken, plassert så nær bustader, blir opplevd som utrygt og uakseptabelt.

Det kom òg fram at ei etablering kan få store ringverknader for lokalsamfunnet, då det kom fram at Berge sag vurdere å flytte bedrifta si ut av kommunen dersom anlegget blir realisert. Møtet gav eit heilt klart inntrykk: Hadde det blitt halde ei avstemming der og då, ville fleirtalet vore kraftig imot prosjektet.

Både Grannar og NRK Rogaland rapporterte om den same massive motstanden frå dei rundt 200 møtedeltakarane.

Kritikk av prosessen

Det er urovekkjande at Biovind blei omtala som «aktør» i kommunale dokument lenge før prosjektet var offentleg kjent, og at selskapet fekk kjøpe tomt før konsekvensar, risiko og eigna arealbruk var vurdert. Det gjev inntrykk av ein prosess der konklusjonen var bestemt før informasjonen var på bordet.

At eit selskap utan driftsmerittliste blir gitt slik tilgang til kommunalt areal før planfaglege vurderingar er gjort, svekkjer tilliten til planprosessen som heilskap.

Konklusjon

Kommunen ønskjer å endre arealføremålet frå næring/lettare industri til industri, for å kunne legge til rette for biogass. Eit biogassanlegg av den storleiken som no er planlagt, og som er tenkt plassert midt i Ølen sentrum, vil kunne påverke kvardagen, helsa, bustadprisar og trivselen til innbyggjarane i mange tiår framover.

Dei mange uavklarte forholda, saman med mangelen på uavhengige og fagleg solide vurderingar, gjer at me meiner det ikkje er forsvarleg grunnlag for å gå vidare med planendringa.

Me ber difor om at planendringa blir stoppa, og at det ikkje blir opna for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde.»

Forslagsstillars kommentar:

Kritikk mot lokalisering og storleik

Vindafjord kommune har solgt tomte til dette formålet. Ved ein eventuell utviding av kapasitet eller ein endring av råstoff vil det bli kravd nye godkjenningar ift. lovverk og retningslinjer. Uansett størrelse på anlegget skal man ikkje overstige grenseverdiar som ligg i gitte løyver.

Konsekvensutgreiing

Nettopp på grunn av at biogassanlegg ikkje var inkludert ved første KU er det nå komplettert med tema som kommer av eit biogassanlegg. Endringa innehald *KU-lukt, KU-sammenstilling* og støttedokumentasjon som er lagt til grunn for ROS-analysen. Her inngår mellom anna tema støy, lukt, forureining, trafikk, brann og eksplosjon.

Tema er vurdert nøye i ROS-analyse og sei mellom anna følgjande;

«En storulykkevirksomhet er definert hvor mengden av kjemikalier er lik eller større enn grenseverdiene i vedlegg I del 1/2 i storulykeforskriften. I forskriften er det også beskrevet at oppgradert biogass klassifiseres under nr. 18 i del 2 av vedlegg I dersom den er bearbeidet i samsvar med gjeldende standarder for rensset og oppgradert biogass som sikrer en kvalitet som er likeverdig med kvaliteten på naturgass. I vedlegg I del 2 nr.18 er grensen for meldepliktig virksomhet satt til 50 tonn. Planlagt biogassanlegg skal oppbevare inntil 27 tonn. Det er av den grunn vurdert at biogassanlegget må forholde seg til reglene knyttet til bruk/transport/oppbevaring av farlig stoff. Om biogassanlegget blir eller ikke definert som storulykkevirksomhet vil ikke har påvirkning for krav til planmateriale/dokumentasjon så lenge anlegget ikke gir arealmessige avgrensninger på

naboeiendommer. Forskjellen er oppfølgingen fra DSB, om anlegget defineres som en storulykke bedrift blir oppfølging fra DSB mye tettere og dokumentasjonskrav strengere.»

Om biogassanlegget blir eller ikkje blir definert som storulykkebedrift, vil det ikkje ha innverknad på krav til planmateriale så lenge anlegget ikkje gir arealmessege avgrensingar på naboeigedomar. Forskjellen er oppfølginga frå DSB, om anlegget skulle definerast som ein storulukke bedrift blir oppfølging frå DSB mykje tettare og dokumentasjonskrava strengare.

Det er avhald eit dialog møte med Haugaland brann (HBRE) og redning ifm. planlagt tiltak. Her blei det avklart at ved ein uønskt hending kan brannvesenet ha moglegheit til å dekkja frå begge sider av tankanlegget basert på planlagt tiltak (under dette krav til tilkomst for brannvesenet og sløkkevatn for området). Tilgjengelege beredskapsmateriell i Ølen er mellom anna mannskapsbil, tankbil utan vakt og deltidsmannskaper. HBRE har erfaring med tilsvarande anlegg i nedslagsområde. Dei utarbeidar normalt objektplanar for denne type område/lagring avhengig av bistand frå driftspersonell for lokalkunnskap til anlegget, spesifikt med omsyn til brann og eksplosjonsfare.

Samstundes visar man til TEK17 kapittel 11, som stillar krav til brannkonsept og uavhengig kontroll i forbindelse med brannteknisk prosjektering i søknad om tiltak, jf. mellom anna utsnitt frå TEK17 som seier;

Dokumentasjonen av dette må finnes i prosjektet, og må være utformet på en systematisk og oversiktlig måte slik at den er lett tilgjengelig for uavhengig kontroll og tilsyn.

Det er nødvendig at ansvarlig prosjekterende skaffer informasjon om lokale forutsetninger og rammebetingelser fra kommunen, eventuelt i en forhåndskonferanse. Dette omfatter blant annet brannvesenets utstyr (kjøretøy og høyderedskaper) og sløkkevannsforsyning, jf. 11-17.

Planforslaget varetek etablering av fysiske barrierar, jf. føresegn pkt. 3.1.1, 3. avsnitt som seier;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.


Man regulerer for bla. biogass, det vil sei at ein sikkerheitssone for dette er ein «biogassspesifikt» og gir ein unødig avgrensing i plankartet om tomte brukast til anna formål. Samstundes avhenger omfanget av sonar av løysningar og plasseringar som blir valt for biogassanlegget.

Norsk kontroll AS (NOKON) som er utpeikt teknisk kontrollorgan, har utarbeida *Teknisk notat - Generelle betraktningar om forskriftskrav til biogassanlegg*, dat. 20.02.2026. Av notatet kjem det fram at sikkerheitstiltak for biogassanlegg skal handterast etter DSB sin rettleiar, dette er lagt inn i planføresegner pkt. 3.1.1 siste avsnitt under formålet IND;

DSB sin temarettleiar Temaveiledning om tilvirkning og behandling av farlig stoff, kapittel 2 Biogassanlegg, skal leggjast til grunn for sikkerheitstiltak for biogassanlegg. For sikkerheitsavstandar er tabell pkt. 15.7 Sikkerhetsavstander i temarettleiar veileidande;

Anleggsdel	Avstand til nærliggende objekt	Anmerking
Fyringsanlegg/generatorrom	6-10 m	
Gassbeholder/gassklokke/gassflasker	15-30 m	Avhengig av volum og trykk. (15 m for 50 m ³ gassklokke)
Gassfakkel	6-20 m	Avhengig av fakkelenes høyde
Rånetank	10-20 m	
Avlastningsflater	6-10 m	Avstand fra avlastningsflaten (utvendig)
Gassrørledning, nedgravd eller over grunn	2 m	Til hver side
Gassbrønner	3 m	
Drenskummer	3 m	

Det er gjort ei vurdering av sikkerhetsavstandar i forbindelse med planlagt anlegg. Veileidande sikkerhetsavstandar blir liggjande innanfor planområdet/eigedommen, og er påført *foreløpig situasjonsplan* av Arkipelet AS, dat. 20.02.2026.



DSB har ikkje kome med uttale i høyring, kunn ved oppstart av planarbeidet.

Her har man derfor vurdert at det er mest hensiktsmessig å leggje inn eit rekkjefølgjeføresegn som varetek at sikkerhetsavstandar er vurdert tilstrekkeleg før det blir gitt eit rammeløyve, jf. pkt. 6.1 siste punkt som seier;

Før rammeløyve kan gis:

- skal det ved bruk av område IND til biogassanlegg dokumenterast sikkerhetsavstandar til omkringliggjande naboar/infrastruktur.

I konsekvensutredningsforskrifta finnes det ikkje noko som heitar *uavhengig konsekvensutredning*. I forbindelse med eit reguleringsarbeid er det alltid forslagsstillar sitt ansvar å bestille uavhengige faglege utredningar frå sakkunnige firma. Dette er utført i forbindelse med planendringa. Viser også til uttale frå fylkeskommunen;

*Luktutslepp skal regulerast etter løyver handsama etter forureiningslova.
Fylkesdirektøren legg til grunn at dette vil vere tilstrekkeleg for å unngå vesentleg negativ
verknad.*

Uklare råstoff og framtidig risiko

Endring av råstoff kan ikkje uføres utan ny søknad og løyve frå forureiningsmynde.

Folkemøte

Ein ser det som positivt med stort oppmøte på folkemøte. Det gjer at saka blir godt belyst for alle som blir røra før eit vedtak blir gjort.

Kritikk av prosessen

Kommunen må vurdere.

Konklusjon

Kommunen må vurdere.

1.2.3 Likelydande merknadar frå 4 innsendarar

Det er sendt inn mange likelydande merknadar. Ein har difor valt å svara alle desse under eitt.

Følgjande personar har sendt inn merknad:

1.2.3.1 Kjell Søndena, mottatt 05.02.26

1.2.3.2 Mona Opheim, mottatt 05.02.26

1.2.3.3 Torbjørn Søndena, mottatt 05.02.26

1.2.3.4 Wenche Helen Søndena, mottatt 05.02.26

Innhaldet i merknadane er referert under og alle følgjer i sin heilheit vedlagt.

«Eg viser til høyring av forslag til planendring for Nerheim næringsområde, som legg til rette for etablering av biogassanlegg.

Innsendar er fast busett i umiddelbar nærleik til Njordvegen, og vil vere direkte og vesentleg berørt av den varsla trafikkauken som følgje av tiltaket. Merknadene nedanfor byggjer difor både på prinsipielle plan- og utgreiingsomsyn, og på konkrete lokale forhold knytt til vegstandard, trafikkikkerheit og bumiljø.

Trafikk og transport – mangelfull og misvisande vurdering

Trafikkvurderinga slik ho ligg føre, mellom anna i Norwaste si utgreiing, framstår som utilstrekkeleg og delvis misvisande.

Det vert opplyst at biogassanlegget vil medføre ein gjennomsnittleg trafikkauke (ÅDT) på om lag 54 tunge køyretøy og 7 lette køyretøy per døgn. For Njordvegen inneber dette at talet på tunge køyretøy aukar frå om lag 13 til 67 per døgn – ein meir enn firedobling av tungtrafikken på ein veg som i dag fungerer som lokalveg med låg trafikk og bruk av mjuke trafikantar.

Sjølv om den samla ÅDT-veksten numerisk kan framstå som «moderat», er det den relative auken i tungtrafikk, ikkje total ÅDT, som er avgjerande for konsekvensar knytt til:

- trafikkikkerheit
- støy og vibrasjonar
- slitasje på veg
- opplevd utryggleik og redusert bumiljø

Dette er forhold som i liten grad er reelt vurderte.

Bruk av årsgjennomsnitt (ÅDT) skjuler reell belastning

Norwaste legg til grunn årsgjennomsnittstal fordelte over 210 arbeidsdagar, med transport i hovudsak mellom kl. 07:00 og 19:00. Dette inneber at trafikken i praksis vert konsentrert i bestemte tidsrom på kvardagar, med opptil:

- om lag 7 tunge køyretøy (tur/retur) per time for substrat og bioest
- i tillegg til gass- og CO₂-transport

Når denne konsentrerte trafikken vert «glatta ut» til ÅDT, vert dei faktiske konsekvensane for naboar og lokalvegnett systematisk undervurderte. Dette er særleg problematisk for Njordvegen, der innsendar er busett, og der vegen ikkje er dimensjonert for kontinuerleg tungtransport gjennom dagen.

Manglande vurdering av framtidig og samla trafikk

Norwaste erkjenner sjølv at:

«Det er ikkje vurdert framtidig trafikkvolum som følgje av generell auke i persontrafikk og

tunge køyretøy i Rogaland.»

Dette er ei vesentleg mangel. Trafikkvurderinga tek ikkje høgd for:

- *generell trafikkvekst*
- *annan eksisterande og framtidig næringsverksemd i området*
- *samla belastning på Njordvegen over tid*

Planlegging etter plan- og bygningslova krev vurdering av samla og langsiktige verknader, ikkje berre isolert tiltakseffekt.

Konsekvensar for direkte berørte naboar er ikkje tilstrekkeleg utgreidde

For innsendar, som er busett tett på Njordvegen, vil den varsla auken i tungtrafikk få direkte og føreseielege konsekvensar for kvardagsliv, tryggleik og bumiljø. Desse konsekvensane er ikkje vurderte med naudsynt presisjon, og vert i stor grad reduserte til generelle prosenttal for overordna vegnett.

At nye vegar inne på industriområdet har fortau, er ikkje relevant for strekningane der trafikken faktisk påverkar eksisterande busetnad.

Lukt – avgrensa KU kan ikkje kompensere for manglande heilskap

Det er positivt at kommunen har rådd tiltakshavar til å utarbeide ei konsekvensutgreiing for lukt. Samstundes må det understrekast at:

- *lukt ikkje kan vurderast isolert frå trafikk, drift og lokalisering*
- *ei avgrensa KU for eitt enkelt tema ikkje kan erstatte ei heilskapleg konsekvensutgreiing*

Luktplager vil, på same måte som trafikk, ramme nærliggjande bustader direkte, og må vurderast i lys av reell driftssituasjon, ikkje berre teoretiske føresetnader.

Avsluttande merknad

Slik planforslaget no ligg føre, er ikkje konsekvensane for trafikk, trafikksikkerheit og nærliggjande busetnad tilstrekkeleg opplyste. Dette er i strid med kravet til forsvarleg saksopplysning etter plan- og bygningslova og forvaltningslova.

På denne bakgrunnen vert det kravd at:

- *trafikk og transport vert utgreidd meir grundig, med særleg vekt på tungtrafikk og lokale vegar*
- *konsekvensar for direkte berørte naboar vert eksplisitt vurderte*
- *kommunen vurderer om tiltaket samla sett utløyser krav om full konsekvensutgreiing*

Før slike forhold er tilstrekkeleg belyste, meiner innsendar at planendringa ikkje bør førast vidare.»

Forslagsstillars kommentar:

Trafikk og transport – mangelfull og misvisande vurdering/Bruk av årsgjennomsnitt (ÅDT) skjuler reell belastning/Manglande vurdering av framtidig og samla trafikk

Trafikkvurderinga av NORWASTE er no oppdatert, jf. vedlegg. Det er i planføresegner satt inn krav om tiltak for å sikra mjuke trafikantar i samsvar med anbefalinga i trafikkvurderinga.

Visar mellom anna til planskildringas omtale om *trafikk*, kapittel 6.8. Her blir det dokumentert at auke i trafikk kunn er ein liten prosentdel av forutsett trafikkmengd for denne type veg.

Konsekvensar for direkte berørte naboar er ikkje tilstrekkeleg utgreidde

Trafikkløysinga som er lagt til grunn varetek mjuke trafikantar, det visast til vurdering gjort i oppdatert *ROS-analyse* av Teknaconsult der det mellom anna er sagt;

Konsekvensutredning for trafikk og transport utarbeidet av Asplan Viak vurderer at eks. veier har kapasitet for denne trafikkmengden. Trafikkvurdering utarbeidet av Norwaste 24.11.2025 vurderer at de nye veiene som er etablerte inne på industriområdet/detaljreguleringsplan er av tilstrekkelig høy standard med fortau til å ivareta myke trafikanter.

Avbøtende tiltak er foreslått i KU og fulgt opp i gjeldende plan via rekkefølgekrav.

Avbøtende tiltak i Trafikkvurdering utarbeidet av Norwaste 24.11.2025 som omfatter fysiske tiltak er hjemlet i rekkefølgekrav og ved spesifikasjoner i formålsbestemmelser for veianlegg. Avbøtende tiltak i Trafikkvurdering utarbeidet av Norwaste 24.11.2025 som angår driftsrutiner blir en del av planleggingsforutsetningene som skal tas opp til nærmere vurdering. Vurderingen skal baseres på faktisk behov, handlingsrom for implementering av de avbøtende tiltak og om de er praktisk gjennomførbare.

Nye trafiksikkerhetstiltak: (overgangsfelt, kanalisering, fortau, GS-vei, belysning mm.) i og nær krysset Njordvegen-Sandeidvegen bør gjennomføres før brukstillatelse gis til biogassanlegget. Forholdene er hjemlet i rekkefølgekrav. Da tiltaket ikke er ansattintensivt vurderes det at bussholdeplasser kan utsettes og etableres når den nye traséen for E134 skal etableres.

Lukt – avgrensa KU kan ikkje kompensere for manglande heilskap

Konsekvensutredning-lukt av Recul legg til grunn empiriske data, i dokumentet er det sagt;

Spredningsberegningene som Recul har gjennomført, bygger på datagrunnlag fra oppdragsgiver kombinert med erfaringsverdier fra sammenlignbare biogassanlegg. Recul har omfattende erfaring med luktreduksjon ved over 20 biogassanlegg i Norge gjennom en årrekke. Vi besitter robuste og kvalitetssikrede data fra anlegg med sammenlignbare prosesser og substrater, som gir et solid grunnlag for pålitelige luktvurderinger. Disse dataene inneholder lukt- og luftmengdemålinger med tilhørende spredningsberegninger, i tillegg til omfattende kjemiske målinger på luftstrømmer på ulike anlegg. Disse dataene brukes for å sikre riktig valg av renseteknologi i hvert enkelt tilfelle.

Tema som ikkje er omtala i KU i forbindelse med dagens gjeldande plan er no vurdert med omsyn til at ein opnar opp etablering av eit biogassanlegg. Med dette blir det vurdert at KU gir heilskap til prosessen.

Avsluttande merknad

Kommunen som planmynde må vurder om dei analysar og vurderingane som føreligg er tilstrekkelege.

1.2.4 Likelydande merknadar frå 2 innsendarar

Det er sendt inn 2 likelydande merknadar. Ein har difor valt å svara desse under eitt. Desse har sendt inn merknad:

1.2.4.1 Aud-Oddny Tvinnereim, mottatt 26.01.26

1.2.4.2 Einar Fjeldheim, mottatt 26.01.26

Innhaldet i merknadane er referert under og begge følgjer i sin heilheit vedlagt.

«Jeg viser til varsel om planendring for Nerheim industrifelt. Som grunneier langs elven som renner direkte fra planområdet og ned gjennom sentrum, ønsker jeg å fremme mine merknader til planforslaget.

Selv om min eiendom ligger ca. 1600 meter fra selve planområdet, er vi direkte berørt som følge av anleggets plassering ved vassdraget. Overgangen fra «lettere industri» til et storskala biogassanlegg medfører en betydelig økt risiko for vannkvalitet, naturmangfold og bomiljø som må utredes og sikres grundig.

Jeg krever at følgende punkter blir hensyntatt og innarbeidet som bindende rekkefølgebestemmelser i planen:

1. Beskyttelse av vassdraget og lokalt fiskeliv

Elven er en levende biotop med forekomst av småfisk. Dette biologiske mangfoldet er svært sårbart for endringer i vannkvalitet og akutte utslipp av nitrogenrikt substrat eller prosesskjemikalier.

** Krav: I tråd med Naturmangfoldloven §§ 8-12 må det gjennomføres en uavhengig kartlegging av naturmangfoldet i elven før anlegget godkjennes.*

** Krav: Det må stilles krav om tette flater med oppsamlingsbasseng som kan romme hele anleggets væskevolum ved et eventuelt havari (dobbel barriere), slik at forurensning aldri når elven.*

2. Flomsikring og overvannshåndtering

Utbyggingen på Nerheim medfører store asfalterte flater som øker avrenningen til elven. Jeg er bekymret for at elveløpet nedstrøms ikke er dimensjonert for denne økte belastningen under ekstremvær.

** Krav: Det må stilles krav om omfattende fordrøyningsbasseng på Nerheim slik at vannføringen i elven og forbi boligene ikke øker som følge av utbyggingen.*

3. Luktspredning langs elvekorridoren

Elveløp fungerer ofte som «luftkorridorer» der lukt kan transporteres over lange avstander, selv ved lav vindhastighet.

** Krav: Jeg krever at det benyttes «Best Tilgjengelige Teknologi» (BAT) for lukttrensning (ozonanlegg/kjemiske vaskere), og at det gjøres spesifikke luktsimuleringer som tar høyde for terrenget langs elva ned mot sentrum.*

4. Kontinuerlig overvåking og varsling

Ved eventuelle uhell vil forurensning spre seg raskt nedover vassdraget.

* *Krav: Det må etableres et automatisk overvåkningsystem i elven som varsler både myndigheter og berørte grunneiere umiddelbart ved endringer i vannkvaliteten.*

Konklusjon:

Jeg krever at hensynet til Naturmangfoldloven og vassdragssikkerheten prioriteres. Planendringen bør ikke godkjennes uten juridisk bindende garantier for at den eksisterende fiskebestanden i elven og bomiljøet langs vassdraget sikres mot forurensning og økt flomrisiko.»

Forslagsstillars kommentar:

1. Beskyttelse av vassdraget og lokalt fiskeliv

Føresegna varetek at forureining til vassdrag ikkje skal skje. Her er allereie føresegner i gjeldande plan som tek omsyn til Eideelva. Jf. planføresegnene pkt. 2.2;

Overvatn frå planområdet har avrenning til Eideelva og bekkeløp i nordvest. Ved utbygging skal overvatn fordrøyast innanfor planområdet gjennom ein kombinasjon av infiltrasjon og fordrøying av tak- og overflatevatn.

Løysingar for handtering av overvatn skal inngå i teknisk plan, både for anleggsperioden og for ferdig opparbeida areal. Tilstrekkeleg store avskjerande grøfter, fordrøyingsareal, nødvendige sandfang og fangdammar skal etablerast for å unngå auka tilførsel av partiklar til vassdraga, for å hindre forureining i anleggs- og i driftsfase og ikkje auka flaumfare i vassdrag.

Utslepp til vassdrag skal ikkje påverke vasskvaliteten slik at tilstandsklassen for resipienten endrast negativt.

Tiltak for handtering av overvatn skal dimensjonert og prosjektert i høve til VA-norm for Vindafjord kommune og skal vere del av søknad om byggeløyve eller teknisk plan. Dimensjonering av anlegg for overvatn må ta omsyn til areala oppstraums og nedstraums, både regulerte og uregulerte. Tiltaka skal godkjennast av Vindafjord kommune.

I tillegg er det spesifisert for biogassanlegget at det her skal leggst inn barrierar/forseinkingar i tilfelle ein uønskt hending oppstår på anlegget. Det er og krav om MOP (miljøoppfølgingsplan) no spesifisert for å også omhandle anleggsfasen, jf. pkt. 3.1.1 avsnitt 3. og 5;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.

...

Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP), som eit sentralt styringsverktøy for miljøleiving av anlegget. Planen skal beskrive kordan miljømessige forhold skal overvakast, kontrollerast og rapporterast gjennom anleggets anleggs- og driftsfase. Planen skal vera

eit «levande» dokument og skal brukast for å førebu, overvaka og handtera miljøpåverknadar på ein systematisk og dokumenterbar måte.

Naturmangfald er vurdert i dagens gjeldande plan, og blir samstundes vareteke med planføresegner over.

2. Flomsikring og overvannshåndtering

Handtering av flaum er avklart i dagens gjeldande plan. Planområdet er opparbeidd høve til teknisk plan godkjend av Vindafjord kommune. Ferdig opparbeidd anlegg inkl. handtering av flaum, her under omlegging av bekk, er godkjend av Vindafjord kommune.

Overvasshandtering blir handtert, jf. svar i punkt 1.

3. Luktspredning langs elvekorridoren

Simuleringar som er utført tar høgde for terrengformasjonar i området.

BAT følgjer som vedlegg i utsleppsløyve, og er ikkje ein del av plandokumenta iht. plan- og bygningsloven.

4. Kontinuerlig overvåking og varsling

Visar til krav om MOP, sjå svar i punkt 1.

1.2.5 Likelydande merknadar frå 2 innsendarar

Det er sendt inn 2 likelydande merknadar. Ein har difor valt å svara desse under eitt. Desse har sendt inn merknad:

1.2.5.1 Brede Mannes, mottatt 05.02.26

1.2.5.2 John Harald Mannes, mottatt 05.02.26

Innhaldet i merknadane er referert under og begge følgjer i sin heilheit vedlagt.

«Viser til pågående plan- og behandlingsprosess knyttet til etablering av biogassanlegg i Ølen.

1. Overordnede bekymringer

Vi er bekymret for at den foreslåtte plasseringen av anlegget kan få betydelige og langsiktige negative konsekvenser for Ølen som lokalsamfunn.

Dette gjelder særlig:

- *framtidig bosetting og trivsel for eksisterende innbyggere*
- *attraktivitet for tilflytting og nyetablering*
- *utviklingsmuligheter for annen næringsvirksomhet i området*
-

Ølen er et samfunn som i dag kombinerer bolig, service, handel og industri på en balansert måte som har gjort bygda attraktiv både som bosted og investeringssted.

Et biogassanlegg av den tiltenkte størrelsen og karakteren – med risiko for lukt, støy, tungtransport og økt industripreg – vurderes å kunne svekke denne balansen betydelig.

2. Kritikk av prosessen

Det er urovekkende at Biovind ble omtalt som «aktør» i kommunale dokument lenge før prosjektet var offentlig kjent, og før nødvendige faglige vurderinger var gjennomført.

Videre fikk selskapet kjøpt tomt uten at konsekvenser, risiko eller alternative lokasjoner var vurdert. Dette gir inntrykk av en prosess der konklusjonen har vært delvis forhåndsbestemt, og der uavhengige vurderinger ikke i tilstrekkelig grad er innhentet før avgjørelser ble tatt. Når et selskap uten etablert driftsmerittliste gis tilgang til kommunalt areal før planfaglige vurderinger foreligger, svekkes tilliten til planprosessen som helhet.

3. Mangelfulle vurderinger av konsekvenser

Vi savner at konsekvensene for lokalsamfunnets langsiktige utvikling er bredere og mer uavhengig vurdert. Flere forhold fremstår som uavklarte:

- *manglende uavhengig risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)*
- *mangelfull vurdering av luktspredning og avbøtende tiltak*
- *mangelfull trafikk- og transportanalyse*
- *utilstrekkelig vurderinger av påvirkning på boligområder, omdømme og bokvalitet*
- *manglende reell analyse av alternative lokasjoner som kan være mer egnet*

Et tiltak av denne typen og størrelsen vil påvirke innbyggernes hverdag, trivsel og trygghet i flere tiår framover.

Det er avgjørende at kommunen sikrer et beslutningsgrunnlag som ivaretar både eksisterende og fremtidige innbyggere og arbeidsplasser.

4. Vurdering av lokalisering

Biogassanlegg av denne typen må plasseres på steder med god avstand til boligområder, institusjoner og sentrumsnære funksjoner.

Den foreslåtte plasseringen på Nerheim næringsområde ligger svært tett på dagens og framtidige boområder, i tillegg til sentrumsfunksjoner og ferdsel.

Et slikt anlegg vil gi permanente endringer i arealbruk, trafikkmønster og opplevd miljøkvalitet. Etter vår vurdering er lokaliseringen derfor ikke egnet.

5. Konklusjon

Basert på mangler i prosess, uavklarte forhold og utilstrekkelige faglige vurderinger, mener vi at det ikke foreligger et forsvarlig grunnlag for å gjennomføre planendringen slik den nå foreligger.

Vi ber derfor om at planendringen stoppes, og at det ikke åpnes for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde i Ølen.

Kommunen oppfordres videre til å gjennomføre uavhengige analyser og vurdere alternative lokasjoner dersom prosjektet skal vurderes videre.»

Forslagsstillars kommentar:

1. Overordnede bekymringer

Kommunen vurderer.

2. Kritikk av prosessen

Kommunen vurderer.

3. Mangelfulle vurderinger av konsekvenser

Forslagsstillar har levert uavhengige fagkunnige utgreiingar på tema som er viktige ved etablering av eit biogassanlegg.

Kommunen som planmynde vurderer om disse er tilstrekkeleg opplysende for saka.

4. Vurdering av lokalisering

Rogaland fylkeskommune som utarbeidar *Areal og transportplan for Haugalandet* har i sin uttale til saka vurdert at lokaliseringa er god;

Fylkesdirektøren vurderer i utgangspunktet lokasjonen som godt eigna for eit biogassanlegg. Området er sett av til industri, og det er få bustadar som nære naboar.

Anlegget skal ikkje gje nemneverdig påverknad på omgjevnadane. Planføresegner setter krav til støy og lukt høve til grenseverdier satt i egne veileiderar. Planføresegner sikrar avbøtande tiltak for støy, lukt og forureining.

5. Konklusjon

Kommunen som planmynde vurderer.

1.2.6 Likelydande merknadar frå 2 innsendarar

Det er sendt inn 2 likelydande merknadar. Ein har difor valt å svara desse under eitt. Desse har sendt inn merknad:

1.2.6.1 Erlend Økland, mottatt 04.02.26

1.2.6.2 Vegard Økland, mottatt 05.02.26

Innhaldet i merknadane er referert under og begge følgjer i sin heilheit vedlagt.

«Viser til forslag om å endre detaljreguleringa for Nerheim næringsområde, slik at Biogassanlegg kan etableres på industriområde. Eg stiller meg sterkt kritisk til biogassanlegg på dette område med hensyn til flere bekymringsområder.

Luktproblemer

Ein av dei største bekymringsområdene er koblet til lukt. Det er snakk om store mengder råstoff som skal brukas in anlegget, deriblant husdyrgjødsel, slakteriavfall og fiskeslam. Etter planen er det forvente at anlegget skal behandle over 200 000 tonn råstoff i året. Dette vil kunne gi store plager til naboar og nære boliger med tanke på lukt, kor denne kan ende med å spre seg vidare til Ølen sentrum.

Økt trafikk og tungtransport

Eit anna bekymringsmoment er med tanke på trafikk. Med alt råstoffet som skal føres til anlegget og bioest som skal føres vekk frå anlegget så vil dette føre til økt trafikk i Eiodalen og i Ølen generelt. Dette vil auke påkjenninga på vegen, føre til økt fare for myke trafikantar og barn, og vil kunne være med på å øke luktproblemane ved å lettere spre lukten vidare rundt i Ølen sentrum og i nærområdene rundt Ølen.

Støyproblemer og ringvirkningar

Støy er også ei stor bekymring, både frå anlegget sjølv og med trafikken som skal gå til og frå anlegget. Kombinasjonen av luktproblemer, støy og tung trafikk kan ha ringvirkningar for lokalsamfunnet og blant annet føre til ulempe for det resterande næringslivet i Ølen. Blant annet har Berge Sag uttalt at det vurderast å flytte bedrifta ut av kommunen dersom anlegget blir realisert. Utover dette er eg bekymra for at biogassanlegget vil føre til at færre personar, særleg yngre personar, vil ønske å bli værande i Ølen eller flytte til Ølen, på grunnlag av lukt og støy.

Landbruk, dyrevelferd og dyrhelse

Utover generelle bekymringar har eg også nokon egne bekymringar med hensyn til opprettelse av biogassanlegget. Eg er oppvaksen på garden som er nærmaste nabo til næringsområde på Nerheim, og garden vil også bli nærmaste nabo til det planlagde biogassanlegget. Særleg beite

kor husdyr beiter vil ligge rett ved anlegget. Eg er bekymra for korleis eit biogassanlegg vil påverke drifta på garden, ettersom storfe skal ferdast like i nærleiken. Lukt, støy og andre forstyrringar kan potensielt gå utover velferda til dyra. Det er samtidig eit spørsmål om avrenning frå anlegget til vassdrag. Nærliggende vassdrag går enten gjennom eller langs beiteområde, og dersom det skulle komme avrenning fra biogassanlegget til vassdrag vil dette kunne gå utover helsa til husdyra. I verste fall vil dyra kunne bli sjuke eller døy.

Eit biogassanlegg på Nerheim vil kunne gjera det vanskeleg å drive garden, både med tanke på husdyrproduksjon og for vanlig drift som følge av lukt, støy og trafikk. Eg er aktuell til å ta over garden på odel, men med et biogassanlegg så nærme gard og bolig vil det være mindre attraktivt for meg å flytte tilbake til Ølen og ta over. Det vil særleg være

lite attraktivt dersom eg i tillegg skulle slått meg ned på garden med familie og barn. Eg er antakeleg ikkje aleine i denne tenkinga, og det generelle resultatet av biogassanlegget vil kunne være meir fråflytting, mindre tilflytting, tap av lokale bedrifter, redusert verdi på eigedom og dårlegare vilkår for landbruk i området.

På bakgrunn av dette ber eg om at planendringa blir stoppa, og at det ikkje blir opna for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde.»

Forslagsstillars kommentar:

Luktproblemer

Visar til KU-lukt der det er sagt;

De gjennomførte beregningene og risikovurderingene viser at biogassanlegget i Ølen ikke forventes å gi merkbare luktulempere for naboer. Selv i timene i året med de mest ugunstige værforholdene, er nivåene svært lave og normalt ikke merkbare.

Planføresegner pkt. 3.1.1, avsnitt 6;

Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

Visar og til fylkeskommunens uttale som seier;

Luktutslepp skal regulerast etter løyver handsama etter forureiningslova.

Fylkesdirektøren legg til grunn at dette vil vere tilstrekkeleg for å unngå vesentleg negativ verknad.

I ROS-analysen er det sagt;

Miljøoppfølgingsplan og overvåkingsprogram for driftsfasen skal overvåke, kontrollere og dokumentere luftkvalitet.

Dette er et verkemiddel som skal nyttast for å ha kontroll og motverka uønskt hendingar.

Økt trafikk og tungtransport

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar inngår som del av ROS-analyse, og baserar seg på oppdatert trafikkvurdering av NORWASTE dat. 20.02.26.

Visar til planskildringa der det kjem fram at auke i ÅDT som følgje av etablering av eit biogassanlegg er svært liten i forhold til det veganlegga er dimensjonert for, sjå utklipp frå planskildringa under:

Visar til revidert trafikkvurdering av Norwaste, dat. 20.02.2026, med følgjande anbefalte tiltak;

- 1. Sikkerheten for syklende og gående bedres ved å etablere skilting, fotgjengerovergang over både Fv514 og Njordvegen.*
- 2. Anbefaler etablering av kollektivholdeplass ved krysset.*
- 3. Vi anbefaler ikke at ny gang- og sykkelveg langs FV 514 tas inn i dette planforslaget.*
- 4. Intern logistikk bør styrkes med oppstillingsplasser og gode manøvreringsarealer slik at kø ikke bygger seg opp ut mot fylkesvegen.*
- 5. Trafikk med tunge kjøretøy kan med fordel fordeles utover vanlig arbeidstid til helgedager og kveld, for å sikre at trafikken flyter best mulig.*
- 6. Det anbefales å etablere en egen oppstillingsplass for service kjøretøy ved pumpestasjonen til Ølen Vassverk, samt å innføre parkeringsrestriksjoner innenfor siktesonen i krysset.*

7. Videre bør siktsoner legges inn som hensynssoner i reguleringsplanen for å sikre at de ikke bygges ned eller blokkeres.

Våre kommentarer til punkta over:

1. Skilting, belysning fotgjengerovergang, fortau og anna regulerte trafikktryggleikstiltak er tatt inn som rekkjefølgjeføresegner før det gis bruksløyve.
2. I samråd med Vindafjord kommune er etablering av kollektivhaldeplass med leskur tatt inn som rekkjefølgjeføresegner når det skal etablerast arbeidsplassintensiv verksemd innanfor planområdet.
3. Dette er og vurdert i dagens gjeldande plan, og skuleveg går separert frå fv. 514. I tidlegare planarbeid lenger nord er det heller ikkje sett krav om gang-/sykkelveg langs fv. 514.
4. Visar til foreløpig situasjonsplan som visar gode oppstillingsplassar og manøvreringsareal internt i området. Det vil bli god spreining av trafikk til og frå område gjennom dagen.
5. Det vil naturleg bli ein jamn fordeling av tunge køyretøy utover dagen og veka, ettersom anlegget har avgrensa mottaks kapasitet.
6. Når anlegg for mjuke trafikantar blir etablert høve dagens gjeldande plan vil avgrensing mellom areala medføra tydeleg skilje. For å sikre at det ikkje blir biloppstilling i siktsona er det lagt til planføresegn pkt. 4.1 som seier;
Innanfor frisiktsona H140_1 i formål L1 skal det etablerast grøntanlegg.
7. Frisiktsona H140 og H140_1 med frisiktlinjer på 10x96 m er allereie vist i dagens gjeldande plan, sjå kartutsnitt under.



Planføresegna sikrar at mjuke trafikantar er vareteke, pkt. 3.3.1 frå tredje avsnitt:

Kryss FV 514 Sandeidvegen x Njordvegen skal utformast slik at «annan veggrunn» blir overkøyrbart areal som gir framkommelegheit for tunge køyretøy. Det skal utbetrast

kryss mellom FV 514 og Njordvegen. Dette omfattar skilting, belysning, fortau, kryssingspunkt og busslommer med leskur i høve godkjente tekniske planar.

Alle tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal ha teknisk utforming i samsvar med krava i gjeldande handbok N100 «Veg- og gateutforming». Tekniske teikningar for alle tiltak som berører fylkesvegnettet skal sendast til vegstyresmakta for gjennomsyn.

Teikningsgrunnlaget skal vera i samsvar med handbok R700.

I samband med gjennomsyn av dei tekniske planane skal det bli avklart om det er behov for ein gjennomføringsavtale for tiltaka. Ein eventuell gjennomføringsavtale skal vera inngått med Rogaland fylkeskommune før byggjeart.

Rekkjefølgjeføresegnene, pkt. 6.3 første og siste punkt:

Før bruksløyve til nye tiltak kan gis:

- skal tryggingstiltak knytt til FV514 og Njordvegen opparbeidast med fortau, kryssingspunkt, lyssetting og skilting i samsvar med reguleringsplan og teknisk plan godkjent av vegeigarane.

...

Før bruksløyve til nye arbeidsplassintensive verksemdar kan gis:

- skal kollektivanlegg inkl. leskur i høve godkjente tekniske planar vere opparbeidd og godkjend av Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune.

Støyproblemer og ringvirkningar

Anlegget skal ikkje gje nemneverdig påverknad på omgjevnadane. Planføresegner setter krav til støy og lukt høve til grenseverdier satt i eigne veileiderar. Under følgjer planføresegner på støy pkt. 2.5;

Miljødirektoratet si retningslinje i T-1442 skal leggast til grunn for rammeløyve for bygging i området. Grenseverdiane for støy, jf. tab. 3 i retningslinjene, skal leggast til grunn. Kommunen kan krevje dokumentasjon av støy frå verksemda og ved behov kan det bli kravd etablering av støydempande tiltak innanfor område regulert til industri, næring og kombinert formål.

Ved bustadar utanfor planområdet skal samla støybidrag frå planområdet ikkje overstige retningslinje T-1442, gul sone for industri med heilkontinuerleg drift.

Pkt. 3.1.1 avsnitt 7 og 8;

Støynivå frå IND skal tilfredsstillere grenseverdier for industri med heilkontinuerleg drift i retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, men med følgjande spesifisering for støy i ulike periodar av døgnnet:

a. $L_{day} \leq 50$ dB

b. $L_{evening} \leq 45$ dB

c. $L_{night} \leq 40$ dB

Seinast ved søknad om igangsetjing må det dokumenterast at støy frå bedrifta tilfredsstillere grenseverdier.

Støynivå frå IND skal tilfredsstillere grenseverdier gitt i retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520.

Landbruk, dyrevelferd og dyrhelse

I vest grenser tomta til dyrka mark, men har ei byggjegrænse på 4 m. I sør er det ein buffer i form av faresone for høgspenn. Her er avstanden ca. 50 m, i tillegg kommer ei byggjegrænse på 4 m.

Sikring til omgjevnadane er vareteke i føresegnar, jf. pkt. 3.1.1, 4. avsnitt som seier;

Det skal etablerast sikringstiltak i form av sikringsgjerde/annan sikring ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Sikring kan etablerast i formålsgrænse, tilkomst kan sikrast med port/inngangskontroll. Sikring skal være 2 til 3 m høgde frå ferdig planert terreng.

Ved en uønskt hending er det lagt inn krav om barrierar som fangar opp og hindrar at biomasse fører ut terreng, dette er vareteke i føresegnar, jf. pkt. 3.1.1, 3. avsnitt som seier;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.

1.2.7 Anne Grete Djuve, mottatt 23.01.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Nokre kommentarar til planane om bygging av biogassanlegg på Nerheim

Dette anlegget er tenkt bygd så nært Ølen sentrum at det er mange betenkeligheter med dette.

- **Luktplage:**

Ølen sentrum ligg slik til at me er omkransa av fjell på fleire kantar. Eg er redd for at dersom det blir lukt frå anlegget vil den sige nedover mot heile sentrum og bli liggjande i bygda lenge utan å bli utlufta. Dette gjeld og eventuelle gassar frå prosessen som kan vera farlege ved uhell/ utilsikta hendingar. Erfaringar har vel vist at ting kan skje i eit slikt anlegg.

- **Trafikk:**

Etter det eg har forstått vil det og bli auka trafikk av tunge kjøretøy både på dagtid og muligens om natta.

På dagtid vil denne trafikken gå i område med skulevegog handel og mange mjuke trafikantar vil bli eksponert for denne trafikken.

Om natta vil den kunne bli sjenerande for folk som bur nært dette området. Me har anna verksemd i bygda som har mykje sjenerande støy i periodar og bygda bør skjermast for meir støy.

- **Sentrumsnær småindustri/ handel:**

Eg er og redd for eit så arealkrevjande prosjekt vil blokkera for utbygging av annan småindustri og handel på eit område som ligg så nært sentrum at dette arealet vil vera godt eigna til publikumsretta verksemd som bygda treng som vedteke kommunesentrum.»

Forslagsstillars kommentar:

Luktplage:

I planføresegner er det allereie tatt inn at;

Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

I ROS-analysen er det sagt;

Miljøoppfølgingsplan og overvåkingsprogram for driftsfasen skal overvåke, kontrollere og dokumentere luftkvalitet.

Dette er et verkemiddel som skal nyttast for å ha kontroll og motverka uønskt hendingar.

Trafikk:

Trafikkauke er vurdert å vera marginal i høve dimensjoneringa på veganlegga. Planføresegner sikrar etablering av anlegg som varetek trafikktryggleiken for mjuke trafikantar, jf. planføresegner pkt. 3.3.1 3.-5. avsnitt og rekkjefølgjeføresegner pkt. 6.3 første og siste punkt.

Sentrumsnær småindustri/handel:

Nerheim næringsområde er ikkje omfatta av sentrumsfunksjonar og vil med etablering av eit biogassanlegg ikkje ha påverknad på handel som går føre seg nede i Ølen sentrum.

1.2.8 Anne Randi Garatun og Henrik Garatun, mottatt 05.02.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Viser til oppstart av planarbeid, datert 23.10.25.

Eg og min ektemann stiller oss bak uttalelsen til dotter vår, Gustava Garatun, som bur i Nerheimsvegen 84.

Det er ikkje forsvarleg å byggje biogassanlegg så nært til boligområde og sentrum. Me er bekymra for konsekvensane det vil ha for lokalsamfunnet.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknaden til Gustava Garatun i pkt. 1.2.20.

1.2.9 Audun Økland og Gitte Halvorsen, mottatt 06.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Nerheim næringsområde, så godt som midt i sentrum av Vindafjord sitt kommunesenter, er ikkje ei egna lokasjon for det som kan bli eit av Noregs største anlegg for omdanning av biologisk avfall.

Vi meiner omregulering av sørlege del av Nerheim næringspark til industri, som opnar for etablering av biogassanlegg, er uansvarleg og feil.

Biogassanlegg på Nerheim er ikkje rett verksemd på rett plass.

Grunngjeving og spørsmål:

1. Vind

Biovind har basert luktrisikooanalysen sin (jf. rapport 14-2024, Norwaste) på modellerte verdata, som dei har verifisert mot vindrose frå næraste verstasjon, i Vats. Dette er uforståeleg for oss, då vindrosa ikkje samsvarar med vindmønsteret på Heiabø (og dermed tomta til Biovind), slik vi har erfart dei 28 åra vi har budd her.

Nerheim næringspark ligg i eit dalføre med retning nord-sør, med Ølensfjorden i nord og Sandeidfjorden i sør. Klimavakten (meteorologisk institutt) har opplyst at i ein dal som mellom Sandeid og Ølen, med fjell i retning nord-sør på begge sider, vil vind frå sørlege retningar følgje fjellformasjonane og gi vind frå sør, mens vind frå nordlege retningar gir vind frå nord. Hovudvindretninga forbi næringsområdet vil derfor i praksis komme anten frå nord eller frå sør.

Vår erfaring som busette på Heiabø er at det oftast kjem vind frå sør, men og mykje frå nord. Ved vind frå sør vil luktutslepp då førast rett ned til Ølen sentrum, som ligg litt over ein kilometer unna. Vi meiner derfor at anlegget vil påverke nærområdet og Ølen sentrum mykje meir enn det som kjem fram av konsekvensutgreiinga for lukt. Ved vind frå nord vil lukta kjennast langt sørover dalen mot Sandeid.

For eit prosjekt med så potensielt store konsekvensar for busetnad, næringsliv og lokalsamfunn meiner vi det er avgjerande og eit minimumskrav at risikooanalysar vert utarbeidd på grunnlag av reelle vinddata, frå den konkrete plassen.

Biovind har hatt god tid til å sette opp vindmålarar og hente inn korrekte vinddata på tomte over eit lengre tidsrom. Tomtene på Nerheim Næringspark var godt opparbeidde og tilgjengelege for vindregistrering allereie i 2022.

2. Avstandar til busetnad og næring rundt Nerheim næringspark:

Vi bur på og driv garden Heiabø, som er næraste eigedom sør for Nerheim næringspark. Foretaket er ei næringsverksemd med mjølkeproduksjon, ammekuproduksjon og kjøttproduksjon. Avstanden mellom garden Heiabø si eigedomsgrense og Biovind si tomtegrense er om lag 50 meter. Avstanden til driftsbygningen med storfe er 165 meter. Arealet imellom er fulldyrka mark, som skal stellast og haustast gjennom heile vekstsesongen, eller innmarksbeite som skal stellast og beitast med storfe. Avstanden frå tomtegrensa til dei to bustadhusa på garden er 220 m og 170 m (målt i NIBIO gardskart).

Ved å måle på kart, finn ein 11 bustadar innanfor 500 m frå tomtegrensa. (Avstandane er målt i NIBIO gardskart som kortaste avstand til tomtegrense). Dei to næraste bustadhusa ligg berre 150 m og 170 m frå tomtegrensa. Dei øvrige har avstand 220 m til 500 m frå grensa.

Det ligg ytterlegare bustadar/bustadfelt og gardsbruk frå 530 m frå anlegget si tomtegrense både sør, aust og nord til Ølen sentrum. Til krysset mellom E134 og Fv 514 Sandeidvegen er det 1360 m i luftlinje frå Biovind si tomtegrense.

Elles ligg bedriftene Fagne og Berge Sag XL Bygg, høvesvis 520 m og 590 m frå Biovind si tomtegrense, mens Ebne plantesalg (Hageland) i starten av Njordvegen ligg 840 m unna.

Dette er usedvanleg tett på det som kan bli eit at dei største biogassanlegga av sitt slag i norsk målestokk.

3. Lukt

Biogassanlegget vart i starten framstilt av interessentane som luktfritt. Etterkvart som biogassanlegg har fått meir omtale i media, er det åpenbart at dette ikkje er tilfelle. Renevo sitt anlegg på Stord, som vart stengt på grunn av luktproblem, hadde godkjenning for mottak av 22.000 tonn substrat. Anlegget Biovind ønskjer å bygge i Ølen er planlagt for til saman 226.000 tonn substrat. Det er meir enn 10 gonger så stort. I tillegg ligg det mykje nærare busetnad enn anlegget på Stord. Dette gir grunn til stor bekymring for omfanget av lukt, avrenning, utslepp og generell belastning på lokalmiljøet.

Så langt vi har funne er det mange biogassanlegg i Noreg der det har vore problem med lukt.

Det kan nemnast:

- Biogassanlegget i Rådal med lekkasje av hydrogensulfid, anlegget har hatt vedvarande luktproblem sidan oppstart i 2016.
- Trollmyra biogassanlegg (Jevnaker), der det i august 2022 oppstod skade på ein råtnetank, som gav store luktplager i området.
- Romerike Biogassanlegg (Esval Miljøpark), som har hatt fleire tekniske utfordringar som har resultert i luktutslepp, og vedlikehaldsarbeid førte til midlertidig luktproblem for nærområdet.
- Den magiske Fabrikken (Tønsberg), der det var registrert 80 klager frå bebuarar på ein dag då ei intens lukt dukka opp **igjen** i området.
- Havilla sitt anlegg i Eikangervåg i Molde hadde utslepp av 3,4 -4 mill. liter biogjødsel i september 2025.

Recul har vore involvert i levering av teknologi til 2 av anlegga som har hatt problem. Dette gjeld Den magiske Fabrikken i Tønsberg og Havilla sitt anlegg i Molde. Dokumentert gjennom e-post.

Erfaringar viser at luktproblem kan være betydelege, **sjølv ved strenge driftsrutinar**. Dette vil vere særleg kritisk i dette tilfellet, då anlegget er planlagt så nær Ølen sentrum, Vindafjord kommune sitt administrasjonssenter.

I Luktrisikovurdering, rapport 14-2024 Norwaste, er tunet vårt merka med svart ring (fig. 5) og konsekvensutgreiinga seier at dei mest utsette naboane vil oppleve lukt.

I Konsekvensutredning Lukt av 03.12.2025, utarbeidd av Recul, kan ein lese på side 11: «Anlegget er ikke bygget enda, så endelig design av anlegget, val av prosessutstyr og luktreduksjonsteknologi er ikke gjennomført enda». Dei skriv og på side 20: «Spesielle hendelser (uhell, havarier, etc.) er ikke medtatt i risikovurderingen».

Likevel konkluderer konsekvensutgreiinga med «ubetydelig luktpåvirkning for naboer.»

Dette gir ikkje oss som naboar tiltru til verdien av konsekvensutgreiinga.

4. Transport – lukt, støy, støv, trafikktryggleik

Subtratet vil bli transportert til anlegget via Fv 514 Sandeidvegen eller inn til Ølen sentrum via E134, frå aust eller vest, og opp Eiodalen. Det betyr at eit stort tal tankbilar og containerbilar, med t.d. slakteavfall, vil passere gjennom Ølen sentrum, med skular, barnehager, butikkar/- handlesenter, offentlege bygg, bustadar og næringsbygg, kvar dag.

Alle som har kjørt bak slike bilar, veit korleis dei luktar.

Alle desse bilane skal inn og ut av krysset mellom E134 og Fv 514, der det og er eit relativt nyetablert handlesenter. Dette krysset er hardt belasta alt i dag, særleg morgon og ettermiddag. Vi er uroa for korleis dette vil påverke trafikktryggleiken i sentrum og vidare opp mot næringsområdet, både for mjuke trafikantar på veg til og frå skule, arbeid og heim, og auka risiko for ulykker mellom kjøretøy.

Ein kan risikere at desse transportane vert ståande i krysset over eit lengre tidsrom i den verste trafikken visse tider av døgnet. Ein kan ikkje sjå vekk frå at både mjuke trafikantar, som t.d. skuleelevar i barneskulealder, og sjåførar i andre kjøretøy vert uoppmerksame rundt slike transportar med ekstremt vond lukt.

Tungtrafikken vil og medføre ein del motorstøy og støv, når dei med fulle lass skal opparbeide fart opp Eiodalen og deretter opp Njordvegen mot næringsområdet. Dette vert ei ekstra belastning for tilsette og kundar i bedriftane langs vegane og alle andre som bur og ferdast i nærområdet.

5. Nerheim næringsområde/etablering/arbeidsplassar

Per i dag er Nerheim næringsområde regulert til næringsformål. I følgje gjeldande føresegner kan området nyttast til «industri-, nærings- handverks- og lagerverksemd. Det vil seie verksemdar innanfor transport/distribusjon, anlegg, lettare industri, reparasjon, lager og engros.»

Omregulering av ein del av området til industri, med opning for biogassanlegg, vil gjere det mindre attraktivt for andre bedrifter å etablere seg i resten av området. Dersom bygging av biogassanlegg medfører at aktuelle bedrifter vel bort Nerheim og i staden etablerer seg på andre næringsområde, kanskje i ein annan kommune, kan Vindafjord risikere å tape fleire arbeidsplassar enn biogassanlegget skaper.

Kommunen risikerer og at utnyttingsgraden av næringsarealet vert låg.

Så vidt vi kan sjå, er det ingen av bedriftene på dei mindre tomtene som har etablert noko ennå som ikkje kan flyttast.

6. Lokalsamfunnet Ølen

Ettersom heile luktrisikooanalysen etter vårt syn er basert på feil grunnlag, jf. grunngjeving i pkt. 1 om vindretningar, meiner vi det ikkje kjem godt nok fram kva konsekvensar eit biogassanlegg på Nerheim kan få for busetnaden og bedrifter kring anlegget og for lokalsamfunnet Ølen, med bustadar, butikkar, skular (både barne- og ungdomsskule og vidaregåande skule), barnehage, idrettsanlegg, aldersheim, kommuneadministrasjon, m.m. Ølen sentrum ligg berre litt over ein kilometer frå området som er føreslått omregulert for biogassanlegg. Erfaringane frå andre anlegg gir grunn til bekymring for livskvaliteten for innbyggjarane i lokalsamfunnet Ølen. Det blir feil å nedprioritere lokalbefolkninga si helse og livskvalitet, samt etablerte bedrifter og arbeidsplassar, i iveren etter å få nokre nye arbeidsplassar til bygda.

7. Etablering unge

Ølen er løfta fram som kommunesenter og satsingsområde for etablering og aktivitet i Vindafjord. Kor attraktivt vil det vere for unge å flytte (tilbake) til Ølen, dersom bygda vert kjend for mykje vond lukt? Med mindre tilflytting av unge vil kommunen kunne gå glipp av både skuleungar, dugnadsinnsats i lokalmiljøet, arbeidskraft, kompetanse og skatteinntekter.

8. Turveg - Gamle postvegen

Heiabøvegen er ein del av den gamle postvegen mellom Ølen og Sandeid. Denne vert nytta av mange dagleg til tur og trening. Med lukt-, støy- og støvplagar frå eit biogassanlegg vert denne vegen mindre attraktiv for rekreasjon.

9. Særskilt om Heiabø, gnr./bnr. 289/1

*** Kostnadar tiltak på bygningar**

Garden Heiabø har 2 bustadhus og 2 driftsbygningar for storfe, samt nokre fleire bygningar. Våningshuset, Heiabøvegen 133, ligg 220m søraust for tomtegrensa til Biovind. Huset har ventilasjonsanlegg med luftinntak på nordsida av huset. Det andre bustadhuset, Heiabøvegen 124, er ein utleigebolig. Huset ligg 170m frå tomtegrensa og har naturleg ventilasjon. Tunet vårt ligg i gul sone i figur 5, side 16, i luktrisikovurderinga (rapport 14-2024, Norwaste).

Dersom nærleiken til biogassanlegget, med lukt, støv og kontinuerleg støy, vert så utfordrande at det vert naudsynt med tilpassingar på bustadhusa eller driftsbygningen, kven skal ta kostnadane?

*** Tapte leigeinntekter**

Vi har utleige på garden i dag. Å få leigebuarar til bustad så nær eit biogassanlegg ser vi føre oss vil bli svært krevjande. Kven vil vel bu i slik lukt og kontinuerleg støy? Kven skal dekke tapte leigeinntekter?

* Verditap på eigdommen

Kor lett vil det bli å eventuelt selje ein gard som ligg så tett på eit biogassanlegg av slike dimensjonar, med lukt, støy og støv og døgnkontinuerleg drift? Vi er sterkt uroa for korleis nærleiken til biogassanlegget kan påverke verdien på eigdommen. Kven skal løyse ut eigdommen dersom vi ser oss nøydde til å flytte frå gard og grunn?

* Dyrehelse

Driftseininga på gnr./bnr. 289/1 driv med melkeproduksjon, ammekuproduksjon og kjøtproduksjon. Vi har mellom 50 - 60 kalvingar pr. år. Driftsbygningen på Heiabø har naturleg ventilasjon med møneoppløft og vindbremseduk, samt stor takhøgde i dyrerommet for å få nok luft og godt innemiljø med tanke på lukt i bygget. Det er ingen ventilasjons-system for utskifting av luft, utover den naturlege ventilasjonen, noko som har fungert svært godt til no. Fjøset ligg om lag 165 m sør for anlegget si tomtegrense. Det er på det meste kring 100 storfe med ulik alder i driftsbygningen.

I Mattilsynet sin rettleiar frå april 2024 om reglar som gjeld biogassanlegg som omdannar animalske biprodukt, står det (s.3) at eit biogassanlegg må plasserast i god avstand frå dyrehald, slik at biogassanlegget ikkje medfører risiko for folkehelse og dyrehelse. Det er vist til forord. (EU) nr. 142/2011.

Kva med dyrehelse og dyrevelferd med eit biogassanlegg, med denne substrat-samansettinga, så nær driftsbygningen? Korleis vil lukt, støy og støv frå biogassanlegget påverke dyra sin helse og produksjon? Vil dette kunne påverke dyra negativt på nokon måte i form av stress, aggresjon, tilvekst, sjukdom?

Kven skal i tilfelle dekke produksjonstap som t.d. tapt tilvekst, høgare veterinærutgifter o.l.?

Innmarksbeitene ligg frå 50 m frå tomtegrensa i særleg retning. Vil lukta påverke kyrne sin bruk av beiteareala på garden, slik at utnyttinga av beiteressursane vert mindre optimal? Vil dyrehelsa og dyrevelferden på beite bli påverka av lukt, støy og støv frå biogassanlegget? Bekken som renn sør for næringsparken, ligg berre nokre få meter frå den planlagte plasseringa av tankane. Søl frå bilar, dårleg utandørs reinhald eller akutte hendingar vil kunne føre til avrenning til og forureining av bekken, særleg i regnvær. Dette er beitedyra våre si drikkevasskjelde i beitesesongen. Korleis vil dette påverke dyra si helse?

Kva når det inntreffer eit akutt utslepp av ein slik storleik at dyras liv og helse står på spel?

Kva om det ikkje er råd å evakuere dyra tidsnok?

* Garden som arbeidsplass – folkehelse

Korleis vil lukt frå anlegget påverke helse og arbeidsevne for oss som arbeider i fjøset og elles rundt på garden, både eigarar, barn, landbruksavløysarar og andre som deltar i drifta?

Vil vi kunne fortsette med vårt daglege arbeid så tett på dette anlegget gjennom heile døgnet, t.d. i kalvingsperiodar?

Kva skjer den dagen vi ikkje klarer å vera i driftsbygningen pga. store luktutslepp med illeluktande gassar. Kven skal då føre/stelle dyra? Og kva med dyra?

Den dyrka marka skal drivast mest mogleg optimalt gjennom heile vekstsesongen, med t.d. gjødsling og hausting fleire gonger gjennom sesongen. Med vind frå nord, rett på låven der tårnsiloane skal fyllast, vil vi då klare å jobbe så intensivt gjennom døgnet som dette arbeidet krev? Den næraste teigen med fulldyrka mark ligg berre 50 m frå anlegget.

10. Miljø/natur/landbruk

Vi meiner ROS-analysen tar for lett på moglege konsekvensar for natur og miljø rundt næringsparken ved ei alvorleg hending på biogassanlegget.

Anlegget er nå planlagt med ein låg ringmur rundt tankane som ein barriere for å hindre forureining frå anlegget. Dette eliminerer likevel ikkje risikoen heilt for utslepp til omgjevnadane ved ei alvorleg hending med eit stort utslepp.

I miljørisikovurderinga (Rapport 13-2024, Norwaste), som er eit av grunnlagsdokumenta for ROS-analysen, er det på side 19-20 beskrive eit worst case scenario, med utslepp av heile innhaldet i den største tanken: «For miljøet vil det verste utfallet være dersom utslippet når Eidselva.» Dei reknar det som mest sannsynleg at eit slikt utslepp først vil spreie seg utover industriplata og deretter renne utover i terrenget mot nabogarden i sør og følgje skråningen ned mot elva.

Dette er ikkje tatt med i vurderinga:

- *Nabotomta nord for Biovind si tomt ligg lågare i terrenget og vil vere svært utsett ved havari av ein tank. I tillegg kjem vinden etter vår erfaring oftare frå sør mot nord. Utslepp/avrenning denne vegen vil potensielt vere til stor ulempe for ei etablert verksemd her.*
- *Bekkeløpet som er laga langs vest- og nordsida av denne nabotomta og næringsparken ligg berre ca. 85 m frå anlegget og renn direkte ned til Eidselva, ca. 430 m frå Eiodalen, gjennom sentrum og ut i Ølensfjorden. Dette nordre bekkeløpet har til tider stor vassføring og renn ca. 10 m frå næraste hus. Det er etter vårt syn svært sannsynleg at eit utslepp vil nå denne bekken. På satellittbiletet under er bekkeløpet markert med piler og viser og kor vatnet renn ut i Eidselva.*



- Om utslippet renn «mot nabogården i sør», vil det også renne ut i bekken langs sørsida av Biovind sin eigedom. Denne bekken ligg berre nokre få meter frå tankane til Biovind (sjå kart under). Vidare renn bekken mot sør gjennom innmarka på Heiabø. Den er drikkevasskjelde for beitedyra våre. Bekken er fiskeførande og bekken er ein flaumbekk som renn over sine breidder og ut på beitemark når det er mykje nedbør (men den har aldri vore tørr). Utslepp vil dermed kunne medføre stor skade på bekkeløp, stikkrenner, kantsoner, vegar og innmark. Bekken kjem ut i Eidselva ca. 1460 m sør for Eiodalen. Utslepp i denne bekken vil dermed forårsake langt større konsekvens for Eidselva enn det som kjem fram av miljørisikovurderinga.

Utsleppet i Molde i september 2025 viser at dette er ei type hending som faktisk kan skje.

Sitat miljørisikovurderinga, side 30, vedlegg 2 Risikovurdering - tabell, under "Store ulykker": "Hvis den største tanken svikter og alt renner ut vil dette medføre en lekkasje på 10 000m³". Under "Risikoreduserande tiltak" står det: "Design på anleggets uteområder gjør at noe av dette vil kunne samles opp på asfaltplaten, men noe vil likevel kunne renne utenfor asfaltert område og trekke ned i grunnen. Infiltrasjonsevnen vil raskt bli redusert som følge av slamm og det vil kunne være mulig å grave det vekk. Svært lite sannsynlig at det vil nå vann og vassdrag".


Kartet under syner kor nær tankane til Biovind denne bekken langs sørsida av næringsparken faktisk ligg. Korleis kan rapporten då påstå at det er «svært lite sannsynleg» at massane vil nå vatn og vassdrag? Vedlagt bilde viser vassføringa i bekken.




Bekken sør for tomta, drikkevasskjelda i beitesesongen.



Biovind si tomt oppe til høgre i bildet



Bekken sitt løp gjennom Heiabø, ca.645 m.



Eidselva, frå utløpet av bekken til Eiodalen.

- Øydelegging av dyrka mark. Om utsleppet renn «mot nabogården i sør», vil utsleppet renne ned skråningen frå næringsparken (og under Statnett si nye 420 kV linje, som er under oppføring), følgje traktorveg og fulldyrka mark, tette dreneringsrøyr, krysse gardsvegen og nok ein teig med dyrka mark, før det renn vidare gjennom skogen (sjå under) og legg seg på fulldyrka mark langs Eidselva. Kva vil konsekvensane for den dyrka marka/avling bli på kort og lang sikt ved eit slikt utslepp? Omfang av skade og kostnad med oppretting er ikkje nevnt med eit ord i miljørisikovurderinga.

- Øydelegging av skog/naturmangfald. På veg gjennom skogen vil massane renne gjennom eit bestand med eldre lauvskog og ein MiS-figur (Miljøregistrering i Skog), jf. skogbruksplan i Allma (AT-skog, 2016). «Livsmiljø: Gamle trær. Skogbeskrivelse: Lauvskogbestand med frodig bakkevegetasjon.» Hovudtreslaget er ask (EN, sterkt truet) med innslag av m.a. hassel.

Kva blir konsekvensane for skogen og skogbotnen ved eit slikt utslepp?

Kva blir konsekvensane for dyr, fuglar insekt, m.v. som lev her?

Om Eidselva les ein: "Et utslipp til elva vil kunne forårsake tilslamming og eutrofiering og i verste fall tap av en hel årsklasse av fiskeyngel i elva nedstrøms." Og vidare: «Det er lite sannsynlig at et tankhavari vil føre til svært alvorlig miljøskade med langvarige

konsekvenser». Dette er grunngeve med at elva er ein flaumelv og går over sine breidder ved mykje regn og at stor vassføring raskt vil kunne frakte vekk organisk stoff.

Det er gjennomført habitatkartlegging av Eidselva gjennom «Sjøørretprosjektet». Det er lagt ut stein og gytegrus på utvalde plassar i elva for å betre livsmiljøet for fisken i elva.

Vi meiner miljørisikovurderinga er litt vel optimistisk når det gjeld Eidselva si evne til å reinske seg sjølv. Det stemmer at elva blir raskt stor ved mykje regn. Men det er og lange periodar med lite vatn i elva. Kva om ei slik ulykke skjer på ei tid der det er lite vatn i elva? Langsiktige konsekvensar for elva? Korleis ser Biovind føre seg å handtere ei slik hending?

Det er eit rikt fugleliv på Heiabø. Kva kunnskap finst om korleis fuglar eller dyr, t.d. hjort og rådyr, reagerer på lukt av den typen som oppstår kring biogassanlegg?

11. Kommentar til utspel i media

I samband med folkemøtet 21.januar vart ordføraren intervjuet av NRK Rogaland. Han meinte biogassanlegget har vore kjent lenge og gav uttrykk for overrasking over at det «plutseleg» er nå motstanden kjem fram.

Dette er å undervurdere innbyggjarane i Ølen.

Biovind sin søknad til Statsforvaltaren etter forureiningslova i 2025 var det første formelle høvet innbyggjarane har hatt til å gje uttale til eit biogassanlegg på Nerheim næringsområde. At engasjementet aukar når dimensjonane på anlegget vert kjent, og det vert lagt fram forslag om endring av detaljreguleringa for å tilpasse føresegnene til dette enorme biogassanlegget, bør ikkje vere overraskande.

Oppsummering:

Vi meiner Nerheim næringsområde er feil lokasjon for eit biogassanlegg og at prosessen med endring av detaljregulering for Nerheim næringsområde må stoppast.

Det må greiast ut alternative lokasjonar med langt mindre konsekvens for nærmiljøet.

Det må vere mogleg å finne betre løysingar enn å legge eit stort avfallsanlegg midt i eit etablert lokalsamfunn. Grøne løysingar må også vere berekraftige for folk.»

Forslagsstillars kommentar:

1. Vind

Vindrosa i luktrisikoplanen er representativ for området. Vindrosa visar den framherskande vindretninga i området. Vindrosa Vats til Norsk klimaservicesenter er den vêrstasjonen som ligg nærmast planområdet, og som må bli lagt til grunn. Vindretningane som framkjem er nokså samanfallande med dalføre i området.

2. Avstandar til busetnad og næring rundt Nerheim næringspark:

I sør er det ein buffer i form av faresone for høgspenn. Her er avstanden ca. 50 m, i tillegg kommer ei byggjegrense på 4 m.

Sikring til omgjevnadane er vareteke i føresegner, jf. pkt. 3.1.1, 4. avsnitt som seier;

Det skal etablerast sikringstiltak i form av sikringsgjerde/annan sikring ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Sikring kan etablerast i formålsgransa, tilkomst kan sikrast med port/inngangskontroll. Sikring skal være 2 til 3 m høgde frå ferdig planert terreng.

Ved en uønskt hending er det lagt inn krav om barrierar som fangar opp og hindrar at biomasse fører ut terreng, dette er vareteke i føresegner, jf. pkt. 3.1.1, 3. avsnitt som seier;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.

Areala kor biogassanlegget er tenkt lokalisert ligg i eit område med lav busetnad. Rogaland fylkeskommune som utarbeidar *Areal og transportplan for Haugalandet* har i sin uttale til saka vurdert at lokaliseringa er god;

Fylkesdirektøren vurderer i utgangspunktet lokasjonen som godt eigna for eit biogassanlegg. Området er sett av til industri, og det er få bustadar som nære naboar.

3. Lukt

Visar til KU-lukt der det er sagt;

De gjennomførte beregningene og risikovurderingene viser at biogassanlegget i Ølen ikke forventes å gi merkbare luktulempere for naboer. Selv i timene i året med de mest ugunstige værforholdene, er nivåene svært lave og normalt ikke merkbare.

Planføresegner pkt. 3.1.1, avsnitt 6;

Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

Visar og til fylkeskommunens uttale som seier;

Luktutslepp skal regulerast etter løyver handsama etter forureiningslova. Fylkesdirektøren legg til grunn at dette vil vere tilstrekkeleg for å unngå vesentleg negativ verknad.

I ROS-analysen er det sagt;

Miljøoppfølgingsplan og overvåkingsprogram for driftsfasen skal overvåke, kontrollere og dokumentere luftkvalitet.

Dette er et verkemiddel som skal nyttast for å ha kontroll og motverka uønskt hendingar.

Resultata i KU-lukt er vurdert etter luktveileidar sitt kriterium for 99 % av dei mest ugunstige timane i året. Dette er eit strengt vurderingsgrunnlag som visar luktpåverknad når spreingsforholda er på sitt mest ugunstige for kvart enkelt punkt.

4. Transport – lukt, støy, støv, trafikktryggleik

Transport til og frå området blir spreidd ut over heile dagen. Dette skjer naturleg då anlegget har avgrensa kapasitet på mottak og utlevering. Dette gjer at trafikkbelastninga i kryss E134 og fv. 514 ikkje vil bli overbelasta i dei mest sårbare tidsromma.

Njordvegen er ein kommunal veg som blir vedlikehald av Vindafjord kommune. Ein reknar med at det blir utført feiing av vegen for å motverka svevestøv.

Støy er sikra handtert i planføresegner pkt. 2.5, som seier;

Miljødirektoratet si retningslinje i T-1442 skal leggast til grunn for rammeløyve for bygging i området. Grenseverdiane for støy, jf. tab. 3 i retningslinjene, skal leggast til grunn. Kommunen kan krevje dokumentasjon av støy frå verksemda og ved behov kan det bli

kravd etablering av støydempende tiltak innanfor område regulert til industri, næring og kombinert formål.

Ved bustadar utanfor planområdet skal samla støybidrag frå planområdet ikkje overstige retningslinje T-1442, gul sone for industri med heilkontinuerleg drift.

Trafikkauke er vurdert å vera marginal i høve dimensjoneringa på veganlegga. Planføresegner sikrar etablering av anlegg som varetek trafikktryggleiken for mjuke trafikantar, jf. planføresegner pkt. 3.3.1 3.-5. avsnitt og rekkjefølgjeføresegner pkt. 6.3 første og siste punkt.

5. Nerheim næringsområde/etablering/arbeidsplassar

Kommunens vurdering.

6. Lokalsamfunnet Ølen

Kommunens vurdering.

7. Etablering unge

Kommunens vurdering.

8. Turveg - Gamle postvegen

Sjå tidlegare svar på lukt, støy og støv over.

9. Særskilt om Heiabø, gnr./bnr. 289/1

Etablering av eit biogassanlegg skal forhold seg til retningslinjer/grenseverdier for lukt, støy og støv. Det er ikkje avstanden som er avgjerande, men avstanden sette grensa for utslepp. Anlegg skal bli designa i høve krava mot nabo og skal regulerast etter utsleppsløyve. Sikra i planføresegner under pkt. 3.1.1;

...

Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

Støynivå frå IND skal tilfredsstillende grenseverdier for industri med heilkontinuerleg drift i retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, men med følgjande spesifisering for støy i ulike periodar av døgnet:

a. L_{day} ≤ 50 dB

b. Levening ≤ 45 dB

c. L_{night} ≤ 40 dB

Seinast ved søknad om igangsetjing må det dokumenterast at støy frå bedrifta tilfredsstillende grenseverdier.

Støvnivå frå IND skal tilfredsstillende grenseverdier gitt i retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520.

...

Dyrehelse

Sikring til omgjevnadane er vareteke i føresegnar, jf. pkt. 3.1.1, 4. avsnitt som seier;

Det skal etablerast sikringstiltak i form av sikringsgjerde/annan sikring ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Sikring kan etablerast i formålsgrensa, tilkomst kan sikrast med port/inngangskontroll. Sikring skal være 2 til 3 m høgde frå ferdig planert terreng.

Ved en uønskt hending er det lagt inn krav om barrierar som fangar opp og hindrar at biomasse fører ut terreng, dette er vareteke i føresegner, jf. pkt. 3.1.1, 3. avsnitt som seier;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.

10. Miljø/natur/landbruk

En annen ting som nesten ikke er til å tro at man vurderer: Industriplassen ligger et steinkast fra kirkegården. Hvor mange begravelser er kommunen villig til å ofre for dette? Hvem skal måtte gravlegge sine nærmeste i stank av avføring og avfallslukt? Jeg klarer ikke se for meg belastningen for foreldre eller familier som står i sorg og må gjennomføre en begravelse i et område som kan være så luktbelastet at man knapt orker å stå ute. Dette handler om verdighet og respekt, og det burde være åpenbart at en slik lokalisering er feil.

Jeg vil også si noe om prinsippet. Som arbeidsgiver vet jeg hvor enorme krav samfunnet stiller til at ansatte skal ha det trygt og bra på jobb – støy, luft, inneklima, trivsel, alt. Det er bøter og sanksjoner om man ikke følger reglene. Men det er jo de samme menneskene som etterpå reiser hjem til boligene sine. De har like stort krav på å ha det bra hjemme som på jobb. Hvis det er viktig nok til å regulere arbeidsplassen strengt, så kan det ikke være greit å legge store miljøbelastninger rett inn i folks hjemmemiljø og kalle det “akseptabelt”.

Innbyggerne i Ølen ønsker å bruke folkeavstemning som verktøy. Da må den selvsagt avgrenses til Ølen og de direkte berørte områdene. Det sier seg selv at en avstemning i hele Vindafjord blir skjev: De fleste andre steder i kommunen vil naturlig nok stemme for at Ølen tar belastningen, fordi de ikke selv rammes av lukt, trafikk, støy og verdifall. Det er ikke et rettferdig grunnlag for en beslutning som i praksis kan ødelegge levekår og framtid for en avgrenset del av kommunen.

Til slutt vil jeg være tydelig: Dersom anlegget etableres og dette medfører luktplager, støy, trafikkbelastning og verdifall som gjør at eiendommen ikke kan brukes og bebos på en rimelig måte, vil jeg vurdere erstatningskrav og rettslige skritt. Det vil også bli vedvarende motstand mot prosjektet. Jeg sier ikke dette som en trussel for å være vanskelig, men som en realitet. Når et prosjekt legges slik at det skaper omfattende og varige belastninger for et lokalsamfunn – samtidig som det finnes alternativer – så vil konflikten bli langvarig. Det er også en reell risiko for at et prosjekt i million- eller milliardklassen i verste fall ender med å bli stoppet eller stengt ned etter store investeringer, fordi motstanden, klagene og rettsprosessene ikke tar slutt.

På denne bakgrunn ber jeg om at prosjektet ikke godkjennes i foreslått lokalisering, og at alternativ plassering langt unna bebyggelse utredes og behandles som reelt hovedalternativ. Videre må trafikk og kryss vurderes på nytt med dagens situasjon og realistiske tall for tungtransport, og eventuelle utbedringer må uansett fullfinansieres av utbygger før oppstart.»

Forslagsstillars kommentar:

Etablering av eit biogassanlegg skal forhold seg til retningslinjer/grenseverdier for lukt, støy og støv. Det er ikkje avstanden som er avgjerande, men avstanden sette grensa for utslepp. Anlegg skal bli designa i høve krava mot nabo og skal regulerast etter utsleppsløyve. Sikra i planføresegner under pkt. 3.1.1;

...

Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

Støynivå frå IND skal tilfredsstillende grenseverdier for industri med heilkontinuerleg drift i retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, men med følgjande spesifisering for støy i ulike periodar av døgnnet:

a. $L_{day} \leq 50$ dB

b. Levening ≤ 45 dB

c. $L_{night} \leq 40$ dB

Seinast ved søknad om igangsetjing må det dokumenterast at støy frå bedrifta tilfredsstillende grenseverdier.

Støvnivå frå IND skal tilfredsstillast grenseverdiar gitt i retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520.

...

Biogassanlegget skal ikkje gje nemneverdig påverknad på omgjevnadane. Planføresegner setter krav til støy og lukt høve til grenseverdiar satt i egne veileiderar. Planføresegner sikrar avbøtande tiltak for støy, lukt og forureining. Samstundes skal det utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP) med tiltak som skal motverka uønskte hendingar, sikra i planføresegner;

Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP), som eit sentralt styringsverktøy for miljøleiing av anlegget. Planen skal beskrive kordan miljømessige forhold skal overvakast, kontrollerast og rapporterast gjennom anleggets anleggs- og driftsfase. Planen skal vera eit «levande» dokument og skal brukast for å førebu, overvaka og handtera miljøpåverknadar på ein systematisk og dokumenterbar måte.

Rekkjefølgjeføresegner sikrar at MOP for anleggsfasen føreligg ved søknad om igangsetjing og for driftsfasen før det blir gitt bruksløyve til nye tiltak.

Trafikkauke er vurdert å vera marginal i høve dimensjoneringa på veganlegga. Planføresegner sikrar etablering av anlegg som varetek trafikktryggleiken for mjuke trafikantar, jf. planføresegner pkt. 3.3.1 3.-5. avsnitt og rekkjefølgjeføresegner pkt. 6.3 første og siste punkt.

Det er avhalde eit folkemøte kor alle med interesse for saka kunne møte og få meir inngåande informasjon om saka. Det blir folkevalde politikarar som representera i Vindafjord kommune som kjem til å slutta endeleg avgjerd i saka.

Rettslege skritt er ein privatrettsleg sak og behandlast ikkje etter plan- og bygningsloven.

1.2.19 Ellen Sofie Udnessæter Innvær, mottatt 27.01.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Jeg stiller meg svært negativ til oppføring av biogass anlegg på Nerheim. Jeg jobber i rus og psykisk helse i kommunen, der en del av terapien foregår utendørs; hagearbeid, turgåing, sosialt samvær ute hele vår-sommerhalvåret.

Lukt fra biogassanlegget vil ødelegge disse mulighetene som er gode møtepunkt for sårbare mennesker som ofte ellers står utenfor arbeidslivet.»

Forslagsstillars kommentar:

Biogassanlegget skal ikkje gje nemneverdig påverknad på omgjevnadane. Planføresegner setter krav til støy og lukt høve til grenseverdier satt i egne veileiderar. Planføresegner sikrar avbøtande tiltak for støy, lukt og forureining.

1.2.20 Gustava Garatun, mottatt 05.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Viser til varsel om oppstart av planarbeid, datert 23.10.25, og behovet for å gi ein uttale til kommunen vedrørende saka.

Som nabo til næringsområdet og innbyggjar i bygda Ølen, meiner eg det er uforsvarleg og direkte hensynsløst å risikere helsa, forureining, tryggleik, natur og livskvalitet i nærområdet. Då det planlagte Biogassanlegget skal lokaliserast i Ølen sentrum, i umiddelbart nærleik til boligfelt, sentrum og natur.

Bekymringane mine omhandlar særleg desse faktorane som nemnd: helse, forureining, tryggleik, natur og livskvalitet. Lukt og luktspreiing vil være ein reell faktor som vil påverke bumiljøet og livskvaliteten til folk i nærområdet, meg og min husstand inkludert. Samtidig ligg eigendommen min langs vegen som skal ta i mot vesentleg auka trafikk, noko som vil skape støy og trafikkutfordringar. Veggen er den dag idag ikkje egna til å ta i mot tungtrafikk i den skala som er forventa å kome. Kommunen har eit særskilt ansvar å legge til rette for at vegnett og infrastruktur i så tilfelle er meir enn godt nok egna, noko det ikkje er i dag. Også at støyvegg er prioritert.

Som ein del av bumiljøet, stiller eg meg sterkt kritisk til plasseringa av eit slikt biogassanlegg. Det er uforsvarleg å plassere tungindustri i eit boligområde, og så nært sentrum. Det er kritikkverdig kor lett kommunen tar på å vurdere å endre arealføremålet frå næring/lett industri til industri for å legge til rette for biogassanlegget (ref. folkemøte på Sjøperlo 21.01.26). Storleiken på anlegget er også nemneverdig og bekymringsverdig, då det er snakk om 226 000 tonn råstoff som skal behandlast i området, årleg.

Samla sett finst det ingen gode argumenter som kan vega opp for desse belastningane, og konsekvensane det vil ha for nærområde, slik som lokalsamfunn, bumiljø, eigendomsverdi, tryggleik og risiko for utslepp.

Ei anna reell bekymring er fare for alvorleg ulykke, anten i form av utslepp og forureining eller eksplosjon. Midt i eit bumiljø. Midt i Ølen.

Vindafjord kommune reklamerer for å være ein kommune i utvikling og vekst, dette prosjektet meiner eg er eit skritt tilbake. Eg kjempar for å bevare den flotte naturen og det trygge og gode lokalsamfunnet i bygda mi. Kommunen er ansvarleg for innbyggjarane sine.

Dette er eit bumiljø, og ikkje ei industrisone. Om det skal byggjast eit så stort anlegg, burde det vore mogleg å nytta dei store områdene som ligg meir avsides frå boligområder i kommunen, slik som til dømes på Fikse.

Ber om at planendringa og etableringa av Biogassanlegg på Nerheim næringsområde blir stoppa!»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknaden i pkt. 1.2.18.

Næringsområde Nerheim vurderast ikkje som ein del av sentrum eller eit bumiljø. Ein visar samstundes til uttale til Rogaland fylkeskommune som seier;

Fylkesdirektøren vurderer i utgangspunktet lokasjonen som godt eigna for eit biogassanlegg. Området er sett av til industri, og det er få bustadar som nære naboar.

For å motverke forureining og uønskte hendingar er det spesifisert i planføresgnene for biogassanlegget at det her skal leggjast inn barrierar/forseinkingar. Det er og krav om MOP (miljøoppfølgingsplan), jf. pkt. 3.1.1 avsnitt 3. og 5;

Det skal etablerast barrierar som forhindrar lekkasje til terreng, det kan etablerast andre barrierar som motverker fare ved uønskt hending, ved bruk av formålet til industri/biogassanlegg. Barrierar/forseinkingar tillatast å avvika frå høgde på ferdig planert terreng som kjem fram av plankartet.

...

Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP), som eit sentralt styringsverktøy for miljøeiing av anlegget. Planen skal beskrive kordan miljømessige forhold skal overvakast, kontrollerast og rapporterast gjennom anleggets anleggs- og driftsfase. Planen skal vera eit «levande» dokument og skal brukast for å førebu, overvaka og handtera miljøpåverknadar på ein systematisk og dokumenterbar måte.


Rekkjefølgjeføresegner sikrar at MOP for anleggsfasen føreligg ved søknad om igangsetjing og for driftsfasen før det blir gitt bruksløyve til nye tiltak.

Norsk kontroll AS (NOKON) som er utpeikt teknisk kontrollorgan, har utarbeida *Teknisk notat - Generelle betraktningar om forskriftskrav til biogassanlegg*, dat. 20.02.2026. Av notatet kjem det fram at sikkerheitstiltak for biogassanlegg skal handterast etter DSB sin rettleiar, dette er lagt inn i planføresegner pkt. 3.1.1 siste avsnitt under formålet IND;

DSB sin temarettleiar Temaveiledning om tilvirkning og behandling av farlig stoff, kapittel 2 Biogassanlegg, skal leggjast til grunn for sikkerheitstiltak for biogassanlegg. For sikkerheitsavstandar er tabell pkt. 15.7 Sikkerhetsavstander i temarettleiar veileidande;

Anleggsdel	Avstand til nærliggende objekt	Anmerking
Fyringsanlegg/generatorrom	6-10 m	
Gassbeholder/gassklokke/gassflasker	15-30 m	Avhengig av volum og trykk. (15 m for 50 m ³ gassklokke)
Gassfakkel	6-20 m	Avhengig av fakkelenes høyde
Rånetank	10-20 m	
Avlastningsflater	6-10 m	Avstand fra avlastningsflaten (utvendig)
Gassrørledning, nedgravd eller over grunn	2 m	Til hver side
Gassbrønner	3 m	
Drenskummer	3 m	

Det er gjort ei vurdering av sikkerhetsavstandar i forbindelse med planlagt anlegg. Veileidande sikkerhetsavstandar blir liggjande innanfor planområdet/eigedomen, og er påført *foreløpig situasjonsplan* av Arkipelet AS, dat. 20.02.2026.



Her har man derfor vurdert at det er mest hensiktsmessig å leggje inn eit rekkjefølgjeføresegn som varetek at sikkerhetsavstandar er vurdert tilstrekkeleg før det blir gitt eit rammeløyve, jf. pkt. 6.1 siste punkt som seier;

Før rammeløyve kan gis:

- skal det ved bruk av område IND til biogassanlegg dokumenterast sikkerhetsavstandar til omkringliggjande naboar/infrastruktur.

1.2.21 Helene Økland, mottatt 06.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Eg vil med dette uttrykkje sterk motstand mot planane om å byggje eit biogassanlegg på Nerheim i Ølen. Anlegget som er planlagt er stort i norsk målestokk, med ei årleg behandling på om lag 226 000 tonn råstoff. Dette reiser fleire alvorlege bekymringar.

Personleg tilknytning og konsekvensar

Som tidlegare innbyggjar i bygda har eg framleis sterke band til Ølen. Eg har familie og vener som bur heilt nær det planlagde anlegget, og eg er svært bekymra for deira livskvalitet og tryggleik. Eksplosjonsfare og andre risikoar knytt til drifta gjer at dette ikkje er ei sikker løysing for folket i nærområdet. Det opplevast uansvarleg av kommunen å godkjenne endringar av detaljplanen for å opne for etablering av eit slikt stort biogassanlegg, med så nærliggande naboar, og ikkje minst med Ølen sentrum éin kilometer unna. Bygda kjem til å få kjenne på mange og store utfordringar knytt til anlegget. Og for min del vil det vere uaktuelt å flytte tilbake til Ølen med min familie dersom anlegget blir realisert.

Miljø- og samfunnspåverknad

Eit anlegg av denne storleiken vil føre til betydeleg trafikk gjennom bygda, støy og utslepp. Dette vil påverke både miljøet og kvardagen til innbyggerane negativt. Risiko for lukt vil også vere ei påkjenning for dei som bur i nærområdet. Det er fleire dømer rundt om i landet der biogassanlegg har ført til vond lukt, sjølv med lengre avstand til naboar og lokalbefolkning enn det Biovind sitt biogassanlegg vil ha. Dømer på slike anlegg er blant anna Renevo biogassanlegg (Stord), Bergen biogassanlegg (Rådalen), Trollmyra biogassanlegg (Jevnaker), og Romerike biogassanlegg (Esval miljøpark). Ølen er ei bygd som treng at unge ønsker å vende attende og busetje seg der. Risikoane ved anlegget kan føre til at moglege tilflyttarar ikkje vil velje Ølen som sin nye heimstad. Noko som vil vere eit stort tap for bygda.

Dokumenterte ulykker og risiko ved liknande anlegg

Det finst fleire døme på at biogassanlegg i Noreg har ført til alvorlege hendingar. Til dømes i Eidsvåg, Molde 2025, der det lak ut opp mot 3,4 millionar liter gjødsel frå Havila sitt anlegg, noko som førte til død fisk og store miljøskadar i Langfjorden (Roaldseth,2025). Årsaka var ein pakningsfeil.

Forsking viser i tillegg at gjødselgass (metan, ammoniakk, hydrogensulfid) frå biogassanlegg kan føre til alvorlege helseproblem og ulykker. Helsenorge (2025) skriv at hydrogensulfid «[...] er en svært giftig gass som kan gi alvorlige forgiftninger raskt». At eit biogassanlegg av denne storleiken skal plasserast så nær naboar og lokalbefolkning, er høgst urovekkande.

Risiko for framtidige utvidingar

Det er allereie søkt om etablering av eit omfattande anlegg, og eg fryktar at det seinare kan bli søkt om ytterlegare utvidingar. Dette vil forsterke dei negative konsekvensane og gjere det endå vanskelegare å reversere inngrepet.

Konklusjon

Biogass i seg sjølv er eg i utgangspunktet positiv til. Det eg ikkje er positiv til er plasseringa av anlegget på Nerheim næringsområde, som vil påverke lokalbefolkninga i Ølen i negativ grad. Eg tenkjer då på lukt, tung trafikk, utsleppsrisiko, helserisiko, m.m. Eg ber om at planarbeidet blir stansa, og at det blir gjennomført ei grundig vurdering av ny

plassering som tek omsyn til tryggleik, miljø og lokalsamfunn. Det er ikkje forsvarleg å gå vidare med eit prosjekt som kan få så store konsekvensar for både natur og menneske i Ølen.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknadar i pkt. 1.2.18 og 1.2.20.

Ved ein eventuell utviding av kapasitet eller ein endring av råstoff vil det bli kravd nye godkjenningar ift. lovverk og retningslinjer. Uansett størrelse på anlegget skal man ikkje overstige grenseverdiar som ligg i gitte løyver.

1.2.22 Jan Ansgar Husebø, mottatt 05.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Biovind AS ønskjer å bygga eit biogassanlegg, som vil bli blant dei største i Noreg. Plasseringa som er tenkt er mindre enn ein kilometer frå tettstaden Ølen. I utgangspunktet er biogass eit godt miljøprosjekt, men er plasseringa av anlegget rett?»

For å få bygga på det opparbeida næringsområdet på Nerheim må det gjerast planendring av området. Formannskapet har i sak FS 104/25 ved førstegongs handsaming gått inn for ei slik omregulering og saka er no ute på høyring.

Der er mange aspekt ved ei slik sak, både positive og negative. Eg vil gje ros både til kommunen og til tiltakshavar Biovind AS for den informasjon dei har kome med i denne saka og for at dei har stilt opp for å møte innbyggjarane i Ølen.

Ut frå den informasjon eg har fått med meg har eg prøvt å vekta dei ulike sidene ved saka, og har landa på følgjande ståstad:

- **Omregulering av næringsområdet til føremål biogassanlegg må seiast nei til i vidare handsaming.**
- **Biovind AS må finna ein annan lokasjon for etableringa si.**

Grunngjevinga mi er:

1. Uakseptabel risiko med ei så stor etablering.

Biogassproduksjon er klassifisert som høgrisikoindustri på line med prosessindustri (klasse 1 av 9 ifølgje DSB) Det inneber at slik industri har stort potensiale for brann, gasslekkasje og eksplosjonar.

Biovind AS vil nok gjera alt dei kan for at anlegget skal vera sikkert, men «uhell» skjer. Frå vårt eige land dei siste åra er det nok å trekka fram:

- *Havila Vestnes Molde – om lag 3500 kubikk (3,5 millionar liter) gjødselslam rann ut i det fri og forureina myr, elv og fjord. Kva ville eit liknande scenario på Nerheim bety for samfunnet Ølen??*
- *Stord – nytt anlegg vart stengt pga luktplager som ein ikkje fekk kontroll over.*
- *Romerrike biogassanlegg- hadde i 2024 ein alvorleg gasslekkasje som lett kunne ført til tap av menneskeliv.*

2. Anlegget som er planlagt på Nerheim vil bli eit av Noregs største. Det inneber for høg risiko å plassera det så nært eit lokalsamfunn.

3. Folkehelsevurdering.

Planane har møtt massiv motstand hjå folk busett i Ølen. Folk er redd for luktplager, auka trafikk med tunge køyretøy og potensiell farleg last, forureining ved uhell, støy mm. I neste omgang er mange redd for verditap på eigedom og vanskar med å selja eigedom. Det er lett for dei som står utanfor å avfeia desse kjenslene som svartmaling av situasjonen. Men for dei som står midt oppe i det er kjenslene høgst reelle. For mange går det ut over både nattesvevn og psykisk helse. Å gje så mange menneske redusert livskvalitet pga ei industrietablering er uakseptabelt.

4. Konsekvens for andre etableringar.

Vil andre bedrifter vegra å etablera seg så nært eit stort biogassanlegg? Risikerar

vi at resten av næringsområdet vert liggande brakk? Dette er problemstillingar som går igjen mange stader der biogassanlegg er planlagt, og ikkje spesifikke for Ølen. Men det er eit varsko at stor lokal bedrift har flagga tanken om å flytta frå Ølen med mange arbeidsplassar. Det vil vi ikkje.

5. Uavklarte faktorar.

Ikkje utgreidd miljøfaktor.

Biorest skal tilbake til bøndene som gjødsel. Bioresten vil innehalda meir fosfor enn det bøndene brukar i dag, sjølv om Biovind legg opp til prosessar for å redusera fosformengda. Kva konsekvensar får gjødsling og avrenning for miljøet i landbruk og vassdrag? Dette er ikkje vurdert.

Forureining av elvar og vassdrag i Ølen.

Der er to bekkefar ved industrifeltet. Eit i kvar ende. Desse ender opp rett i Eioelva som går gjennom Ølen sentrum. Det er uklart for meg kva krav som vert stilt for at ikkje overflatevatn, spillvatn og meir diffuse utslepp frå anlegget skal havne i desse vassdraga. Der er snakk om «barrierar», men kva inneber det? Risikoen for å få permanent forureining til vatn er altfor stor etter mi meining.

Det er inga skam og snu. Eg vil oppmoda på det sterkaste at politikarane lar vera og stadfesta reguleringsendring når saka skal opp til andre gangs handsaming. Prosjektet har for høg risiko for nærsamfunnet Ølen.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknadar i pkt. 1.2.18 og 1.2.20.

Biovind må forhald seg til gjødselvereforskrifta når det kjem til fosfor innhald i produkt.

Overskytande stoff vil bli handtert. Dette er også eit tema som avklarast i forureiningsløyve, og er ikkje ein del av plansaka etter plan- og bygningsloven.

1.2.23 Joakim Knotten, mottatt 06.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Eg ønskjer med dette å uttrykkje sterk motstand mot planane om å byggje eit biogassanlegg på Nerheim i Ølen. Det planlagde anlegget er svært stort i norsk samanheng, med ei årleg behandling på rundt 226 000 tonn råstoff. Dette reiser ei rekkje alvorlege bekymringar.

Som sambuar til ei som har vakse opp i bygda, har også eg blitt glad i Ølen og menneska som bur der. Familien hennar, som står oss begge nær, bur berre eit steinkast frå området der anlegget er planlagt. Eg er djupt uroa for korleis dette vil påverke livskvaliteten og tryggleiken deira.

Risiko for eksplosjonar og andre driftsrelaterte hendingar gjer at plasseringa framstår som uforsvarleg. Eg stiller meg uforståande til at kommunen kan vurdere å endre detaljplanen for å leggje til rette for eit så omfattande industriprosjekt – med bustader tett inntil, og Ølen sentrum berre éin kilometer unna.

Eit anlegg av denne dimensjonen vil medføre kraftig auke i trafikk, støy og utslepp. Desse konsekvensane vil merkast tydeleg i kvardagen til innbyggjarane. I tillegg kjem risikoen for luktplager, som er eit reelt problem ved fleire eksisterande anlegg rundt om i landet – sjølv der avstanden til naboar er langt større enn det som er planlagt i Ølen. Renevo (Stord), Bergen biogassanlegg (Rådalen), Trollmyra (Jevnaker) og Esva miljøpark (Romerike) er dømer på dette.

Det finst fleire døme på alvorlege hendingar ved norske biogassanlegg. Eit av dei mest omtalte fann stad i Eidsvåg, Molde i 2025, då opp mot 3,4 millionar liter gjødsel lak ut frå Havila sitt anlegg. Dette førte til omfattande miljøskadar i Langfjorden. Årsaka var ein pakningsfeil – noko som viser kor sårbare desse anlegga kan vere.

Forsking viser òg at gassar frå biogassproduksjon – som metan, ammoniakk og hydrogensulfid – kan føre til alvorlege helseproblem. Helsenorge understrekar at hydrogensulfid er «ei svært giftig gass som kan gi alvorlege forgiftningar raskt». At eit stort anlegg som dette skal plasserast så tett på bustader, er etter mi vurdering høgst urovekkande.

Det er allereie søkt om eit omfattande anlegg. Eg fryktar at dette berre er starten, og at det på sikt kan kome søknader om ytterlegare utvidingar. Slike trinnvise auke vil forsterke belastninga og redusere moglegheita for å stoppe eller flytte anlegget seinare.

Dersom anlegget blir bygd, vil ikkje Ølen vere ein framtidig plass for oss å busetje oss. Og vi er nok ikkje dei einaste. Ølen treng at unge vel å slå seg ned i bygda. Eit anlegg med så store risikoar, og så nær busetnad, kan resultere i at folk vel bort Ølen som heimstad. Det vil vere eit stort tap for bygda.

Konklusjon

Biogass som teknologi er eg i utgangspunktet positiv til. Problemet her er plasseringa. Eit slikt anlegg høyrer ikkje heime i eit tett befolka område. Trafikk, lukt, utsleppsrisiko, helserisiko og tryggleiksfare vil ramme lokalsamfunnet i Ølen hardt.

Eg ber om at planarbeidet blir stoppa, og at ein grundig vurdering av alternativ plassering blir gjennomført – ei vurdering som tek omsyn til både miljø, tryggleik og lokalsamfunn.

Det er ikkje forsvarleg å gå vidare med eit prosjekt som kan få så store negative konsekvensar for både natur og menneske i Ølen.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknadar i pkt. 1.2.18, 1.2.20 og 1.2.21.

1.2.24 Karin Aalmo og Otto Magne Aalmo, mottatt 04.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«1. Innleiing

Denne høyringsuttalen gjeld planforslaget om etablering av eit storskala biogassanlegg på Nerheim i Ølen.

Prosjektet er planlagt å bli Noregs største biogassfabrikk, med ei årleg handsaming på om lag 226 000 tonn biomasse.

Me støttar utvikling av biogass som eit viktig klimatiltak, men meiner at plasseringa på Nerheim er sterkt ueigna.

Etter ei samla vurdering av forskingsbasert kunnskap, om samfunnstryggleik, beredskap, lokaldemokrati og miljøkonsekvensar, meina me at dette prosjektet ikkje bør gjennomførast på denne lokasjonen.

2. Norsk forskning frarår store, sentraliserte biogassanlegg nær bustader.

*Leiande norske forskingsmiljø så som SINTEF, NMBU, NTNU, NIBIO peikar på at biogass er ei viktig klimaløysning, men og at **skala og lokalisering er avgjerande.***

Store, sentrale anlegg gir høgare transportbehov, større risiko og meir konflikt med lokalmiljø enn mindre de sentrale løysningar.

https://www.sintef.no/globalassets/upload/teknologi_og_samfunn/sikkerhet-og-palitelighet/prosjekter/biogass/rapportdialogmoter.pdf?utm_source=chatgtp.com

*Eit eksempel frå deira samla vurdering: Fagleg konklusjon: Ved store biogassanlegg må tilrådd **minimumsavstand til bustader være: 1-3 km***

For å ha ein uavhengig vurdering burde Vindafjord Kommune brukt SINTEF eller tilsvarende uavhengige forskningsmiljø, for å gjøre uavhengig og sikker risikovurdering

Elers legg me spesielt merke til at det ved vurdering av støy ikkje er omtalt støy frå tungtransport.

3. Ueigna lokalisering – nær bustad, skule og sentrum.

Nerheim ligg tett på sentrum, bustadområde, gravplass, museum, skule og barnehage

Eit anlegg på 226 000 tonn biomasse pr år vil medføra 20 000-25000 lastebiltransportar årleg, noko som vil gi støy, forureining, ulykkesrisiko og redusert bumiljø

4. Samfunnstryggleik og krigsfare.

*I ei tid med auka **geopolitisk uro** tilrår norske styresmakter at kritisk infrastruktur vert spreidd og ikkje samla i sårbare knutepunkt*

*Store biogassanlegg handterer store mengder eksplosiv metangass og vil være mål for sabotasje og droneangrep. **Dette er ikkje vidare vurdert i Ros analysen***

5. Lokal motstand

*Me har aldri nokon gong opplevd eit så stort engasjement frå befolkninga i Ølen. Dette kom også tydeleg fram på **folkemøtet 21.januar**. Det var ein samrøysta motstand mot biogassanlegget.*

*Vårt møte med leiinga i Heygaz Norge på **folkemøtet** avslørte at det var god grunn for misstillit til Heygaz.*

Eit eksempel: På vårt første møte med Biovind og Heygaz 13.01 sa leiaren at han ikkje visste om eksplosjonsfare på Renevo Stord.

*På **folkemøtet** innrømte han til... slutt at han visste om det. Dette reknar me med at dei som sit i kommunestyret og som sat i salen merka seg spesielt.*

Lokal motstand er i stor grad grunna misstillit!

Å gjennomføra eit slikt inngrep utan lokal aksept svekker lokaldemokratiet.

6. Erfaringar frå Stord

Dette vart ei industriell fiasko med luktproblem opptil 16 km frå utsleppstaden og stadfesta eksplosjonsfare, som syner høg teknisk og økonomisk risiko.

7. Konklusjon

*På bakgrunn av norsk forskning, samfunnstryggleik, sentrumsnær lokalisering, massiv lokal motstand og erfaringar frå Stord, meiner me at planlagt etablering av **Noregs største biogassfabrikk** på Nerheim i Ølen er langt frå forsvarleg.*

Mange er me som meiner at dette vil øydeleggje den vakre bygda Ølen for uoverskodeleg framtid

***Heygaz** er eit firma som har vist kortsiktige perspektiv ved sine fabrikkar. Slik me ser det er det ein reell risiko for at dette er berre første steg mot noko større og farligare .*

Det virkar som Heygaz er eit firma som tenker profitt framfor miljø.

Me er imot at Kommunen endrar arealføremålet frå næring/lettare industri til industri, for å kunna leggja til rette for biogass

Me tilrår difor at planendringa vert stoppa, og at det ikkje vert opna for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknadar i pkt. 1.2.18, 1.2.20 og 1.2.21.

Det finns ingen nasjonal, fastsett minimumsavstand mellom eit biogassanlegg og bustadar i Noreg. Lokaliseringa blir alltid vurdert konkret for kvart enkelt prosjekt gjennom kommuneplan, reguleringsplan og byggesak, der kommunen – i dialog med Statsforvaltaren – gjer ein samla vurdering av lukt, støy, risiko, trafikk og anna miljøulemper.

I tillegg blir avstanden vurdert opp mot teknisk utforming av anlegget, inkludert kapasitet og dimensjonering av luktbehandlingsanlegg, prosess- og separasjonstrinn, samt anna tiltak som potensielt påverkar nærmiljøet. Dette inneber at avstanden blir fastsett på bakgrunn av faktiske spreiiingsberekningar, risikovurderingar og avbøtande tiltak, ikkje etter en generell metergrense.

Nerheim industriområde ligg midt mellom dei store jordbruksområda i Vikedal, Sandeid, Etne, Ølen, Skjold og Vats, også HIM som samlar inn matavfall ligg i kommunen. Planområdet er også svært sentralt i forhold til dei to slakteria i kommunen som skal bidra med råstoff. Nærleik til E 134 betyr også mykje for frakt av ferdig produkt ut til marknaden. Uansett lokasjon av anlegget vil ein ha det same behovet for transport, for å dekkja inn tilstrekkeleg mengd råstoff til anlegget.

Biogassanlegget skal ikkje gi påverknad over fastsett nivå. Planføresegner setter krav til støy og lukt høve til grenseverdier satt i eigne veileiderar. Under følgjer planføresegner på støy pkt. 2.5;

Miljødirektoratet si retningslinje i T-1442 skal leggast til grunn for rammeløyve for bygging i området. Grenseverdiane for støy, jf. tab. 3 i retningslinjene, skal leggast til grunn. Kommunen kan krevje dokumentasjon av støy frå verksemda og ved behov kan det bli kravd etablering av støydempende tiltak innanfor område regulert til industri, næring og kombinert formål.

Ved bustadar utanfor planområdet skal samla støybidrag frå planområdet ikkje overstige retningslinje T-1442, gul sone for industri med heilkontinuerleg drift.

Pkt. 3.1.1 avsnitt 7 og 8;

Støynivå frå IND skal tilfredsstillere grenseverdier for industri med heilkontinuerleg drift i retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, men med følgjande spesifisering for støy i ulike periodar av døgnet:

a. $L_{day} \leq 50$ dB

b. $L_{evening} \leq 45$ dB

c. $L_{night} \leq 40$ dB

Seinast ved søknad om igangsetjing må det dokumenterast at støy frå bedrifta tilfredsstiller grenseverdier.

Støvnivå frå IND skal tilfredsstillere grenseverdier gitt i retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520.

Biogassanlegget er ikkje eit energianlegg som er av nasjonal verdi, med omsyn til energisikkerheit. Det blir derfor ikkje vurdert som eit terror-/krigs objekt.

1.2.25 Karin Markhus og Tormod Markhus, mottatt 29.01.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Me viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 23.10.25. Som berørte naboar og innbyggjarar i Ølen ønsker me å komme med ei uttale.

Me er sterkt kritisk til ei etablering av biogassanlegg så nær Ølen sentrum og bustadområde. Dette på grunn av fare for lukt, auke i tungtrafikk og fare for støy. Erfaringar frå andre stader viser at dette kan bli eit problem.

Me håpar at planane blir stoppa og plassering blir vurdert på nytt.»

Forslagsstillars kommentar:

Biogassanlegget skal ikkje gje nemneverdig påverknad på omgjevnadane. Planføresegner setter krav til støy og lukt høve til grenseverdiar satt i eigne veileiderar. Planføresegner sikrar avbøtande tiltak for støy, lukt og forureining. Veganlegget er dimensjonert for den marginale trafikkauke som følgje av planendringa.

1.2.26 Kåre Heggebø og Karin F Heggebø, mottatt 31.01.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Me, Kåre Heggebø og Karin F Heggebø er naboar og grunneigerar på Nerheim og vil derfor benytte denne muligheten til å komme med våre sterke innvendingar og bekymringar angående det planlagte biogassanlegget på Nerheim. Ei verksemd av denne typen bør absolutt ikkje plasserast så sentrumsnært som det her blir lagt opp til.

Det blir fra tilnærma ei samla bygd uttrykt bekymring for kva ei slik etablering vil gjere med Ølen i framtida. Dersom luktutfordringane blir som svært mange fryktar og som er verkeleggheta på andre tilsvarande anlegg, vil ikkje dette være forenligt med eit godt bumiljø. Dette vil bli ei stor og negativ belastning for oss naboar, men også ei stor utfordring for politikeranes mål om å utvikle Ølen til eit regionsentrum dersom det i framtida er «Biogasslukta» Ølen blir mest kjent for.

Eit anna moment som er til sterk bekymring er trafikkutfordringane dette anlegget vil skape. Dette verkar det som både administrasjon og politikerar i kommunen tar svært lett på. Det er opplyst om at der vil være 80-90 daglige transporter til og fra anlegget på Nerheim. Dette vil då innebera 20 000 TRANSPORTAR ÅRLIG sentrumsnært i Ølen av store trailerar. Det framstår som galskap å gå inn for noko slikt med opne auge.

Me håpar at dei styrande i kommunen tar våre sterke bekymringar på alvor, og finn ein annan lokalitet for dette anlegget. Me har som dei fleste andre i kommunen ingenting imot biogassanlegget, det handlar utelukkande om plasseringa.

VIS KLOSKAP OG FINN EI ANNA PLASSERING.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknadar i pkt. 1.2.18, 1.2.20 og 1.2.21.

1.2.27 Lars A. Økland, mottatt 04.02.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Underteikna viser til offentlege uttalelser frå ordføraren i Vindafjord kommune, gitt i radio og fjernsyn, der det blir uttalt at prosessen med biogassanlegget er kome for langt til at lokalisering kan endrast. Desse uttalelsane er gitt medan reguleringsplanen/ending ligg ute til høyring. Uttalelsane kom i forbindelse med folkemøtet holdt 21. januar 2026.

Slike uttalelser er eigna til å skape tvil om høyringa er reell, og om innkomne merknader faktisk kan få betydning for den vidare behandlinga av saka. Når politisk leiing på førehand gir uttrykk for at sentrale spørsmål allereie er avklara, kan dette innebere førehandsbinding og saksbehandlingsfeil, i strid med plan- og bygningslova sitt krav om åpen og forsvarleg prosess.

Underteikna meiner dette må tilleggjast vekt i den vidare vurderinga av saka, og at kommunen særskilt må dokumentere at planforslaget er vurdert ope og utan førehandskonklusjon, og at høyringsinnspela faktisk er tillagt reell vekt.

På denne bakgrunn meiner underteikna at kommunen har plikt til å vurdere ordførarens habilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd før vidare politisk behandling av saka. Dette for å sikre tillit til at saka blir handsama ope, upartisk og i tråd med lovverket.»

Forslagsstillars kommentar:

Kommunen vurderer.

1.2.28 Margitt og Svein Bjarne Kile Slåke, mottatt 20.01.2026

Ein del av merknaaden er unntatt offentlegheit, og er difor sladda. Merknaaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Merknadar til høyringa: Nerheim næringsområde – planendring Bråtet, 16.1.26

- *Vi har ikkje fått informasjon om planane for industriområdet på Nerheim og planane om å etablere eit biogass-anlegg før vi blei invitert til eit møte saman med nokon av naboane 13.1.26. Vi abonnerer ikkje på «Grannar» eller «Haugesunds avis» og vi er i høgaste grad berørte naboar til dette tenkte biogassanlegget og næringsområdet på Nerheim. Vi kan ifrå tomte vår sjå store delar av det tenkte biogassanlegget dersom det blir realisert og næringsområdet. Vi hadde sett pris på å få skriftleg informasjon på eit tidlegare tidspunkt.*
- *Biogass er ikkje av typen lettare industri som ein kunne forvente på eit næringsområde så tett plassert i høve til eit sentrum/bustadar. **Vi ønsker inga endring i planane for kva type næring som kan etablere seg på næringsområdet på Nerheim. Vi ønsker ingen industri (som eit biogassanlegg) på næringsområdet. Næring/lettare industri meiner vi framleis skal stå i reguleringsvedtaket for næringsområdet på Nerheim.***
- **Friluftsliv :**
Skuleelevar og andre nyttar dette området, og det må gjerast avbøtande tiltak for at gåande og syklande kan ferdast trygt i området. Mange nyttar området (vegane Njordvegen, Heiabøvegen, gang- og sykkelstien frå trafostasjonen ved Garpestad og til Øklandskryssset og traktorvegar i området) som turområde.
- **Lydforureining :**
I planane er det noko fokus på lydforureining. Det vil generere auka trafikk av store køyretøy i samband med eit næringsområde. Veggen frå fylkesvegen 514, Njordvegen, til næringsområdet er ikkje dimensjonert for denne trafikkauken som er lagt fram i planane. Eiodalen er starten på dalen og vi som bur på Sandeidvegen 212 høyrer når køyretøy kjem opp bakken. Tunge køyretøy genererer mykje støy og er dei tunge lasta, svært mykje støy, spesielt når vi har nordleg vindretning. Og det har vi ofte... ein auke av store køyretøy på fylkesveg 415 som skal til næringsområdet på Nerheim betyr auka trafikk på veggen tett ved bustadhuset vårt – og auka støy tett ved eigendommen vår. Trafikk er verken lydlaust eller utan lukt.
- *Industriområdet er ei stor plan flate som er bygd opp. Det er ikkje noko som stoppar lyd mot vår eigendom. Ikkje fjell eller berg. Vegetasjon stoppar lite lyd. Lydbølgene spreier seg som ringar i vatn til dei møter ei hindring og pga hindringa blir pressa til å endre retning. Vi reknar det som sjølvsgatt at industriområdet set opp typegodkjende støyskjermar for å minske lydforureining til naboar (nord, sør og aust). Det nyttar ikkje å sette opp ein tujahekk eller å plante nokon tre. Det er ikkje godt nok. [REDACTED] Vil tipse om lydsjermiminga som er sett opp ved innfartsvegen til Moa ved Ålesund, dei er effektive og ser estetisk fine ut. Alternativ er jordvoll, men jordvoll tek meir areal/kvadratmeter enn støyskjermar av næringsarealet.*

- *Dei strenge støykrava må ikkje gjelde berre sør og aust for industriområdet, dei må gjelde også nord for industriområdet – i retning Sandeid og oss.*
- **Lysforureining :**
Lysforureining må begrensa ved redusert lysbruk natt og helg. Lys treng ikkje stå på om nettene og helgene når det ikkje skjer arbeid på næringsområdet. Det er unødvendig straumbruk og forstyrrende for dei som vil sove. Utelys må vinklart slik at dei lyser vekk frå bygningar som ikkje ligg inne på næringsområdet.
- **Luktforureining :**
 - *Biogass opplyste på møtet 13.1.26 at substratet dei vil nytte er dyregjødsel, slakteavfall (blod, tarmar og feitt som er ganske ferskt), ensilasje (fisk) og husholdningsavfall frå HIM.*
 - *Ensilasjen er vel kanskje utan syre sidan det skal råtne og danne gass ? Utan syre vil det bli raskt lukt, spesielt vår, sommar og haust. Ensilasje med syre har lite lukt. Ensilasje er malt fisk og fiskeavfall, og det blir brukt i dag til å produsere bl.a. fiskemjøl og fiskeolje til dyrefor. Ved uheldige forhold kan spesielt fiskeensilasje produsere hydrogensulfid (H₂S) og metan. Dette utgjør ein eksplosjons- og forgiftningsfare. Hydrogensulfid er ein tung gass som legg seg som eit teppe og stig ikkje opp slik som metangass gjer. Ved oppdrettsanlegg er det strengt forbode med opne flammer i nærleiken av tankane der ensilasjen blir oppbevart. Det blei opplyst på møtet 13.1.26 at biogassanlegget vil ha sikkerheitsflamme som skal brenne kontinuerleg med tanke på oppbevaring av metangass og trykk. Dette er sers farleg både ved open flamme og ved statisk elektrisitet (uvêr). Vi ønsker ikkje at Hydrogensulfid skal produserast i nærleiken av vår eigendom sidan det er ein kvelande gass (dødleg).*
 - *Det blei også opplyst at det skal produserast karbondioksid CO₂ ved anlegget. Det er den gassen som blir nytta bl.a. i mange brannslukningsapparat. Den eignar seg til å slukke brann sidan den legg seg som eit teppe over flamme og kveler på det viset flammen ved å fortrenge oksygenet. Kva sikkerheit har vi for at karbondioksidproduksjonen ikkje vil ha lekasje ?*
 - *I vår husstand blir ikkje matavfallet levert kvar 14.dag sidan dunken oftast har lite innhald. Ved gode temperaturar vår, sommar og haust luktar det av matavfallet og dunken, og det luktar når HIM sine bilar tek imot husholdningsavfallet vårt. Sjøppel blir levert vanlegvis kvar 14.dag. Det luktar i grunnen av bilane. Det blir lite trivlegt for naboar til industriområdet å få transport av matavfall så tett på.*
 - *Slakteavfall luktar ikkje mykje akkurat når du slaktar dyret. Men det luktar mykje etter berre kort tid og spesielt blod luktar ille raskt – vår, sommar og haust når temperaturen kryp oppover kan blod og anna slakteavfall lukte svært ille etter kort tid. Kven er det som definerer kva «ferskt slakteavfall» er? Er det når containaren er full at containaren blir tømt eller er det når det har gått t.d ein time? Kjem det til å bli køyrd halvfulle containerar frå Fatland og Nortura til det tenkte biogassanlegget? Det vil då minske luktfaren, men auke transportkostnadane. Vi vil påstå at Nortura, Fatland og eit eventuelt biogassanlegg har som mål å tjene mest mogleg kroner.*
 - **Recul** som har utarbeida rapporten om lukt for Biogass avslutta rapporten sin med «lave luktslipp til omgivelsene». **Dei skriv i rapporten sin at det blir lukt. Mengda av lukt blir avgjort av kor vellykka avbøtande tiltaka blir.... og om det skjer uforutsette hendingar.**
 - *Substratsamansetninga som det tenkte Biogassanlegget på Nerheim vil nytte seg av har ingen andre biogassanlegg å samanlikne seg med i Europa. Dette sidan ingen*

andre anlegg har lik substratsamansetning eller likt volum som anlegget det er ønske om å byggje på Nerheim. **På møtet 13.1.26 kunne ikkje eigarane av biogassanlegget garantere at anlegget blir luktfritt.** Alt som har med svovel, fisk og slakteavfall kan gje mykje vond lukt.

- «Luktkartet» som vi fekk sjå på møtet 13.1.26 stiller vi oss skeptiske til om er korrekt. Vi veit alle som bur i området korleis lukt spreier seg. Det opplever vi kvar gong bøndene spreier dyregjødsel på markane sine i området. Men det er ei anna setting – gardane har alltid vore her og gjødsellukta veit vi vil forsvinne i løpet av få dagar eller ved neste regnskyll. Eit biogassanlegg er noko heilt anna – der risikerer og fryktar vi ubehageleg lukt konstant heile året. Vi har mykje nordavind i Ølen og då kjem ei eventuell lukt ved industriområdet og frå bilar og av substrat til å spreie seg langs heile dalføret i retning Sandeid. Likeså ved sørleg vind : då vil all lukt gå ned til sentrum med sine skular, barnehage, sjukeheim, butikkar, rådhus og bustadar. Vi ser det som sannsynleg at transport av substrat til eit eventuelt biogassanlegg vil spreie lukt av substratet til og frå biogassanlegget. Det er sers vanskeleg å ha alt hermetisk lukka og reint heile tida.

- **Verditap på eigendom og redusert livskvalitet :**

Verditap av eigendom og tapt livskvalitet er noko vi fryktar vil bli ein realitet. Kven er det som løyser ut verditap av eigendom og betrar livskvaliteten vår dersom det verst tenkjelege skulle skje med lukt-, lys- og støyforureining ? Vil kommunen og skattevesenet sette ned eigendomsverdien og dermed eigendomsskatten om det blir så ille som vi fryktar ? Ved sal av eigendom er sjansane store for at eigendommene blir verdsatt lavare med eit biogassanlegg i nærleiken enn i område utan biogassanlegg. Vil biogassanlegget erstatte tapte verdiar ved luktplager og vil dei som etablerer næring på industriområdet betale kompensasjon pga støy etter kor mange store køyretøy dei nyttar innad i industriområdet og til/ frå industriområdet ? Ved gjennomføring av byggetrinn 1 – 2 og 3 vil støy og trafikk auke mykje i høve til trafikken som er i dag. Vil verkeleg kommunen satse på at alt vil gå bra kvar dag, veke etter veke, år etter år ved å plassere eit biogassanlegg så nær busetnad for å tjene eit ukjent beløp? Og må ikkje kommunen belage seg på lavare inntekter frå eigendomsskatt dersom det blir luktplager pga eit biogassanlegg som vil ta imot bl.a. ensilasje og slakteavfall? Eigendommene i eit stort område vil synke i verdi dersom det blir eit luktplageproblem. Det blir ikkje auka bulyst om eit område får dårleg ord på seg med tanke på lukt og støy, og det vil ikkje betre folkehelsa dersom folk held seg inne for å sleppe lukt og lyd istadenfor å gå seg ein tur i den flotte naturen som vi har i nærområdet. Det vil ikkje freiste å sola seg i hagen eller spela fotball på stadion dersom det luktar. Og turistane stoppar ikkje ein stad dei føler at det luktar ubehageleg.

- **Vatn og vassforbruk :**

På møtet 13.1.26 blei det informert om vasking av kontainerar i lukka system inne i biogassanlegget for å hindre/minske lukt. Dette vil kreve mykje vatn dersom alt som transporterer substrat til og frå det tenkte biogassanlegget skal vere fritt for alt som kan lukte når dei køyrer/ blir frakta vekk frå næringsområdet. Vil dette store vassforbruket påvirke oss som har abonnement hos Ølen Vassverk? Har Ølen Vassverk nok tilgang på vatn? Skal vatnet reinsast og brukast opp att for å redusere på vassforbruket? Og kvar skal det brukte vatnet ha sin endestasjon – luktfritt og

reint sjølvsagt.... ?

- **Beredskap :**

Det er naturleg å etterlyse planar for beredskap i høve sabotasje og krig slik situasjonen er i dag, både i Europa og i andre verdensdelar, med krig, sabotasje og truslar. Eit biogassanlegg er eit sers aktuelt mål for terror og sabotasje pga energiproduksjon. Ølen er frå før eit aktuelt mål for terror med tanke på både at Ølen er eit trafikknutepunkt, trafostasjonen og at både Fatland som stor matprodusent og Westcon som stort verft ligg i området. Eit biogassanlegg vil auke sjansen for sabotasjeaksjonar i vårt område. Kva beredskapsplanar har kommunen og Biovind med tanke på terror, krig og sabotasje?

- **Trafikkavvikling :**

Det er per i dag problem med trafikkavviklinga i krysset mellom E134 og FV514 (Sandeidvegen) + ved utkøyringa til/frå Ølen Torg og i krysset mellom FV514 og Njordvegen. Områda er uoversiktelege og avstandane mellom dei ulike utkøyringane korte. Ved etablering av eit biogassanlegg på Nerheim næringsområde vil talet på store køyretøy auke og IKKJE lette trafikksituasjonane i Eiodalen, men gjere den verre.

- **Reguleringsplanen :**

Det var med sjokk å lese reguleringsplanen for næringsområdet på Nerheim. Det vil verkeleg vise att på lang avstand dersom alle planar blir gjennomført. Vi er seint ute med å reagere, men vi brukar ikkje å sjekke dei kommunale sidene på nettet og lese og oppdage det politikkarane i kommunen vedtek. Og ikkje har vi fått noko informasjon, sjølv om vi reknar oss som ein berørt part, ifrå kommunen i postkassa/på mail heller. Det at bygningane på næringsområdet kan vere opptil 15 meter høge - og at i spesielle høver er det anledning til å sette opp bygg/konstruksjonar på opptil 26 meter var eit sjokk å lese. Vi håpar verkeleg at det kjem inn i reguleringsplanen, dersom den blir endra, at dei som set opp bygningar og instalasjonar på næringsområdet ikkje nyttar seg av blanke overflater, men nyttar mest mogleg dempa fargeval på ytterflatene for å tone ned det ruvande inntrykket som desse bygga/instalasjonane vil gi pga høgda si. Det vil også bli heftig for bebuarar i området og langs vegen med så mykje lys kveld og natt som det er lagt opp til for både 2- og 4- beinte. Nattesøvn er viktig.

- Det er ikkje lurt at eigar av ei bedrift skal ha alt ansvar for å sjekke at alt er i orden ved si eiga bedrift når det kjem til ei bedrift som kan skape lukt- og støyforureining. Det bør vere eksterne partar som har faste kontrollar og umelde kontrollar av bedrifta. Lysforureining reknar vi som sjølvsagt at det blir kontrollert når bygningar og instalasjonar søkjer om ferdigattest frå kommunen – og kommunen kjem for å sjekke at alt er etter reguleringsplanen sine begrensingar og etter planar som kommunen har godtkjent i byggesøknaden. Det bør også vere ein uavhengig instans som sjekkar at alle prosedyrer er følgde og at alt er som det skal vere dersom det kjem ei klage.

Vi er sterkt imot at reguleringsplanen for næringsområdet på Nerheim endrar ordlyden, så mange år etter at den blei vedteken, frå næring/lettare industri til industri. Vi vil ikkje ha eit biogassanlegg nær vår eigendom.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknadar i pkt. 1.2.18, 1.2.20 og 1.2.21.

Når det gjeld H₂S gass visast det til *Teknisk notat* av NOKON dat. 20.02.26. Det vil kunn bli nytta små fraksjonar av denne gassen, det blir ikkje lagt opp til lagring. Utslepp av H₂S vil normalt innebere langt større utslepp av biogass. Dette vil ofte kunne være noko som blir fanga opp gjennom gassdeteksjon, eller andre prosessregulerings og -sikringstiltak.

Varsling av planarbeidet er gjort i tråd med plan- og bygningsloven (PBL) § 12-8 med brev til næraste naboar og annonsering i avis og på kommunens nettside. I tillegg er det avhalde eit folkemøte, jf. PBL § 5-1.

Biogass er ikkje definert som *lettare industri* og det er difor arbeidet med planendringa er igangsett for å sikra tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for formål *industri*.

Det er gjort avbøtande tiltak sikra i planføresegna slik at trafikktryggleiken for mjuke trafikantar er vareteke, pkt. 3.3.1 frå tredje avsnitt:

Kryss FV 514 Sandeidvegen x Njordvegen skal utformast slik at «annan veggrunn» blir overkøyrbart areal som gir framkommelegheit for tunge køyretøy. Det skal utbetrast kryss mellom FV 514 og Njordvegen. Dette omfattar skilting, belysning, fortau, kryssingspunkt og busslommer med leskur i høve godkjente tekniske planar.

Alle tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal ha teknisk utforming i samsvar med krava i gjeldande handbok N100 «Veg- og gateutforming». Tekniske teikningar for alle tiltak som berører fylkesvegnettet skal sendast til vegstyresmakta for gjennomsyn. Teikningsgrunnlaget skal vera i samsvar med handbok R700.

I samband med gjennomsyn av dei tekniske planane skal det bli avklart om det er behov for ein gjennomføringsavtale for tiltaka. Ein eventuell gjennomføringsavtale skal vera inngått med Rogaland fylkeskommune før byggjeart.

Rekkjefølgjeføresegnene, pkt. 6.3 første og siste punkt:

Før bruksløyve til nye tiltak kan gis:

- skal tryggingstiltak knytt til FV514 og Njordvegen opparbeidast med fortau, kryssingspunkt, lyssetting og skilting i samsvar med reguleringsplan og teknisk plan godkjent av vegeigarane.

...

Før bruksløyve til nye arbeidsplassintensive verksemdar kan gis:

- skal kollektivanlegg inkl. leskur i høve godkjente tekniske planar vere opparbeidd og godkjend av Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune.

Det etablerast mykje lys ved biogassanlegg, hovudsakeleg av sikkerheitsmessige og operasjonelle årsaker, for å sikre drift og forhindra ulukker.

Ølen Vassverk har bekrefta tilgang på tilstrekkeleg mengd vatn. Spillvatn blir ført til offentleg reinseanlegg.

Biogassanlegget er ikkje eit energianlegg som er av nasjonal verdi, med omsyn til energisikkerheit. Det blir derfor ikkje vurdert som eit terror-/krigs objekt.

Krysset i sentrum er utbeta i seinare år. Samstundes blir trafikken til og frå planområdet fordelt utover dagen. Gjer også merksam på at ikkje all trafikk til og frå biogassanlegget vil gå gjennom Ølen sentrum, men vil også gå via Sandeid.

Landskapsomsyn og fjernverknad er vareteke i dagens gjeldande plan og blir vidareført ved endringa. Jf. pkt. 2.6 som seier;

Bygg og andre innretningar si landskapstilpassing (både nær- og fjernverknad i form av illustrasjonar og perspektivteikningar) skal dokumenterast i byggesøknaden. I tilknytning til etablering av bygg skal det vere opparbeidd grøntareal med beplanting. Så langt råd er skal ein søke å unngå skjeringar og fyllingar. Der dette likevel blir naudsynt, skal ein nytte avbøtande tiltak i form av vegetasjon og/eller plassering av bygg.

Statsforvaltaren har ansvar for verksemder og tiltak som regional forureiningsmynde.

Statsforvaltaren kan gir løyver, førar tilsyn og handtere saker som gjelder luftforureining, støy, avfall, gjenvinning, samt forureining av vann og grunn.

1.2.29 Maria Kristin Garatun, mottatt 05.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 23.10.2025. Som innbyggjar i bygda Ølen, og ein av dei berørte naboane, vil eg kome med ein merknad til kommunen.

Eg har fleire bekymringar vedrørande saka. Stiller meg sterkt kritisk til etablering av tung industri, i dette tilfellet, eit av Noregs største Biogassanlegg på Nerheim næringsområde. Næringsområdet sin lokalisering er for tett på bebyggelse, nabolag og sentrum til at det er forsvarleg å bygge eit så stort anlegg som er planlagt.

Bekymringa er særleg knytta til luktspreding og forureining, tidlegare hendingar og kunnskap om kva råstoff som skal behandlast og fraktast legg grunnlaget for bekymringa. Grunna plasseringa og værforhald så tett på hus, heim, nabolag, natur og sentrum, er det ein reell frykt blant innbyggjerande, og det vil gi direkte konsekvensar i dagleglivet. For det andre er bekymringane knytta til auke i trafikk, som vil kunne forårsake støy og støv, samt auka sannsynlegheit for trafikkork på dagleg basis og trafikkulykker. Kommunen har eit ansvar for å legge tilrette for forsvarleg infrastruktur, og eventuelt støyyegg. Det er også ei bekymring knytta til fare for ei større ulukke.

Derfor er plasseringa uforsvarleg.

Eg er ikkje åleine om bekymringane då det både på dialogmøte, og folkemøtet på Sjøperlo (21.01.26) var tydeleg kva mine medinnbyggjarar i Ølen synest. Me deler alle dei same bekymringane. Eit biogassanlegg i denne storleiken, midt i Ølen sentrum, vil kunne påverke kvardag, helsa, bustadspisar og trivsel til naboar i notid og framtid.

Det er uforsvarleg av Vindafjord kommune å ikkje revurdere lokalisering.

Kommunen må stillast ansvarleg når det gjeld ivaretaking av innbyggjarane sine, den flotte naturen og det levande lokalsamfunnet, som skal utviklast, ikkje begrenast.

Ber derfor om at planendringa blir stoppa, og at det ikkje blir opna for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde!»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknadar i pkt. 1.2.18, 1.2.20 og 1.2.21.

1.2.30 Mona Opheim, mottatt 05.02.2026

Innsender har sendt inn 3 merknadar, 2 merknadar er referert i pkt. 1.2.2.67 og 1.2.3.2. Merknadane følger i si heilskap vedlagd. Under blir den tredje merknaden gitt att:

«Som eigar av eigedom i umiddelbar nærleik til det planlagde anlegget er me særleg uroa for konsekvensane dette vil få for bumiljø, livskvalitet og eigedomsvardi. Erfaringar frå andre biogassanlegg i Noreg viser at luktplager ofte blir meir omfattande og langvarige enn førespegla, og at lukt kan spreie seg over store avstandar – særleg ved driftsavvik, vedlikehald, tømning og transport av råstoff og biorest. I tillegg kjem støy og sjenanse frå tung anleggstrafikk til og frå området, også utanfor ordinær arbeidstid. Dette samla belastningsbiletet vil etter vårt syn kunne føre til betydeleg verdiforringing av eigedomar i nærområdet, og i verste fall gjere dei vanskelege eller umoglege å selje. Me ber kommunen klargjere kven som i så fall skal stå ansvarleg for økonomisk tap ved verdifall ved sal, og kva rettar eigarar har dersom eigedom ikkje let seg omsetje i marknaden som følge av lukt, støy og plassering av anlegget. Vidare ber me om ei vurdering av om kommunen meiner det er rimeleg at privatpersonar skal bere ein slik økonomisk risiko for eit industriprosjekt kommunen sjølv legg til rette for.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknadar i pkt. 1.2.18, 1.2.20 og 1.2.21.

1.2.31 Paul Økland, mottatt 12.01.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«1. Innledning og formål

Denne høringsmerknaden retter seg mot kommunens vurdering av krav til konsekvensutredning (KU) i forbindelse med reguleringsendring for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde. Merknaden tar særlig for seg kommunens fremgangsmåte og rettsanvendelse ved vurdering av KU-plikt, og anfører at planendringen ikke kan fremmes eller vedtas uten at det gjennomføres full konsekvensutredning med planprogram, jf. plan- og bygningsloven (pbl.) kapittel 4 og forskrift om konsekvensutredninger (KU-forskriften).

2. Rettslig utgangspunkt

*Formålet med KU-forskriften er å sikre at vesentlige virkninger for miljø og samfunn blir identifisert, utredet og vektlagt **før planvedtak treffes**, jf. KU-forskriften § 1. Dette er et grunnleggende rettssikkerhets- og demokratihensyn, som også følger av EUs EIA-direktiv og fast forvaltningspraksis.*

KU-vurderingen skal skje tidlig i planprosessen, og før det tas stilling til om planen kan fremmes eller vedtas. Konsekvensutredning kan ikke erstattes av etterfølgende utredninger i sektorlovgivning eller gjennom vilkår i senere tillatelser.

3. Feil rettslig tilnærming i kommunens KU-vurdering

*Kommunedirektøren legger til grunn at fordi biogassanlegg ikke er eksplisitt nevnt i vedlegg I eller II til KU-forskriften, faller tiltaket utenfor KU-plikt. Dette er **en uriktig rettsforståelse**.*

KU-forskriften bygger ikke på en uttømmende liste over navngitte anleggstyper. Avgjørende er tiltakets art, omfang, lokalisering og potensielle virkninger, jf. §§ 8 og 10.

Vurderingsplikten etter § 8 kommer fullt ut til anvendelse her. Det konkrete tiltaket som angår biogassanlegg med kapasitet for mottak av 226 000 tonn substrat har ikke vært konsekvensutredet tidligere.

4. Vurderingen etter KU-forskriften § 6 og vedlegg I

Kommunedirektøren avviser anvendelsen av vedlegg I punkt 10 (avfallsanlegg) under henvisning til at biogass er biologisk behandling (D8) og ikke kjemisk behandling (D9). Selv om denne avgrensningen kan diskuteres, er det avgjørende poenget at:

- *Avvisning av vedlegg I fritar ikke kommunen fra å vurdere KU-plikt etter §§ 8 og 10.*
- *Statsforvalteren har eksplisitt bedt kommunen foreta en ny og reell vurdering av KU-plikt, noe som forutsetter en bredere analyse enn den som er gjort.*

Kommunens behandling stopper i realiteten ved § 6, i strid med forskriftens system.

5. Feil anvendelse av KU-forskriften § 8 og vedlegg II

Biogassanlegget omfatter:

- *behandling av inntil 226 000 tonn avfall/biomasse per år,*
- *produksjon og lagring av gass (biometan),*
- *industriell virksomhet med potensial for forurensning (lukt, støy, utslipp),*

- *betydelig transport av tungtrafikk,*
- *lokalisering i umiddelbar nærhet til boligområder, landbruk og vassdrag.*

Tiltaket ligger dermed innenfor virkeområdet for vedlegg II, enten direkte etter relevante punkter eller i kraft av sin art, omfang og virkninger, jf. forskriftens system og § 8.

Kommunen avviser KU-plikt under henvisning til at gasslagringen er under tersklene i storulykkeforskriften. Dette er rettslig feil:

- *KU-forskriften er uavhengig av storulykkeforskriften.*
- *At et tiltak ikke utløser storulykkeplikt, betyr ikke at det ikke kan få vesentlige virkninger etter KU-forskriften.*

6. Mangelfull og urettmessig § 10-vurdering

*Kommunens vurdering etter § 10 er i hovedsak basert på **udokumenterte påstander**, ikke på reelle analyser.*

Planområdet ligger ca. 1 km fra Ølen sentrum og i nærhet til boligbebyggelse.

Dette er et sentralt moment etter § 10, som ikke er reelt vurdert.

*Det er ikke foretatt noen vurdering av **samlet belastning**, herunder eksisterende næringsvirksomhet, trafikk, luktbakgrunn og sårbarhet i området, jf. § 10 tredje ledd.*

Gjennomgående vises det til at forhold skal håndteres i senere prosesser etter forurensningsloven eller brann- og eksplosjonsvernloven. Dette er i strid med KU-regelverket.

*Planfasen skal avklare **om tiltaket kan lokaliseres her**, ikke bare hvordan det eventuelt kan reguleres i drift.*

7. Manglende uavhengighet og etterprøvbarehet i «KU – lukt»

Det reises alvorlige spørsmål ved uavhengigheten og etterprøvbareheten i det kunnskapsgrunnlaget kommunen legger til grunn for planendringen, særlig knyttet til såkalt «KU – lukt».

Det fremgår av dokumentene at Recul AS først har utarbeidet en konsekvensutredning for lukt, datert 03.12.2025. Kort tid etter har Teknaconsult AS utarbeidet en rapport som omtales som en “uavhengig” KU-vurdering, datert 04.12.2025. Det bemerkes imidlertid at Teknaconsult i sin rapport eksplisitt oppgir Reculs KU som kildegrunnlag, og i realiteten bygger sine vurderinger direkte på samme forutsetninger, beregninger og konklusjoner.

Dette innebærer at det ikke foreligger to selvstendige, uavhengige vurderinger, men snarere én og samme faglige vurdering som er reproduisert og bekreftet av en annen konsulent, uten selvstendig metodisk kontroll eller alternativ faglig tilnærming. En slik fremgangsmåte reiser alvorlige spørsmål ved oppfyllelsen av grunnleggende krav til objektivitet, transparens og etterprøvbarehet og forvaltningsrettslige prinsipper om forsvarlig saksutredning.

Når begge rapportene i tillegg er bestilt og betalt av tiltakshaver, uten at kommunen har sørget for reell uavhengig kvalitetssikring, svekkes tilliten til at konsekvensene er tilstrekkelig og nøytralt belyst. Dette er særlig alvorlig når lukt nettopp fremheves som det mest omstridte og konfliktfylte temaet i saken.

8. Manglende utredning av reelle alternativer

Videre konstateres det at verken Reculs eller Teknaconsults utredninger inneholder en reell vurdering av **alternative lokaliseringer** for biogassanlegget. De såkalte «alternativene» som er vurdert, begrenser seg til ulike tekniske løsninger innenfor samme tomt og samme planområde, herunder variasjoner i luktreduksjon og skorsteinshøyde.

Dette tilfredsstillende ikke kravene som følger av KU-forskriften §§ 19 og 21, og som uansett belyser hva som utgjør forsvarlig utredningsnivå ved vurdering av KU-plikt:

- beskrive rimelige og relevante alternativer,
- herunder alternativ lokalisering, og
- gi en begrunnet sammenligning av disse opp mot valgt løsning.

Når et tiltak av denne typen foreslås lokalisert om lag 1 km fra kommunesenter, i umiddelbar nærhet til boligområder og etablert tettsted, er spørsmålet om lokalisering i seg selv et sentralt KU-tema. At alternative plasseringer i mer avsidesliggende industri- eller havneområder ikke er vurdert, innebærer at beslutningstakerne fratras et lovpålagt sammenligningsgrunnlag.

Manglende alternativvurdering er etter fast praksis en vesentlig saksbehandlingsfeil, som i seg selv kan medføre ugyldighet.

Når:

- én og samme faglige vurdering presenteres som «uavhengig» to ganger,
- uten selvstendig metodisk kontroll,
- og uten vurdering av reelle alternative lokaliseringer,
- kan ikke kommunen anses å ha oppfylt sin utredningsplikt. Dette kommer i tillegg til de øvrige manglene ved kommunens KU-vurdering og forsterker den allerede betydelige risikoen for at et eventuelt senere planvedtak vil være beheftet med vesentlige saksbehandlingsfeil og dermed ugyldig.

9. Krav

På denne bakgrunn fremmes følgende krav:

1. Det må treffes formelt vedtak om at planendringen utløser krav om konsekvensutredning etter KU-forskriften § 8.
2. Det må utarbeides full konsekvensutredning med planprogram, jf. pbl. § 4-1 og KU-forskriften §§ 14–17.
3. KU-arbeidet må omfatte reelle alternativ, herunder alternativ lokalisering og 0-alternativet.
4. Videre behandling av reguleringsendringen må stilles i bero inntil KU-prosessen er korrekt gjennomført.

10. Avslutning

Den fremgangsmåten som er valgt Innebærer i praksis en omgåelse av KU-regelverkets system gjennom snever tolkning og oppsplitting av utredninger, i strid med både lovens formål og etablerte rettsprinsipper.

Det forutsettes at kommunen korrigerer kursen og sikrer at saken behandles i samsvar med gjeldende lovverk.»

Forslagsstillars kommentar:

Nettopp på grunn av at biogassanlegg ikkje var inkludert ved første KU er det nå komplettert med tema som kommer av eit biogassanlegg. Endringa innehald *KU-lukt, KU-sammenstilling* og støttedokumentasjon som er lagt til grunn for ROS-analysen. Her inngår mellom anna tema støy, lukt, forureining, trafikk, brann og eksplosjon.

I konsekvensutredningsforskrifta finnes det ikkje noko som heitar *uavhengig konsekvensutredning*. I forbindelse med eit reguleringsarbeid er det alltid forslagsstillar sitt ansvar å bestille uavhengige faglege utredningar frå sakkunnige firma.

1.2.32 Stian Haugland, mottatt 03.02.2026

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Jeg viser til forslag til endring av detaljregulering for del av Nerheim næringsområde, lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, med tilhøyrande planskildring, reguleringsføresegner, konsekvensutgreiingar, ROS-analyse, trafikkvurdering og merknadsvurdering.

Som innbyggjar i Vindafjord kommune ønskjer eg med dette å kome med ei formell og fagleg grunngitt motsegn til planforslaget slik det ligg føre.

*1. Manglande samsvar med kommuneplanen og Ølen si rolle som kommunesenter
Kommuneplan for Vindafjord 2024–2036 legg klare føringar for utvikling av Ølen som kommunesenter, med særleg vekt på trygge oppvekstmiljø, folkehelse, redusert miljøbelastning i tettstader og langsiktig stadutvikling.*

Etablering av eit stort, transportintensivt biogassanlegg med industriell karakter i direkte nærleik til kommunesenteret Ølen er etter mitt syn ikkje i samsvar med desse føringane.

Sjølv om planområdet er avsett til næring/industri, føreset kommuneplanen prinsippet om rett verksemd på rett stad. Biogassanlegg skil seg vesentleg frå lettare næringsverksemd gjennom omfattande tungtransport, handtering av biologisk avfall og eit risikobilete som krev særleg varsam lokalisering.

*2. Påverknad på bustadattraktivitet og strategisk tettstadsutvikling
I kommuneplanens arealdel (§ 1.5) er Ølen definert som regiondelsenter, med føringar om å styrkje sentrumsfunksjonar og publikumsretta aktivitet. Vidare er Blikragarden omtala som eit strategisk bustadområde som skal inngå i tettstadsprosjektet, med mål om god tettstadsutvikling og meir differensiert bustadutvikling i Ølen sentrum.*

Etablering av eit stort biogassanlegg med tungtransport, luktpotensial og verksemd omfatta av storulykkeforskrifta i nærleik til dette området vil etter mitt syn kunne svekke bustadattraktiviteten i Ølen, investeringsvilje i nye bustadprosjekt og den langsiktige utviklinga av Ølen som attraktivt regiondelsenter.

Planforslaget vurderer ikkje denne strategiske samanhengen tilstrekkeleg. Etter mitt syn burde det vore gjort ei eksplisitt vurdering av korleis tiltaket påverkar langsiktig bustadutvikling og stadattraktivitet.

*3. Samla belastning er ikkje tilstrekkeleg vurdert på plannivå
Planforslaget handterer konsekvensar gjennom ei tematisk oppdeling, der lukt er vurdert gjennom eiga konsekvensutgreiing, medan trafikk, støy, luftforureining og risiko er handsama gjennom ROS-analyse og separate fagrapportar.*

Etter plan- og bygningslova § 4-2 skal planbeskrivinga gjere greie for planens samla verknader og vise korleis ulike omsyn er vurdert i samanheng. Kommuneplan for Vindafjord legg tilsvarende til grunn ei heilskapleg vurdering av arealbruk, transport, miljø og folkehelse, særleg i kommunesenter.

Etter mitt syn gjer denne oppdelinga det vanskeleg å vurdere den samla belastninga planforslaget vil påføre lokalsamfunnet, og svekkar dermed grunnlaget for ei forsvarleg planfagleg og rettsleg vurdering på plannivå.

4. Risiko for trinnvis utviding og presedens

Planforslaget tek utgangspunkt i ei årleg behandlingmengde på inntil 226 000 tonn råstoff. Erfaringar frå samanliknbare biogassanlegg viser at etablering ofte skjer trinnvis, med seinare søknader om auka kapasitet kort tid etter oppstart.

Planmaterialet vurderer i liten grad korleis ei slik utvikling vil påverke samla belastning, trafikk, risiko og arealbruk over tid, særleg gitt lokaliseringa nær kommunesenteret.

5. Uklare rammer for råstoff og framtidig risiko

Formuleringar i planmaterialet om kva råstoff anlegget kan handtere er relativt opne, til dømes ved bruk av uttrykk som «mellom anna». Dette gir etter mitt syn utilstrekkeleg føreseielegheit for naboar og lokalsamfunn.

Uklare rammer for råstoff opnar for at samansetninga kan endrast over tid til meir belastande eller risikofylt materiale, utan at dette nødvendigvis utløyser ny reguleringsprosess. For eit tiltak av denne karakteren meiner eg det burde stillast presise og rettsleg bindande avgrensingar i reguleringsføresegnene.

6. Trafikk, barn og unge

Trafikkvurderinga dokumenterer at vegnettet teknisk sett har kapasitet til auka trafikk, inkludert ein vesentleg auke i tungtrafikk. Dette er likevel i hovudsak ei vegteknisk vurdering.

Kommuneplanen legg stor vekt på at barn og unge sine interesser skal prioriterast i arealplanlegging, og at trafikksikkerheit også omfattar opplevd tryggleik, ferdsel og kvalitet i nærmiljøet. Ølen har barne- og ungdomsskule i nærleiken av planområdet, og mykje av den auka tungtrafikken vil gå gjennom eller tett på område med dagleg ferdsel av barn og unge.

7. Storulykkeforskrift og krav til planavklaring

Det er opplyst at tiltaket utløyser plikter etter storulykkeforskrifta, slik Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har peikt på. Dette inneber at verksemda har eit særleg risikobilete knytt til brann, eksplosjon og alvorlege uønska hendingar.

Når eit tiltak er omfatta av storulykkeregelverket, tilseier dette etter mitt syn særleg strenge krav til lokalisering, konsekvensvurdering og planavklaring på plannivå.

8. Behov for uavhengig og heilskapleg vurderingsgrunnlag

Planforslaget byggjer i stor grad på utgreiningar som er bestilt og finansiert av tiltakshavar. Sjølv om dette er vanleg praksis, meiner eg at omfanget, risikobiletet og dei potensielt langsiktige konsekvensane av tiltaket tilseier eit særleg behov for uavhengig kvalitetssikring og heilskapleg vurdering.

Avslutning

På bakgrunn av ovanståande meiner eg at planforslaget ikkje er tilstrekkeleg forankra i kommuneplanen, ikkje oppfyller kravet til heilskapleg vurdering etter plan- og bygningslova og ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til barn, unge og Ølen si rolle som kommunesenter.

Eg ber difor om at planforslaget ikkje blir vedteke slik det ligg føre, at kravet til heilskapleg og uavhengig konsekvensvurdering blir vurdert på nytt, og at alternativ lokalisering utanfor kommunesenteret Ølen blir reelt vurdert.»

Forslagsstillars kommentar:

Planinitiativet er i tråd med kommuneplanens formål *Næringsverksemd* kode 1300. Formålet *Industri* ligg som eit underformål til dette i detaljreguleringsplan. Samstundes har Rogaland fylkeskommune som utarbeidar *Areal og transportplan for Haugalandet* i sin uttale til saka vurdert at lokaliseringa er god;

Fylkesdirektøren vurderer i utgangspunktet lokasjonen som godt eigna for eit biogassanlegg. Området er sett av til industri, og det er få bustadar som nære naboar.

Om biogassanlegget blir eller ikkje blir definert som storulykkebedrift, vil det ikkje ha innverknad på krav til planmateriale så lenge anlegget ikkje gir arealmessege avgrensingar på naboeigedomar. Forskjellen er oppfølginga frå DSB, om anlegget skulle definerast som ein storulukke bedrift blir oppfølging frå DSB mykje tettare og dokumentasjonskrava strengare. Fortsett skal ein halda seg til det som er satt i planføresegner pkt. 3.1.1 siste avsnitt under formålet IND;

DSB sin temarettleiar Temaveiledning om tilvirkning og behandling av farlig stoff, kapittel 2 Biogassanlegg, skal leggjast til grunn for sikkerheitstiltak for biogassanlegg. For sikkerheitsavstandar er tabell pkt. 15.7 Sikkerhetsavstander i temarettleiar veileidande;

Anleggsdel	Avstand til nærliggende objekt	Anmerkning
Fyringsanlegg/generatorrom	6-10 m	
Gassbeholder/gassklokke/gassflasker	15-30 m	Avhengig av volum og trykk. (15 m for 50 m ³ gassklokke)
Gassfakkel	6-20 m	Avhengig av fakkelenes høyde
Råtnetank	10-20 m	
Avlastningsflater	6-10 m	Avstand fra avlastningsflaten (utvendig)
Gassrørledning, nedgravd eller over grunn	2 m	Til hver side
Gassbrønner	3 m	
Drenskummer	3 m	

Anlegget skal godkjennast av Statsforvaltaren som forureiningsmynde. Denne godkjenninga tar føre seg dei ulike tema som er belyst i KU, ROS og anna støttedokumentasjon i saka. Her blir samla belastning vurdert og handtert i høve retningslinjer/veileidarar for dei ulike tema, før løyve blir gitt. Ein seinare utviding av anlegget krev nytt løyve frå forureiningsmynde.

Planskildringa vurderer og opplyser om dei ulike tema som potensielt kan ha verknadar for saka, slik at myndigheita får tilstrekkeleg grunnlag til å vurderer saka.

I planføresegner er det stilt rettsleg bindande forutsetningar med omsyn til lukt, støy, støv og trafikk. Trafikkvurderinga har hatt stor fokus på mjuke trafikantar, under dette barn og unge.

I konsekvensutredningsforskrifta/plan- og bygningsloven i forbindelse med planarbeid finnes det ikkje noko som heitar *uavhengige vurderingar*. I forbindelse med eit reguleringsarbeid er det alltid forslagsstillar sitt ansvar å bestille uavhengige faglege utredningar frå sakkunnige firma. Desse blir også i planprosessen vurdert av offentlege mynde som er kontrollorgan i plansamanheng.

1.2.33 Svein Morten Stene, mottatt 03.02.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Kommunen planlegger etablering av et biogassanlegg i vårt nærområde. Dette er et tiltak som i utgangspunktet kan høres positivt ut, men for oss som bor og driver virksomhet her, reiser det flere alvorlige bekymringer.

Mange frykter luktproblemer og utslipp som kan påvirke både bomiljø, helse og trivsel over tid. I tillegg kommer risiko knyttet til gass og eksplosjonsfare, noe som skaper utrygghet for både innbyggere og eksisterende virksomheter.

Anlegget vil etter det vi kjenner til gi få arbeidsplasser lokalt, samtidig som det kan gjøre området mindre attraktivt for større og mer arbeidsintensive aktører som Berge Sag som vurderer etablering i næringsfeltet. Det kan i praksis bremse videre utvikling og verdiskaping i bygda.

Når så mange innbyggere er tydelig imot dette prosjektet, bør det tas på alvor. Vi forventer at kommunen lytter til lokalsamfunnet, utreder alternative plasseringer og vurderer konsekvensene grundig før det tas en endelig beslutning. Skrotning av prosjektet er beste løsning da dette ikke er noe vi trenger i bygda basert på det som er kommet frem på andre lokasjoner.

Dette handler ikke om å være imot miljøtiltak, men om å sikre gode, trygge løsninger som også er forankret hos dem som blir direkte berørt.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknadar i pkt. 1.2.18, 1.2.20 og 1.2.21.

1.2.34 Tore Tverå, mottatt 05.02.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Eg viser til varsel om oppstart av planarbeidet som omfattar endring for del av detaljregulering for Nerheim Næringsområde PlanID 1160-15-09. Endringa er søkt utført etter plan- og bygningslova §§ 12-1 og 12-3, jf. PBL § 12-14 første ledd.

*Biovind AS søker om at reguleringsplanen for området som pr.nå. er godkjent for **lettare industri** blir omregulert til nytt formål; **industri, spesifisert for biogassanlegg**.*

Ei endring av reguleringsplan for Nerheim næringsområde vil kreve ny konsekvensutgreiing (KU) på grunn av at:

- *storulykkepotensialet har ikkje har vore vurdert tidligare. Dette biogassanlegget kjem inn under storulykkeforskriften, ref. brev frå Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap, DSB, datert 19.05.25. Ref. KU-forskriften §8, §10.d "risiko for alvorlige ulykker eller katastrofer".*
- *det er krav om KU for integrerte kjemiske installasjonar, ref. Vedlegg 1 del 6.a "Fremstilling av organiske basiskjemikalier", i forskrift om KU.*
- *det er krav om KU for avfallsanlegg som behandlar hushaldnings- og næringsavfall ved forbrenning eller kjemisk behandling med ein kapasitet på meir enn 100 tonn per dag, ref. KU-forskrift vedlegg I pkt.10. Anlegget på Nerheim overstiger 100 tonn/dag mange ganger (om lag 600 tonn/dag).*
- *det er og krav om KU i Vedlegg 2.11 i "Destruksjonsanlegg for dyreskrotter"*
- *Eit slikt fullskala prosessanlegg som dette er krever pga av størrelsen og ei KU for tilstøytande områder*

Kommunen har ikkje høve til å erstatte KU med en ROS-analyse. Dette følger direkte av forskriften § 6 første ledd. Kommunens beslutning om å unnlate KU er dermed i strid med lovverket, og må anses som en saksbehandlingsfeil.

Eg krev derfor at Biovind sin søknad om detaljregulering blir avslått då eksisterande reguleringsplan ikkje er regulert denne type industri.»

Forslagsstillars kommentar:

Om biogassanlegget blir eller ikkje blir definert som storulykkebedrift, vil det ikkje ha innverknad på krav til planmateriale så lenge anlegget ikkje gir arealmessege avgrensingar på naboeigedomar. Forskjellen er oppfølginga frå DSB, om anlegget skulle definerast som ein storulukke bedrift blir oppfølging frå DSB mykje tettare og dokumentasjonskrava strengare. Fortsett skal ein halda seg til det som er satt i planføresegner pkt. 3.1.1 siste avsnitt under formålet IND;

DSB sin temarettleiar Temaveiledning om tilvirkning og behandling av farlig stoff, kapittel 2 Biogassanlegg, skal leggjast til grunn for sikkerheitstiltak for biogassanlegg. For sikkerheitsavstandar er tabell pkt. 15.7 Sikkerhetsavstander i temarettleiar veileidande;

Anleggsdel	Avstand til nærliggende objekt	Anmerkning
Fyringsanlegg/generatorrom	6-10 m	
Gassbeholder/gassklokke/gassflasker	15-30 m	Avhengig av volum og trykk. (15 m for 50 m ³ gassklokke)
Gassfakkel	6-20 m	Avhengig av fakkelenes høyde
Råtnetank	10-20 m	
Avlastningsflater	6-10 m	Avstand fra avlastningsflaten (utvendig)
Gassrørledning, nedgravd eller over grunn	2 m	Til hver side
Gassbrønner	3 m	
Drenskummer	3 m	

Det visast til produkt som ikkje skal produserast og handterast i forbindelse med prosessen i biogassanlegget. Det skal ikkje produserast basiskjemikaliar. Anlegget er ikkje eit hushaldningsavfallsanlegg, her skal det kunn handterast matavfall. Dyreskrottar frå sjølvdøde dyr skal ikkje inn handterast i biogassanlegget.

Det føreligg KU i dagens gjeldande plan, og saman med Vindafjord kommune er det gjort ei komplettering for å dekkja inn konsekvensar som ikkje er vurdert som kjem av eit biogassanlegg. Endringa innehald *KU-lukt*, *KU-sammenstilling* og støttedokumentasjon som er lagt til grunn for ROS-analysen. Her inngår mellom anna tema støy, lukt, forureining, trafikk, brann og eksplosjon.

1.2.35 Torleif Heggebø, mottatt 06.02.2026

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Vil med dette markere og melde at eg er heilt imot planane om biogassanlegg på Nerheim. Grunngevinga for dette er grundig og godt gjort greie for i tilsvaret frå Ølen grendeutval, som eg er så heldig å vera ein del av.

Biogassanlegget har vore eit hyppig samtaletema i bygda etter at dei omfattande planane vart gjort kjende. Utfrå det som er blitt sagt i denne samanhengen er det lett å konkludere med at skepsisen og motstanden er stor blant innbyggjarane. Og for å understreke meldinga frå grendeutvalet; mange er FOR biogassanlegg, men planen om plassering på Nerheim er uakseptabel!»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar på merknad frå Ølen Grendautval i pkt. 1.1.10.

1.2.36 Øyvind Vik, mottatt 06.02.2026

Har sendt inn 3 merknadar, desse følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Eg viser til FS 104/25 (04.12.2025) om planendring Nerheim næringsområde (planid 11601509), med plankart og føresegner datert 02.12.2025.

Eg ber om retting/klargjering av følgjande manglar før vidare behandling:

1. Vegreferanse er inkonsistent

Dokumentet viser til FV 514 fleire stader, men omtalar trafikkfordeling langs FV 541. Kommunen må stadfeste korrekt fylkesveg og kva strekkingar som faktisk er vurderte (trafikk, tryggleikstiltak, rekkefølgjekrav).

2. Trafikkgrunnlag er uavklart Trafikkberekninga byggjer på "arbeidsdagar" og eit dagleg tal køyretøy/turar, samstundes som det blir antyda at transport bør leggast utanom delar av døgnet/periodar. Kommunen må klargjere:

- kva drift- og leveringsregime som er lagt til grunn (klokkeslett/kvardagar/helg),
- peak-belastning (maks time/dag), og
- kva som er bindande krav i plan (ikkje berre "bør").

3. Rekkefølgjekrav utan ansvar og finansiering

Planen omtalar/forutset tiltak for mjuke trafikantar (skilting, lys, kryssing/fortau m.m.), men seier samstundes at saka ikkje har økonomiske konsekvensar for kommunen. Kommunen må presisere kven som skal prosjektere, finansiere og gjennomføre tiltaka (tiltakshavar/kommune/fylke), og kor dette er juridisk forplikta (føresegner/utbyggingsavtale).

4. Barn og unge er ikkje vurdert på faktisk risikodrivar

Det blir hevda at planforslaget ikkje har direkte påverknad for barn og unge fordi området alt er næring. Dette er ikkje tilstrekkeleg når saka sjølv byggjer på auka tungtrafikk og behov for kryssing/fortau. Kommunen må vurdere barn og unge opp mot ferdselsårer, skuleveg og kryssingspunkt – med konkrete tiltak og rest-risiko.

5. KU/vesentleg verknad er konkludert utan etterprøvbar vurdering

Saksutgreiinga konkluderer at KU ikkje er utløyst, men viser ikkje ei konkret vurdering opp mot KU-forskrifta sine vedlegg/tersklar og samla verknad (trafikk, støy, lukt, risiko). Kommunen må leggje fram ei kort, tabellert vurdering som viser kva punkt som er vurderte og kvifor.

Eg ber om skriftleg svar på kvart punkt, og at rettingar/klargjeringar blir publiserte som del av høyringsgrunnlaget før saka går vidare.»

«Eg viser til FS 104/25 (04.12.2025) om planendring Nerheim næringsområde (planid 11601509).

Kommunen må synleggjere kva kriterium som er lagt til grunn for å endre arealformål frå næring/lett industri til industri, og dokumentere at vurderinga er forsvarleg. Slik høyringsgrunnlaget står no, framstår sentrale premisser som ufullstendig utgreidde.

Kommunen har ikkje tilstrekkelig klargjort og dokumentert:

1. *Samfunnsnytte vs ulemper: Kva konkret lokal nytte er lagt til grunn, og korleis veg dette opp mot lukt, støy, trafikk og risiko?*
2. *Lokaliseringseignaheit: Kvifor er denne lokasjonen eigna for industriformål, og kva ulemper er avklåra på plan-nivå (ikkje skyvd til seinare løyve)?*
3. *KU/vesentleg verknad: Tabellert vurdering opp mot KU-forskrifta og samla belastning.*
4. *Trafikk/barn og unge: Vurdering basert på peak og faktisk leveringsregime, inkl. skuleveg/mjuka trafikantar og bindande tiltak.*
5. *ROS/beredskap: Konkretisering av barrierar/tiltak og rest-risiko.*

På dette grunnlaget krev eg at planendringa til industriformål ikkje blir gjennomført, og at saka blir stoppa/avvist.»

«Eg viser til FS 104/25 (04.12.2025) om planendring Nerheim næringsområde (planid 11601509), med plankart og føresegner datert 02.12.2025.

Saksutgreiinga er inkonsistent om utnyttingsgrad: ho seier både at utnyttingsgrad er endra frå %BRA til %BYA, og samstundes at «tillate utnyttingsgrad er minimum 20 % BRA og maksimalt 100 % BRA». Dette må rettast og klargjerast før vidare behandling.

Eg ber kommunen:

1. *Oppgi ordrett bindande føresegner om utnyttingsgrad (paragraf/ledd) og om det er %BRA eller %BYA.*
2. *Stadfeste at saksutgreiing, plankart, føresegner og planskildring er konsistente.*
3. *Leggje ved "før-etter"/endringslogg for utnyttingsgrad og berekningsreglar.*
4. *Dersom %BYA er foreslått: vise med eitt eksempel kva dette gir i maksimal utbygging (fotavtrykk og samla volum/etasjar).*

Om utnyttingsmålet reelt er endra, må kommunen vurdere om klargjort materiale krev ny høyring/offentleg ettersyn.

Eg ber om skriftleg svar og at klargjeringa blir del av høyringsgrunnlaget.»

Forslagsstillars kommentar:

Planen omtalar fylkesveg 514, mogleg det har kome inn ein skrivefeil i eit av dokumenta.

Trafikkvurderinga er utarbeida av fagkunnig. Transport til og frå området blir spreidd ut over heile dagen. Dette skjer naturleg då anlegget har avgrensa tilgang til køyretøy, kapasitet på mottak og utlevering. Dette gjer at trafikkbelastninga i kryss E134 og fv. 514 ikkje vil bli overbelasta i dei mest sårbare tidsromma.

Planføresegner er juridisk bindande. Rekkjefølgjeføresegner sikrar at anlegga som skal vera på plass blir utført og godkjent før det blir gitt bruksløyve. Kommunen står ikkje som ansvarleg prosjekterande eller utførande med mindre dette blir særskild avtalt, noko det ikkje er i denne saka. Ein har ikkje lov å påføre planføresegner som sei kven som skal utføra rekkjefølgjekrava.

Ferdselsårer, skuleveg og kryssingspunkt er vurdert i dagens gjeldande plan. Gjeldande plan har lagt opp til ei trafikkbelastning som er betydeleg høgare enn kva eit biogassanlegg genererer.

Endringa innehald *KU-lukt*, *KU-sammenstilling* og støttedokumentasjon som er lagt til grunn for ROS-analysen. Her inngår mellom anna tema støy, lukt, forureining, trafikk, brann og eksplosjon.